Temaplan

for kulturminne

i

Foto: Gunvor Elene Thorsrud

Sør-Aurdal

Vedteke 05.09.2019

Sak 048/19

VALDRES
skjerper sansane

DEL 1 BAKGRUNN OG FØREMÅL 3
Innleiing 3
Aktuelle bruksområde for kulturminneplanen 3
Arbeidsprosess 3
Planens oppbygging 5
Verdisetjing av kulturminne 5
Verdiskaping, bruk og prioritering 5
Ansvar og roller innanfor kulturminnearbeidet 6
Program, prosjekt og registreringsoppgåver 8
Nasjonalt 8
På fylkesnivå 10
Lokalt 10
Nye registreringar 12
DEL 2 REGIONAL HISTORIKK OG PRIORITERINGAR **13**
Historia i Valdres 13
Prioriterte område for Valdres 14
Stølsdrift 14
Ferdslehistorie med vegar og skysstasjonar 16
Mellomalderkyrkjer 24
Varslingsvardane 28
DEL 3 PROSESS OG HISTORIKK I SØR-AURDAL **30**
Historia i Sør-Aurdal 30
Prosess og gjennomføring i Sør-Aurdal 31
Tidlegare registreringar 32
Digitaliserte registreringar 33
Prioriterte kulturminnegrupper i Sør-Aurdal 37
Ferdselshistorie 37
Kyrkjehistorie 38
Vassdragshistorie 39
Skogbrukshistorie 40
Husmannsplassar 42
Seterdrift 43
Krigshistorie 45
Bygningsmiljø 48
DEL 4 PRIORITERTE LOKALITETAR **49**
Prioriterte kulturminne oversiktstkart 50
1 Gamle ferdselsvegar 51
2 Kaia på Sørum 57
3 Reinli stavkyrkje 63
4 Hedalen stavkirke 68
5 Vassfaret og Vidalen 72

6 Ølnessetrin 85
7 Bagnsbergatn 37/1 85
8 Tungtvassruta 99
9 Bagn Bygdesamling 104
10 Bautahaugen Samlinger 110
11 Piltingsrud 115
12 Gjestgiverhaugen (Haugen) 37/8 119
13 Gamle Bagn (Vangen, Bagn kyrkje, Ulekyrkjetomta, prestegarden og 126
Bagnsmoen 126
14 Bagn tettstad 134
15 Nissebakkin 147
16 Varslingsvarden på Langeberget 153
17 Olavskjelda 156
18 Kjeldeknatten 158
19 Brannstasjonen på Tollefsrud 162
20 Stadnamn 168
DEL 5 OPPFØLGJING OG VIDARE ARBEID 169
Oppfølgingområde 169
LOVVERK 170
Kulturminnelova 170
Plan- og bygningslova 170
Skogbrukslova 171
Listeføring 171
Omgrep 171
TILSKOTSSORDNINGAR 173
Statlege tilskotordningar 173
Regionale tilskotsordningar 173
Kommunale tilskotsordningar 174
Private tilskotsordningar 174
DEL 6 VEDLEGG REGISTRERTE KULTURMINNE 175
KJELDER 175
..... 177

Del 1 BAKGRUNN OG FØREMÅL

Innleiing

Bakgrunn og føremål

Alle kommunane i Noreg har vore invitert av Riksantikvaren til å søkje om midlar til å utarbeide kulturminneplanar. Valdres-kommunane har søkt om kr 100 000,- kvar til arbeidet i perioden 2013–2015, med ferdigstilling 31.12.2017. Arbeidet skal i hovudsak innehalde minne innanfor ansvarsområda til kommunane, det vil seie bygningsmasse og minne frå nyare tid. Hensikta med planane er ei meir målretta og offensiv forvaltning av kulturminna i kommunen. Denne planen er ikkje vedteken politisk, men kan nyttast av kommunane til å utarbeide kommunedelplan for kulturminne i sin kommune.

Aktuelle bruksområde for kulturminneplanen

Areal- og byggesaksbehandling, der planen kan brukast:

- til prioritering/retningslinjer for byggesaksbehandling.
- som grunnlag for utvikling av tettstader
- som grunngjeving av omsynssone i juridisk bindande arealplan (kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar eller reguleringsplanar)
- som grunnlag for KU-krav, blant anna i kommuneplanen
- for å skape kjennskap til kulturminne i utbyggingsprosessar

Kopling til andre sektorar i kommunen, slik som folkehelse, oppvekst og utdanning, kultur og næringsutvikling, der planen kan brukast i samband med:

- kulturminne i undervisning eller som grunnlag for gode opplevingar
- tilrettelegging av turløyper
- engasjement i lokalsamfunn (velforeiningar, aktive eigarar osb.)
- grunnlag for lokalt næringsliv
- besøksattraktivitet
- merkevarebygging eller ramme for aktivitetar (kulturevenement, reiselivsattraksjonar osb.)
- auka lokal bevisstheit om kulturminne
- identitet og samhald

Aktiv tilskots- og økonomiforvaltning, der planen kan brukast:

- til prioritering av kulturminne ved tildeling av midlar
- som grunnlag for skattelette (redusert eigedomsskatt osb.)
- til prioriteringar ved tildeling av SMIL-midlar, søknad til kulturminnefond osb.
- til føreseieleg planlegging ved kopling til kommunens økonomiplan

Arbeidsprosess

Prosessen i kvar kommune har vore lagt opp slik at kommunen involverer aktuelle lag og ressurspersonar til å kome med innspel. Gruppene har hatt møte etter initiativ frå prosjektleiar etter kvart under arbeidet. For alle kommunane har det vore eit møte før start i samband med søknad om finansiering frå Riksantikvaren (via Oppland fylkeskommune). I søknaden skulle det visast til prioriteringar i kvar kommune. I fleire kommunar har det vore nedsett arbeidsgrupper som har definert tema som er aktuelle å kartlegge, og det har vore laga arbeidskart med koordinatfesting og

tekst om kulturminna. Alle arbeids-/manuskart er lagt inn i ein registreringstabell. Der har ein også forsøkt å legge inn minne som er registrert tidlegare.

Samstundes med at kulturminna er lagt inn i tabell, er det gjort ei verdivurdering der arbeidsgruppa og kommunen har vore med på å velje ut dei 20 viktigaste minna for kommunen. Dette er teke med i kulturminneplanen.

Stølsminne

I samband med stølsregistreringane i Valdres 2007–2010 vart det registrert om lag 1900 kulturminne i stølsområda. Dei fleste av desse er frå nyare tid. Dei er definert etter Riksantikvarens omgrep og importert inn i Innlandsgis.

Om registreringstabellen

Oppsettet av registreringstabellen er etter mal frå Riksantikvaren. Tabellen har førehandsdefinerte omgrep. I Valdres har det vore behov for nye omgrep, som til dømes leikeplassar, danseplassar osb., og vi har søkt Riksantikvaren om å få godkjent desse.

Valdres har også hatt behov for å lage ein søkbar kolonne for aktuell bruk av minnet eller informasjonen om minne. Det er gjeve kode for korleis minnet er eigna med tanke på «Lokal base 1 (kommuneplan), 2 (Outtt), 3 (skule), 4 (Temakart)».
Ferdige datasett blir importert i Innlandsgis http://geocortex2.innlandsgis.no/site_open.
Arkeologiske minne som ikkje er registrert tidlegare, skal importerast til databasen *Askeladden* https://askeladden.ra.no/Askeladden/Pages/LoginPage.aspx

Kompetanseplan for kulturminne

Kompetanseplan for kulturminnearbeidet i Valdres vart utarbeidd i forkant av utarbeiding av kulturminneplanane. Kompetanseplanen definerer ansvarsområde for alle som er involvert eller har ei rolle i kulturminnearbeidet i Valdres, når det gjeld utførte oppgåver og pågåande oppgåver/prosjekt. Vidare tek planen opp tema som bør inn i ein kulturminneplan.
Kompetanseplanen finn du på https://www.valdres.no/valdres-natur-og-kulturpark/styringsdokument og publikasjonar.



Planens oppbygging

Kvar kommune har fått sin eigen plan. Planen er delt opp i fem delar.
DEL 1: BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PLANEN
Her er innleiande kapittel som fortel om bakgrunn, roller og arbeidet med planen

DEL 2: REGIONAL HISTORIKK OG PRIORITERINGAR
I dette kapittelet går vi gjennom dei regionale prioriteringane som gjeld for alle dei seks Valdres-kommunane.

DEL 3: PROSESS OG HISTORIKK FOR KVAR EINSKILD KOMMUNE (her Sør-Aurdal)
Her går vi kort gjennom korleis kulturminnearbeidet har føregått i Sør-Aurdal.

DEL 4: PRIORITERTE KULTURMINNE
I dette kapittelet tek vi for oss dei 20 viktigaste kulturminna med forslag til oppfølgingstiltak

DEL 5: OPPFØLGING OG VIDARE ARBEID
I denne planen er det sett ei grense på 20 minne. Det betyr at det er fleire minne og tema som ikkje er tekne med. I kapittel 5 er det ei kort skisse over dei som ikkje vart med no, og korleis ein kan arbeide vidare med desse.

DEL 6: VEDLEGG TABELLAR
Tabellvedlegg og kart.

Verdisetjing av kulturminne

Minna er verdisett frå 1 til 4 der 1 er høgast og 4 er lågast. I Sør-Aurdal er det registrert til saman 8 minne med verdi 1 (nasjonalt verdifullt) og 43 minne med verdi 2 (regionalt verdifullt).

Verdiskaping, bruk og prioritering

Det er ikkje eit mål at alle minna skal vernast for bruk. Tvert om har mange minne godt av å bli nytta. Meir bruk, kjennskap og kunnskap kan føre til at alle blir meir bevisste om verdien av desse kulturminna. Vi har derfor lagt til ein kategori med kodar 1–4 for korleis minnet er eigna til ulike aktivitetar som turoppleving, undervisning, temakart og som saksgrunnlag for forvaltninga.

Figur 1. *Kongevegen over Filefjell har vore del av verdiskapingsprogramma til Riksantikvaren og Oppland fylkeskommune.*

Ansvar og roller innanfor kulturminnearbeidet



Miljøverndepartementet

Kulturminneforvaltninga har Miljøverndepartementet som øvste forvaltningsorgan, med Statens kulturminneråd som rådgjevande organ. Riksantikvaren (RA) er også eit rådgjevande organ og fagleg sekretariat innanfor kulturminneforvaltninga. Vidare har han ansvar for å setje i verk den politikken som Stortinget og regjeringa måtte bestemme, og har forvaltningsansvaret for kyrkjer frå mellomalderen.

Riksantikvaren

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgjevar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har hovudansvaret for alle kulturminne og held ved like hovudregisteret for kulturminne (Askeladden og Kulturminnesøk).

NIKU

NINA/NIKU (Norsk institutt for naturforsking og kulturminneforsking) er eit uavhengig forskings- og kompetansemiljø for norske og internasjonale kulturminne. Instituttet har ansvaret for undersøkingar i mellomalderbyane og ved kyrkjestader frå mellomalderen.

Oppland fylkeskommune
Fageininga kulturarv er kulturminnemyndigheit i Oppland fylke og har forvaltningsansvar etter kulturminnelova. Eininga har særskilt ansvar for automatisk freda minne og vedtaksfreda bygningar. Ho gjev uttaler i bygge- og plansaker og gjennomfører arkeologiske registreringar etter kulturminnelova § 9.

Dei arkeologiske forvaltningsmusea
Dei arkeologiske forvaltningsmusea (Universitetets kulturhistoriske museum, Oldsak-samlinga, Arkeologisk museum i Oslo, Historisk museum i Bergen, Vitskapsmuseet i Trondheim og Tromsø) har i tillegg til å oppbevare gjenstandar frå forhistorisk tid og mellomalder til oppgåve å behandle søknader om dispensasjon frå kulturminnelova og setje i verk utgravingar. Fram til 1990 vart alle arkeologiske registreringar arkivert på musea, men dette ansvaret vart då delegert til fylkeskommunen.

Kommunane
Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å ivareta kulturminneomsyn. Han har gjennom plan- og bygningslova ansvar for kulturminneomsyn i samband med bruk og utbygging av kommunen sitt areal.

Valdres Natur- og Kulturpark
Valdres Natur- og Kulturpark er ikkje eit ledd i forvaltinga, men koordinere en del av kulturminnearbeidet i Valdres. Arbeidet er forankra i årlege og langsiktige handlingsplaner og skal bidra til at kulturarven er forankra i merkevarebygging og verdiskaping. Valdres Natur- og Kulturpark har tilsett ein kulturkonsulent som mellom anna har utarbeida kulturminneplanane for kommunane.

Valdresmusea AS
Valdresmusea AS omfattar i dag Valdres Folkemuseum, Bautahaugen Samlinger, Bagn Bygdesamling og Gardbergfeltet. Museet er kompetansenav og formidlar av Valdres-historia og har som føremål å drive bevaring, dokumentasjon, forsking og formidling knytt til den lokale kulturarven. Valdresmusea forvaltar lokalhistoriske arkiv med blant anna folkemusikk, bilete og dokument. Museet har også ein instrumentverkstad og ein eigen bygningsvernrådgjevar som også arbeider med rådgjeving for huseigarar i Valdres. Valdresmusea har i tillegg utarbeidd tilbod innanfor Den kulturelle skulesekken.

Norsk institutt for bunad og folkedrakt og eit statleg oppnemnt fagråd, Bunad- og folkedraktrådet, er lokalisert ved Valdres Folkemuseum.

Visit Valdres
Visit Valdres er paraplyorganisasjonen for reiselivet i Valdres. Visit Valdres skal selje Valdres og marknadsføre Valdres gjennom historia og kulturminna.

Lag og foreiningar
Valdres har historielag i alle kommunar, og i nokre er det fleire lag. Valdres historielag er overordna lokallaga. Valdres historielag utgjev ei årbok med ulike tema, og dessutan ulike kartleggingsoppgåver og publikasjonar. Dei lokale historielaga har aktivitetar og temadagar, fotoarkiv og publikasjonar.

Skular
Skulane er den viktigaste formidlaren av kulturhistoria til born og unge.

Program, prosjekt og registreringsoppgåver

Nasjonalt

- **Arkeologiske og freda kulturminne.** Mange kulturminne er registrert i samband med Økonomisk kartverk og diverse tiltak og utbyggingsoppgåver. Desse er arkivert i databasa Askeladden på https://askeladden.ra.no/
- **Laserskanning frå fly** (LiDAR) er ein teknikk der ein bruker infraraudt laserlys frå fly til å måle avstandar til terreng og objekt. Teknikken kan syne spor under vegetasjonsdekke, og dermed er det enklare å lokalisere minne. Alle Valdres-kommunane har utført laserskanning i aktuelle utbyggingsområde. Prosjektet er ei samfinansiering mellom stat og kommune.



Figur 2. *Kartet syner registrerte, freda kulturminne (raude punkt) og område for laserskanning (blå) i Oppland*

- **KULA – kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse** er eit tiltak i Riksantikvaren sin regi der det skal veljast ut kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Valdres har spela inn ulike område til Oppland fylkeskommune, som skal ta eit utval frå heile Oppland. Oppland fylkeskommune hentar inn opplysningar frå relevante regionale og lokale aktørar. Innspela frå Valdres er gjevne frå Valdres kulturnettverk (kulturansvarleg i kvar kommune, Valdresmusea, Ung i Valdres og VNK). Forslaget frå Valdres omhandla følgjande:

Figur 3. *Innspela frå Valdres. Desse vart redusert i den vidare prosessen i Oppland fylkeskommune. Kart over område som gjekk vidare frå Oppland, er vist på neste side.*

Figur 4. *Oppland fylkeskommune sitt kart over kulturhistoriske landskap med nasjonal interesse*

- ✓ **Vassfaret og Vidalen, Sør-Aurdal** (kombinasjon fangst- og skogbrukskultur)
- ✓ **Kongevegen gjennom Valdres** (1793, norsk veghistorie)
- ✓ **Stølsvidda Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang** – levande stølskultur med rikt biologisk mangfald og mange kulturspor frå jarnalder til nyare tid
- ✓ **Reinfangstanlegg oppunder Jotunheimens sørside i Vang** – større fangstanleggssystem frå vikingtid/mellomalder rundt Slettefjell
- ✓ **Stavkyrkjene Reinli, Høre og Lomen med tilhøyrande kulturlandskap** – i tillegg til å ha ein stor eigenverdi ligg kyrkjene i omgjevnader med mykje intakt bygningsmiljø og kulturlandskap
- ✓ **Eldre historie ved Vinstervatn** – frå steinalder til stølsdrift
- ✓ **Dei seks varslingsvardane (vetane)** – vetane er meir eller mindre restaurert og tilrettelagt som turmål
- ✓ **Øylo gjestgjevargard med tilhøyrande kulturlandskap** – ein av dei mest intakte skysstasjonar i Valdres

- **BARK** – **Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne**. Målet til bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) er at eit representativt utval arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom skjøtsel og bli gjort tilgjengelege for publikum. Valdres-kommunane bortsett frå Sør-Aurdal har søkt og fått BARK-midlar frå Riksantikvaren gjennom Oppland fylkeskommune. Det er gjeve midlar til

Vang/Oppdalstølen og tilrettelegging av skålgropsteinar og jarnvinneanlegg, Gardbergfeltet i Vestre Slidre, Faslefoss og bronsealderrøyser, jarnvinneanlegg i Øystre Slidre og steinalderbusetnader i Etnedal.

- **Verdiskapingsprogrammet for kulturminne** er eit program som starta i 2006 og vart avslutta i 2015. Hensikta var å bruke kulturarven som utgangspunkt for verdiskapinga. Valdres var ein av pilotane for Verdiskapingsprogrammet for kulturminne i 2006–2010 fordi vi var i ferd med å etablere ein regionalpark. Ei viktig årsak til at Valdres vart valt til pilot, var òg at regionen er det viktigaste stølsområdet i Nord-Europa, og at han har seks av dei 28 stavkyrkjene i Noreg.
- **Norsk kulturminnefond** er ein av dei viktigaste økonomiske bidragsytarane for å restaurere verdifulle bygningar og kulturlandskap. Desse har no knytt sine prioriteringar til dei kommunale kulturminneplanane.
- **Olavsrosa og Norsk Kulturarv**. Norsk Kulturarv har nokre kulturminne i kartløysinga si. Her finn vi nokre av stavkyrkjene, kulturminne som har Olavsrosa, Valdresmusea og dessutan nokre få, spesielle enkeltminne som Lundebrua og Vangssteinen.

På fylkesnivå

- **SEFRAK-registreringar (Sekretariatet for faste kulturminne)**. Alle kommunane fekk i perioden 1980–2000 støtte til å registrere bygningar frå før 1900. Desse er arkivert i SEFRAK-registeret, og ligg i GAB-registeret. Fleire bygningsmiljø er også registrert i samband med restaureringstiltak.
- **Verdiskaping og innovasjon i kulturarven (VINK).** Dette er eit program som starta i 2012 og vart avslutta i 2015. Programmet var ei oppfølging av Riksantikvarens Verdiskapingsprogram for kulturminne. I Valdres fell sykkelruta Mjølkevegen og strekninga Kongevegen over Filefjell innanfor programmet.
- **Fagmelding for kulturminne i Oppland** skal utarbeidast i 2017. Fagmeldinga skal peike ut regionalt verdifulle kulturminne og kulturmiljø og blir eit prioriteringsverktøy for vidare arbeid.

Lokalt

- **Kommunale registreringar**. Fleire kommunar har gjennom fleire år registrert kulturminne. Vang kommune har digitalisert minne frå Økonomisk kartverk (2000) og registrert /digitalisert minne frå nyare tid. I Vestre Slidre skjedde ei oppdatering av fortidsminne i Vestre Slidre med utgjevinga *Minne om fortida – Fortidsminne i Vestre Slidre* (2006). Etnedal har digitalisert stinett frå historiske kart og utarbeidd temakart for kulturminne, og Øystre Slidre har mellom anna registrert spesielle bygningsmiljø. Nord-Aurdal kommune har mellom anna registrert bygningsmiljø i tettstader.
- **Gamal byggeskikk i kommunane**. Kvar kommune har gjeve ut eit hefte om byggeskikken i sin kommune etter SEFRAK-registreringane. Desse har sortert alle registrerte bygg (alle frå før 1900) etter gards- og bruksnummer bak i heftet.
- **Kartlegging av kulturminne, beite og reksler i stølsområde**. I perioden 2007–2011 vart det registrert kulturminne, beite og reksler i stølsområda. Arbeidet vart gjennomført av stølslaga i samarbeid med kommunane i regi av Valdres Natur- og Kulturpark. I utgangspunktet prioriterte ein stølslaga der det var drift. Til saman 1869 kulturminne vart registrert.



Figur 5. *Registrerte beiter og reksler i stølsområda*



Figur 6. *Stølsregistreringar kulturminne i Valdreskommunane (med unnatak av Øystre Slidre) ligg no i Inlandsgis.no*

Figur 7. *Vegkryss i stølsområde ved Blomsetrin i Sør-Aurdal. Foto: Ulf Ullring*

- **Historielaga** har registrert, men ikkje alle koordinatfesta, mange ulike kulturminne som husmannsplassar, heimstølar, bufarsvegar, bureisingsbruk, fiskesløer, milesteinar o.a. Historielaga har også gjeve ut ei rekkje bøker.
- **Fagernes handelsstand** har gjeve ut bøker om Fagernes
- **Appen Outtt Valdres** skildrar kulturminne som er eigna for tilrettelegging i samband med turar og andre opplevingar.

Nye registreringar

Etter ei samla vurdering er mykje kartlagt, og det var lite behov for nye registreringar. Det var derimot eit stort behov for å samle, tolke og systematisere eksisterande registreringar i ein samledatabase. Arbeidet er gjort saman med historielag, lokalkjende og kommune, der det er halde informasjons- og arbeidsmøte. Det er teikna på kart, gjeve referansar og tilvisingar som er systematisert i ein samledatabase for import i Innlandsgis. Type temakart er bureisingsbruk, husmannsplassar, kraftverk, møller, reiselivsstader, kyrkjestader, gamle vegar, danseplassar og andre tema historielag og kommune ynskte å ha med. Kulturminna er gjevne ein verdi 1–4 der 1 er høgast. Inntil 20–25 kulturminne med verdi 1 og 2 er tekne med vidare i kulturminneplanen i kvar kommune. For kvart minne er det gjeve informasjon om minnet, grunngjeving for verdisetjinga med forslag til tiltak og ansvarsfordeling. Kulturminneplanen kan derfor gje grunnlag for ein eigen delplan for kulturminne dersom kommunen ynskjer det.

DEL 2 REGIONAL HISTORIKK OG PRIORITERINGAR

Historia i Valdres



Frå jeger til bonde

Dei eldste dokumenterte spora etter folk i Valdres er frå eldre steinalder. Ved Sulevatn i Vang er det registrert kol frå groper i bakken som er datert 8000 år attende. I 2015 vart det gjort nye registreringar ved Vinstervassdraget. Der er det gjort funn frå omtrent same periode, med kontinuerleg busetjing gjennom fleire 1000 år. På den tida var valdrisane veidefolk som levde av jakt og fangst. Dei eldste spora etter husdyrbruk og landbruk er om lag 4000 år gamle og er dokumentert gjennom analysar av beitepollen ved Gardbergfeltet på Slidreåsen mellom Vestre og Østre Slidre. I Gardbergfeltet er det registrert skålgroper som blir rekna for å vere frå bronsealder, og mange gravminne frå eldre og yngre jarnalder. Funn av eit romersk sverd vitnar om kontakt med kontinentet lenger sør. I myrfunn frå Jylland i Danmark (Illerup) er det funne gjenstandar frå Sør- og Vest-Noreg frå slutten av romartida. Funna i Danmark er truleg krigsbytteofringar etter tokt mot germanarane som opererte mot grensa til Romarriket (Illekjær, Jørgen 2000).

Den faste busetjinga i Valdres synest å ha vore omfattande allereie i yngre romartid. Både stadnamn, gravfunn og oldfunn fortel om ekspansjon gjennom jarnalderen, inn i mellomalder og fram til svartedauden.

Frå rikdom til svartedauden

Frå jarn-mellomalder er det mange spor etter jarnutvinning i form av slagghaugar, kolgroper og jarnvinner. Det har vore særs mange stavkyrkjer i Valdres, og desse saman med dei tre steinkyrkjene Ulnes, Slidredomen og Mo kan tyde på at Valdres hadde opparbeidd seg ein viss velstand. Til saman skal det ha vore 18 stavkyrkjer og tre steinkyrkjer i Valdres. Svartedauden i 1347 tok mange liv, og folketalet vart redusert til om lag det halve av den smittsame pesten. Mange garder vart lagt aude.

Nyare tid

Nyare tid blir rekna frå slutten av mellomalderen, etter reformasjonen i 1537. Etter svartedauden tok folketalet seg langsamt opp, og frå 1600-talet byrjar det å dukke opp fleire stølar. Dei fleste gardane i Valdres er små i europeisk samanheng, og dei var derfor avhengige av å nytte beite utanfor dei dyrkbare områda. Til garden høyrde gjerne både ein og fleire haust- og vårstølar, og ein langstøl.

På 1700–1800-talet vaks folketalet kraftig, og på 1700-talet vart husmannsvesenet vanleg. Etter store folkevandringar frå Noreg til USA på midten av 1800-talet gjekk folketalet ned, og frå 1928 fekk husmennene lovfesta rett til å løyse inn husmannsplassane sine og få dei matrikulert.

Frå garden og heile vegen frå gard til fjell er det spor etter hausting. Fôret vart slått i alle bakkar og lier, lauv, ris og mose vart hausta og drege heim. Mange stader der det no er tett skog, kan du finne enkle steinleggingar etter løetufter eller stakkstøer.

Då folketalet var på sitt høgaste, vart det også stor etterspørsel etter brensel, og vedskogen strakk ikkje til. Trerøtene stabiliserer jorda og kan dempe jordutglidingar. Der det var hard hogst, vart jorda meir utsett for erosjon og jordutglidingar, som vi hadde fleire stader i Valdres på 1800-talet. Mange stader vart myrtorv nytta som brensel, og spor etter dette finst mange stader i Valdres.

Frå sjølvberging til råvareleverandør
Livet vart enklare for bonden under «det store hamskiftet», som industrialiseringa også blir kalla. Vi fekk dampmotor, tog, felles sagbruk og møller, og ikkje minst Fellesmeieriet. Gardane vart meir effektive og kunne produsere meir mat. Då meieria kom, slapp bonden foredle mjølka sjølv, med alt arbeid dette førte med seg. Samstundes med industrialiseringa byrja dei fyrste teikna til attgroing.

Opp mot vår tid har det skjedd endå fleire endringar. Noreg og Valdres har vorte meir avhengige av tilhøve og marknad i resten av verda. Små og brattlendte bruk er tungdrivne, og med auka krav til effektivisering og samstundes låge prisar på importert kraftfôr har bruken av utmark til matproduksjon gått kraftig ned. Mindre hausting har gjeve oss det landskapet vi i dag opplever som attgrodd.

Reiselivet
På 1800-talet kom den spede starten på eit reiseliv i Valdres. Fjellklatring vart «vanleg» på 1800-talet. Briten William Cecil Slingsby (1849–1928), «norsk tindesports far», vitja Jotunheimen fleire gonger. Den Norske Turistforening vart etablert i 1866, og den fyrste hytta i Valdres og Jotunheimen vart sett opp i 1870 på Tvindehaugen ved Tyinvatnet i Vang. Med Valdresbanen i 1906 opna det seg fleire moglegheiter for folk til å kome til fjells – og dermed vart det også grunnlag for fleire høgfjellshotell.

Mange stader, som til dømes på Beitostølen, byrja besøksturismen i samband med stølsdrift. Allereie frå 1930-talet var det reiselivsaktivitet knytt til stølsdrift, og i 1947 kom den fyrste turisthytta på Beitostølen. I 1957 kom *Turistheimen og* i 1965 *Beitostølen Resort*. I dag er det til saman 4000 sengeplassar på Beitostølen i tillegg til 2000 private fritidsbustader.

Ei anna form for reiseliv, eller helseopphald og rekreasjon, var sanatorium. Desse vart nytta i behandlinga av tuberkulose og av nervøse lidingar (nervesanatorium). I Valdres var det fleire sanatorium på 1900-talet.

Prioriterte område for Valdres
I desse avsnitta har vi teke for oss tema som er prioritert for alle dei seks Valdres-kommunane, om enn i nokon ulik grad.

Stølsdrift
For om lag 100 år sidan brukte gardane alt som var av beiteressursar, til husdyrbeiting. Ved kysten vart dyr frakta til øyer, og i fjelldalar vart dyra flytta til fjells. Med både heimstølar og langstølar kan mellom 50 000 og 100 000 stølar ha vore i drift. I 2017 er det om lag 1000. Om lag ein fjerdedel av desse ligg i Valdres. Dette betyr at Valdres er den viktigaste stølsregionen i Noreg og Nord-Europa. Ein viktig grunn til at vi har så mange stølar i drift, er at dei er rike og lett tilgjengelege. Mange stølslag fekk tidleg stølsveg, og på den måten kunne mjølka leverast til Fellesmeieriet også frå stølen, medan stølar utan veg oftast vart nedlagt.
Valdres har viktige stølsområde i alle kommunane, men Nord-Aurdal, Vestre og Øystre Slidre er kjerneområde for stølsdrifta. Derfor har både Fylkesmannen i Oppland, kulturvernavdelinga i

Oppland fylkeskommune og Valdres-kommunane foreslått stølsområda Nord-Aurdal og Vestre Slidre som utvalt, nasjonalt verdifullt kulturlandskap. I 1988 kom stølsvidda i Nord-Aurdal innanfor Nordisk biotopvern mellom anna på grunn av dei rike våtmarksområda og fuglelivet der.

Stølsområda inneheld mange ulike verdiar. Det viktigaste er utgangspunktet for bruken: beiteressursane. I tillegg er det faste kulturminne som kjøleanlegg, murar, tufter, reksler, danseplassar, lokkarsteinar og anna. På nokre stølar er det også skålgropsteinar, ein type ristningar, som knyter seg til den fyrste jordbrukskulturen for om lag 2000–500 år før vår tidsrekning. I utkanten av stølsområda kan vi finne andre spor som torvuttak og stakkstøer. Mange stader finn vi tufter, steinlegningar, slagghaugar og kolgroper i stølsområda.

Historia i seg sjølv og kunnskapen om bruken er også ein viktig del av historia knytt til stølsområda. Om stølsdrifta forsvinn, mister vi også mykje av kunnskapen om alt som knyter seg til denne haustingskulturen. Sjølv om musea har gjenstandar, musikk, bilete og litteratur om stølsdrift, kan ikkje det erstatte kunnskapen som er oppbygd gjennom generasjonar.

I Noreg og store delar av verda forsvinn mange arter kvart år. Til beitelandskapet knyter det seg arter som har tilpassa seg denne ekstensive bruken gjennom fleire tusen år. Når beitedyra forsvinn, endrar artssamansetnaden seg. Ubeita gras som blir liggjande, endrar både næringstilgang og pH i jorda, og skogen får snart godt feste. Lyselskande beiteplanter blir bytt ut med skogbotn.

Figur 8. *Bakkesøte treng ope kulturlandskap. Foto: Thor Østbye*

I Valdres har bøndene sjølv og kommunane kartlagt biologisk mangfald. Fleire utryddingstruga planter og vegetasjonstypar er registrert i stølsområda.

Sjølve stølshistoria har også ein eigen verdi for vår identitet. Mange som bur i Valdres, har ei eller anna stølsoppleving. Om stølsdrifta forsvinn som driftsform, mister vi ikkje berre beiteressursar, biologiske minne og kulturminne, men også ein del av vår eigen kultur. Kultur har dei seinare åra fått ei mykje sterkare kopling til reiselivet, og det vil derfor også svekke Valdres som besøksregion dersom stølsdrifta forsvinn frå Valdres.



Figur 9. *Registrerte stølsminne (rosa prikkar) i samband med stølskartlegginga i Valdres*

Det blir no arbeidd med eit utvida stølsområde som eit utvalt kulturlandskap (Fylkesmannen) og som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (Riksantikvaren og OFK).

Ferdslehistorie med vegar og skysstasjonar

Den eldste veghistoria er frå tida før både hest og kjerre kom til Noreg. Dei eldste vegane kan kjennast att ved at dei etter kvart danna holvegar. Desse kunne bli så djupe at ein etter kvart laga eit nytt spor som vart ein ny og parallell holveg.

Hesten kom ein gong i det fyrste tusenåret før vår tidsrekning. I byrjinga vart han nytta til kløv- og ridedyr, og vegane var dermed kløv- og ridevegar. Før kjerrevegane kom, vart hesten også nytta til å trekke dragslep.

Saltvegen

Filefjell er det lågaste fjellpasset mellom Aust- og Vestlandet, og ligg under skoggrensa. Det er mindre vêrhardt der enn på enn andre fjellovergangar. Derfor har vegen Lærdal–Filefjell–Valdres gjennom uminnelege tider vore hovudvegen mellom aust og vest. Her har det vore frakta varer som skinn, horn og jarnbarrar vestover, og salt og andre varer vart frakta hit frå vest.

Når folk drog etter salt, var det oftast fleire i lag, og folk slo seg saman på samlingspunkt undervegs før dei drog saman over fjellovergangane. Det var òg ein del gudbrandsdølar frå nedre Gudbrandsdalen som drog gjennom Valdres etter salt.

Ifølgje Knut Hermundstad gjekk saltvegen frå Begnadalen på platået mellom Hallingdal og Valdres nordover til Reinli og vidare til Vestringsbygde. Derfrå gjekk vegen vidare til Flyoset ved Storfjorden mellom Vestre Slidre og Hemsedal. Her samla det seg fleire saltvegar vidare vestover til Grunke, Hydalen og Mørkedalen før vegen kom til Maristova i Lærdal. Det gjekk også ein saltveg lenger aust, frå Fossheim forbi Semeleng, Dingladn, og vidare vest langs Syndisvatna og over Skakadalen, forbi Sulefjell før det bar nedover Lærdal (Hvattum, 1993). Ei rute skal ha gått vidare gjennom Valdresdalen i Lærdal og ned Ljøsndalen.

I 2009 vart det i samband med etableringa av ny trasé til E16 avdekt ein handels- og handverksstad (kaupang) frå 800–1000 på Bjørkum (Bosheim, upubl.). Her er det avdekt om lag 30 hustufter i tillegg til spor etter teltplassar og buer. Det vart mellom anna funne store mengder halvfabrikata av bein og gevir. Staden ligg ikkje så langt nedanfor der Ljøsndalen kjem ut, og kan ha ein samanheng med transport over fjellet (Bjørkum, 2009). Lenger oppe i dalen, ovanfor Maristova, er det også gjort funn som kan tyde på at det vart utveksla varer på staden.

Frå Vennis skal det ha gått ein saltveg til Årdal. Etnedal og Øystre Slidre skal ha hatt fleire saltvegar. Frå nord i Etnedal gjekk vegen over fjellet og vidare i Øystre Slidre. I Øystre Slidre gjekk det fleire saltvegar. Frå Lykkjegrenda gjekk vegen over Slettefjell. Frå Ukshøvd og Heggebygde gjekk vegen frå Ukshøvdbrue, gjennom Øyangslie, over Ulvhildsete og opp nordaust i Einebuåsen. Frå lenger sør gjekk vegen over Raneisethøvda og nordover Einebuåsen. Etnedølane hadde fleire salvegar, og dei som budde nørdst i dalen, kom seg over fjellet til Øystre Slidre og følgde vidare same lei. Dei som budde synst i Etnedal, drog over til Sør-Aurdal og følgde vegen derifrå (Hvattum, 1993).

Nord for Tyinkrysset på Filefjell er det også registrert ein stubb av ein jarnalderveg som truleg vart nytta til å transportere jarnbarrar vestover.



Figur 10. *Saltvegar/saltmannavegar slik dei kan ha gått frå Valdres og vestover. Rosa linje er meir nøyaktig, raud linje er teikna etter tekst og ikkje faktisk sti. Dei gule linjene i Vang, Lærdal og Årdal er andre gamle vegfar.*

Pilegrimsvegen

I mellomalderen gjekk også ei pilegrimsrute frå sør og Hedalen stavkyrkje til pilegrimskyrkja St. Thomas kyrkje på Filefjell. Denne ruta vart re-etablert i 2005.

Figur 11. *Kartet syner Den Bergenske Kongevegen frå Kristiania til Bergen frå 1793 (blå linje) og Pilegrimsvegen Hedalen–Kyrkjestølen, rekonstruert rute (rosa strek). Den historiske vegen (Kongevegen) frå Hedalen til Aurdal er markert med lilla.*

Bispevegen

Fram til 1125 var Valdres ein del av Selje/Bjørgvin bispedøme. Frå 1125 og fram til 1631 låg Valdres og Hallingdal under Stavanger bispedøme. Etter 1631 vart dei to dalføra overført til Christiania stift. Stavangerbispen måtte besøke bispedømet sitt innimellom. Skriftlege kjelder fortel at han drog via Nordmannslepa på Hardangervidda og vidare til Ustedalen ved Geilo. Ut ifrå gamle kart som kan vere knytt til Bispevegen, kan han ha kome til Gol og vidare inn i Valdres via Hemsedal, Grøndalen, forbi Vavatnet, ned Hydalen til omtrent ved Vabakkadn eller Grunke, opp Smådalen og forbi Helin ned til Vang. Ei gamal reisehandbok omtalar stien forbi Vabakkadn som eit «eldgammelt slæp». Om det berre har vore biskop Scavenius som drog den vegen, eller om dette var ei opparbeidd ferdslerute, veit vi ikkje. Vi kan derfor ikkje sikkert seie at denne vegen var innarbeidd «bispeveg».



Figur 12. *Kart frå om lag 1660 teikna av Johan Blaeu.*

Sorenskrivar og fut
Sorenskrivarembetet vart oppretta i 1591. Fram til 1688 høyrde Valdres til under sorenskrivaren for Hadeland, Land og Valdres. Futeordninga kom i 1639, og her vart vi ein del av Hadeland og Valdres futedøme. Dette skapte naturleg nok meir ferdsle mellom desse områda. Frå 1786 vart Valdres eige futedøme (Hvattum 1993).

Dei fyrste kjerrevegane
Den fyrste køyrevegen for hjultransport i Noreg vart bygd rundt 1630. Seinare vart *kongeveg* ei felles nemning for gjennomgåande hovudvegar som var anlagt av statlege myndigheiter. Kongevegnemninga er direkte knytt til tida då Noreg låg under Danmark, og til åra med eineveldig konge (1600–1800). I Noreg er det seks (mogleg sju) vegar der det er dokumentert at dei vart anlagt på kongeleg forordning: Den Bergenske Kongevegen, Den Trondheimske Kongevegen, Den Frederikshaldske Kongevegen, Den Wingerske Kongevegen, Den Sørlandske Kongevegen og Sølvvegen mellom Kongsberg og Hokksund. Det er også mogleg at Den Østerdalske Kongevegen vart anlagt på kongeleg forordning, altså at den også var ein kongeveg.

Prestegjeld
Organiseringa av prestegjelda hadde naturleg nok også mykje å seie for ferdsla. Fram til 1805 var det tre prestegjeld: Aurdal, Slidre og Vang prestegjeld. I 1848 vart Slidre delt i Øystre og Vestre Slidre. Før den tid drog presten med hesteskyss på prestevegen over åsen frå Volbu til Vollen i Slidre for å halde messe. Også Kvamsvegen i Vestre Slidre kan ha fungert som kyrkjeveg fram til delinga i 1848. Den siste delinga skjedde i 1893 då Bruflat sokn i Sør-Aurdal tinglag og Nord-Etnedal sokn vart slått saman til Etnedal tinglag (Hvattum 1993).

Postvegen
Det norske Postverket, med faste postruter, vart organisert i 1647. Hovudruta for post mellom Oslo og Bergen gjekk der. Posten kom med båt over Randsfjorden til Odnes og vart frakta vidare derfrå med hesteskyss over Tonsåsen, gjennom Aurdal, Vestre Slidre og Vang, før fjellovergangen over Filefjell til Lærdal–Gudvangen–Voss–Bergen. Med posten kjem det også eigne postgardar i Valdres. Der vart posten sortert og frakta vidare til neste postgard. Den øvste postgarden før fjellovergangen var Opdal (Uvdal). Kjerstein i Øye var også postgard, og Opdal og Kjerstein hadde kvar si postveke (Hvattum 1993). Det var to postvegar, ein frå Kjerstein opp den merkte Postvegen opp Rødalen, og ein frå Opdal gjekk vestover forbi Tyinkrysset/Opdalstølen. Filefjell-overgangen vart rekna for å vere den tyngste og vanskelegaste i landet, og derfor fekk dei øvste postgardane i Vang og Lærdal fritak frå militærplikt.

Figur 13. *Milestein frå slutten av 1600-talet ved Hermundstad i Vang. Til høgre milestein frå Synshagin i Vang. Foto til høgre: Jahn Børe Jahnsen.*

Langs postruta vart det også sett opp milesteinar. Dei eldste kjende milesteinane i Noreg er frå 1687, berre sju av desse er registrert. Tre av dei finst i Valdres, ein ved Hermundstad i Vang, ein ved Reie i Vestre Slidre og ein i Aurdal (Kathrine Thorstensen, 2010).

For meir om postgardane, les *På gamle vegar i Valdres* av Harald Hvattum.

Seinare vart det sett opp milesteinar med jarnplater mellom Odnes og Filefjell for å vise avstanden for postkøyrarane. Det var to slags skilt med plater av støypejarn. For kvar 10 kilometer stod eit skilt med riksvåpen, posthorn og innskrifta «---- kilometer fra Odnæs». For kvar mellomliggande fem kilometer stod «5 kilometer» med riksvåpen og posthorn. Det er bevart i alt 20 milesteinar mellom Dokka og Filefjell. Tre av desse er på museum, av to finst berre murfoten.

Den Bergenske Kongevegen

Frå Kristiania til Bergen vart Den Bergenske Kongevegen anlagt i 1793. Med veglova frå 1824 skifta kongevegane status til hovudvegar, og denne skifta namn til Den Bergenske Hovudvegen (Poulsrud, PM). Den fyrste kjerrevegen gjennom Hedalen vart bygd på 1830-talet, og kan ha vore ein tilførsleveg til Den Bergenske Hovudvegen. Vegen kom inn til Bruflat frå Dokka og gjekk vidare over Tonsåsen, Bjørgo og Aurdal.

Strekninga Kristiania til fylkesgrensa til Sogn og Fjordane låg under Akershus Amt. I 1819 vart heile kongevegstrekninga frå Kristiania til stiftsstøtta på Filefjell teikna av Carl Christian Buchholz (1787–1849).

Kart over kongevegen forbi Fagernes teikna i 1819

Strekninga frå Bruflat til Tonsåsen er framleis i bruk som vandreveg. I Nord-Aurdal ligg mykje av vegen under det som no er E16. Også i Vestre Slidre er mange strekningar enten under E16 eller dyrka opp. I Vang er fleire strekningar uendra, i Høre, Kvamskleive og over Filefjell.

Kongevegen over Filefjell som verdiskapingsprosjekt
Delar av Den Bergenske Kongevegen i Vang og Lærdal (Kyrkjestølen–Maristuen, Vindhella og Galdane) vart underlagt vern i Nasjonal transportplan. I 2010 vart det etablert eit samarbeidsprosjekt mellom Statens vegvesen, fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Oppland, Vang og Lærdal kommunar, Valdres Natur- og Kulturpark, Valdresmusea, Musea i Sogn og Fjordane og reiselivet i Lærdal og Vang. Samarbeidet gjekk ut på å restaurere og legge til rette strekninga Vang sentrum – Lærdalsøyri til gangbar tilstand. Statens vegvesen finansierte restaureringa innanfor verna strekningar, medan Sparebankstiftelsen DNB, Riksantikvaren, kommunane og fylkeskommunane gav støtte til resten av tiltaket med skjøtsel, skilting, restaurering og tilrettelegging.

Skysstasjonar

Langs dei viktigaste fjellovergangane i Sør-Noreg har det frå kring 1000-talet vore fjellstover der ferdafolk kunne søkje ly og overnatte. Fjellstover frå 1600–1700-talet vart etter kvart avløyst av gjestgjevargardar og skysstasjonar. I 1685 var det sju kjende gjestgjevargardar i Valdres. Desse låg i Bagn i Sør-Aurdal, på Onstad og Svenes i Nord-Aurdal, på Reie og Lis-Lome i Vestre Slidre og på Kvie og Eltun i Vang (Hvattum, 1993). Skysstasjonar har vore flytta mange gonger, alt etter korleis behovet og kapasiteten var. Skysstasjonane fekk etter kvart statleg støtte. I fylkesarkivet over skyssdagbøker finn vi 13 slike dagbøker frå Valdres:

- sju frå Vang (fire frå *Skogstad* i perioden mellom 1819–1903, to frå *Nystøga* i periodane 1856–1867, 1896–1897, éi frå *Øylo* som dekker åra 1877–1879)
- fire frå Øystre Slidre (éi frå Beito 1892–93, éi frå Jotunheimen hotell 1899–1901, éi frå *Rogne* 1889–1892, éi frå *Skammestein* 1891–1897)
- to frå Nord-Aurdal (éi frå Strønd 1818–1826, éi frå *Fagerlund* 1877–1879)

I Etnedal fanst det ein statsstøtta stasjon i Bruflat sokn, Bruflat (*Blåflat*) tidleg på 1800-talet då heile Bruflat var eitt skysslag. Frå byrjinga av var det tilsegnsskyss, men i 1858 vart bøndene einige om å gå over til fast stasjon. Frå Bruflat skysstasjon vart det skyssa til Bang i Sør-Aurdal, *Frydenlund* i Nord-Aurdal og til *Tomlevoll* i Nordre Land. Skysstasjonen vart flytta til *Molandsven* 6. februar 1860, men på grunn av utbygginga av den nye vegen over Tonsåsen vart stasjonen flytta til *Gravadalen*. Etter få år vart dette sanatorium, og stasjonen flytta på nytt midt i 1870-åra, denne gongen til *Sven*, der han vart verande ut 1800-talet.

Ut ifrå skyssrekneskap til veginspektørar i 1820-åra kan det ha vore skysstasjonar også i Sør-Aurdal på den tida. Det er då registrert at det vart skifta hestar på gardar som seinare vart skysstasjonar: *Garthus, Iljarnstad, Bagnsøydgarden, Sørum* og *Vøll*. I 1859 blir det nemnt andre skysstasjonar i Sør-Aurdal tinglag. Det var blant anna stasjon på *Kremmarmoen* fram til 1870-årene då Voll overtok. Rundt 1885 vart stasjonen igjen flytta, denne gongen til Fjeldheim. Skysstasjonen på *Garthus* vart flytta til *Tronhus* i 1864. Stasjonen vart flytta vidare til *Storsvee* i slutten av 1860-åra og attende til *Garthus* i 1893. I 1870-åra skal det også ha vore oppretta ein skysstasjon mellom *Storsvee* og *Sørum* på garden *Lindheie*. *Dokke* vikarierte for denne garden frå 1882 og i fire år framover. Sørum heldt fram til rundt 1900.

I Nord-Aurdal var det skyss-stad på Frydenlund og på Fagernes, der handelsmann Otto Stuve tok på seg å drive skysstasjonen. Både handelsverksemda og skysstasjonen gjekk så godt at staden utvikla seg til det som i dag er Fagernes. Det hadde også vore skysstasjon på *Strønd*, og i nokre få år i siste halvdel av 1800-talet vikarierte Strønd for Fagernes som skysstasjon. I Nord-Aurdal var det også skysstasjon på *Skrautvoll* ein kort periode midt i 1860-åra. Denne vart nedlagt då stasjonen *Rogne* i Øystre Slidre vart oppretta. I Øystre Slidre er elles følgjande stader nemnt i samband med skysskifte i 1859: *Berger, Nordtorp* og *Veningstad*. Det er usikkert om desse var faste, organiserte skysstasjonar. *Rogne* gard vart fast skysstasjon om lag 1860. Lengst nord i Øystre Slidre har det også vore ein skysstasjon på *Skammestein* (1880), *Beito* (1882) og *Kjøk* (om lag 1885).

I Vestre Slidre var det i andre halvdel av 1800-talet to skysstasjonar samstundes, og begge låg langs Den Bergenske Hovedveg, ein mot sør og ein mot nord. Mot sør var det skysstad på *Reie*. Denne vart etter kvart flytta til *Hande* og vidare til *Fossheim*. I nord var skysstaden i 1851 på *Stee*, så flytta til *Ølken*, for så å bli flytta tilbake til *Stee* i 1861/62 og så vidare til *Løkji* i 1880.

Figur 14. *Frydenlund skysstasjon rundt 1900. Fotograf: Telegrafstyrar Aune i Aurdal*

Figur 15: *Midtre Rogne skysstasjon i Øystre Slidre*

I Vang langs Den Bergenske Hovedveg var det skysstasjon på Øylo gjennom heile 1800-talet. Vidare var det stasjon på *Tune*, som seinare vart flytta til *Grindaheim* Hotell, på *Kvame* (seinare flytta til Skogstad) og på *Nystøga*. Den sistnemnda var i bruk gjennom heile andre halvparten av 1800-talet. På Skogstad i Vang var det fast stasjon frå 1823

Av protokollane kan ein sjå at trafikken auka i siste halvdel av 1800-talet. Årsaka til dette var at turistane byrja kome til Valdres (kjelde: Fylkesarkivet i Oppland).

Det skal også ha vore ein skysstasjon på *Nystøga* ved Otrøvatn på Filefjell på 1600-talet. Eldste bygningen frå Nystøga, som er frå 1760-åra, står no på Valdres Folkemuseum. «På Nystøgun har det i rekkjefølgje vore fjellstove, gjestgjevarstad, skysstasjon og hotell frå midten av 1600-talet og fram til i dag» (Hvattum 2001). Dei andre husa på Nystøga brann ned i 1958. På den andre sida av Otrøvatn ligg tufta etter *Gamlestøga*.

Figur 16. *Skysstasjonen på Nystøga i om lag 1900. Fotograf: Knut Knutsen*

I 1735 var det ti fleire gjestgjevargarder i Valdres langs leia mellom Aust- og Vestlandet. I Vestre Slidre var det ein periode skysstasjon på *Stor-Kvåle*, og i Vang var det gjestgjevargarden på *Lerhol* og *Skogstad*. Med Den Bergenske Kongevegen auka trafikken mellom aust og vest, og det kom endå fleire skysstasjonar. Kartet viser kartlagde skysstasjonar og overnattingsstader.

Figur 17. *Eksisterande bygningar som har vore skysstasjon (raude prikkar), og stader der det før har stått bygningar som har vore skysstasjon (lyseblå). Lokalisering på kartet av stader der det har vore skysstasjonar, er ikkje komplett. Ein del skysstasjonar var kortvarige og vart flytta.*

Mellomalderkyrkjer

Det er 28 stavkyrkjer i Noreg. Seks av desse ligg i Valdres. I tillegg til dei 28 norske stavkyrkjene er det ei stavkyrkje i Hedared i Sverige, restar etter ei i Greensted-juxta-Ongar i Essex, England, og Vang stavkyrkje i Polen. Vang stavkyrkje vart kjøpt opp av kong Friedrich Wilhelm IV av Prøysen og sett opp i dåverande Tyskland, no Polen, i 1842. Dette set Valdres i ei særstilling. I Sør-Aurdal ligg Hedalen stavkirke (1163) og Reinli stavkyrkje (1326), i Vestre Slidre ligg Lomen stavkyrkje (1192), i Øystre ligg Hegge stavkyrkje (1216), og i Vang ligg Høre stavkyrkje (1179) og Øye stavkyrkje (sist på 1100-talet). I tillegg er det to steinkyrkjer, Slidredomen frå 1268 og Ulnes kyrkje frå om lag 1265, og ein ruin etter ei steinkyrkje på Mo ved Einangsundet i Vestre Slidre. Dateringa av Mo er uviss. Mange av kyrkjetomtene er ukjende for dei fleste, og det bør vere eit mål å få tomter frå mellomalderkyrkjene tilrettelagt for publikum.

Figur 18. *Vang stavkyrkje teikna i 1841 av Franz Wilhelm Schiertz*

I mellomalderen var det minst 22 kyrkjer i Valdres, tre av desse steinkyrkjer. Dette er uvanleg mange samanlikna med nabodalføret vårt Hallingdal, der det var åtte stavkyrkjer og ingen steinkyrkjer, medan det i Gudbrandsdalen var 11 stavkyrkjer. Vi kan ikkje seie kvifor Valdres var så rik på kyrkjer, men ein teori er at Valdres hadde bygd seg opp ein velstand som følgje av omfattande jarnutvinning og eksport av jarnbarrar.

Figur 19. *Eksisterande mellomalderkyrkjer (raude krossar) og andre kjende kyrkjestader frå mellomalderen (grå krossar)*

Fordi folketalet hadde auka kraftig, var det naudsynt å utvide plassen til kyrkjelyden. Kyrkjelova frå 1851 bestemde at soknekyrkja skulle ha plass til minst tre tiandedelar av befolkninga. I samband med dette vart mange kyrkjer rivne, eller forlengt eller gjevne korsarmar. Derfor er det svært få mellomalderkyrkjer som har fått stå uendra. Dei opphavlege stavkyrkjene var enkle, og meir like teikninga av Vang kyrkje ovanfor enn den utsjånaden mange stavkyrkjer har i dag. I Valdres er to av kyrkjene relativt uendra, Reinli og Øye. Det vil seie, Øye kyrkje var også riven, men vart attfunnen då kyrkjegolvet i den nye kyrkja skulle reparerast i 1930-åra. Under golvet låg materialane til den gamle stavkyrkja. Øye stavkyrkje vart sett opp att og vigsla i 1965. I mellomalderen vart kyrkjene vigsla med 12 andreaskrossar (krossar forma som ein X). Reinli stavkyrkje er den einaste kyrkja i landet som har alle krossane i behald. Krosteknikken blir også nytta som ein del av konstruksjonen som avstiving.

Figur 20. *Andreaskross i Reinli stavkyrkje. Foto: Nina Aldin Thune*

Dei stavkyrkjene vi ser i dag, er heller ikkje dei eldste. Dei fleste stader stod det ei eldre stavkyrkje. Dei fyrste kyrkjene vart sett rett i jorda, utan steinrekke under. Dette gjorde at dei etter 100–200 år rotna og vart skifta ut. Mange av dagens stavkyrkjer er sett saman av delar av dei eldre kyrkjene. Dette gjeld også Reinli stavkyrkje, som truleg er sett saman av to ulike kyrkjer.

Frå katolsk til protestantisk kyrkje

Stavkyrkjene vart sett opp i katolsk tid. Etter reformasjonen i 1537 var mykje av det katolske inventaret fjerna, og vegg- og takmåleri vart dekt over med måling. Nytt utstyr som preikestol og benkar vart sett inn. Dei fleste kyrkjene har fått behalde treskurd og jarnbeslag frå mellomalderen. Hedalen stavkirke skil seg ut som ei av stavkyrkjene i Noreg som har mest bevart inventar frå mellomalderen. Særleg spesielt er det at kyrkja har den originale madonnafiguren, relikvieskrin, kyrkjemodell og båra til skrinet.

Ulik byggeskikk i stavkyrkjene i Valdres

Hegge, Lomen og Høre er søylestavkyrkjer med frittståande søyler i kyrkjerommet, medan Hedalen og Reinli er einskipa stavkyrkjer med søyler i hjørna. Søylestavkyrkja Hegge skil seg frå Lomen og Høre ved å ha åtte frittståande søyler i kyrkjerommet, fire på kvar side, medan Lome og Høre har fire søyler. Hegge er i form noko mellom dei mangesøyla stavkyrkjene i Sogn og dei firesøyla i øvre Valdres.



Figur 21. *Til venstre: Hedalen og Reinli er einskipa stavkyrkjer med ei søyle i kvart hjørne. Til høgre: Hegge, Lome, Høre og Øye er søylekyrkjer med frittståande søyler i kyrkjerommet. Frå Håkon Christie: «Middelalderen bygger i tre», 1974.*

Tre av kyrkjene, Hegge, Lomen og Høre, har utskorne masker øvst på stavane oppunder loftet. Det er uvisst kva maskene skal symbolisere, men særleg den eine maska i Hegge stavkyrkje liknar umiskjenneleg på einøygde Odin.

Figur 22. *Figurmaske i Hegge stavkyrkje. Foto O.J. Liodden. Dei to andre maskene er frå Høre stavkyrkje. Foto Katharina Sparstad*

Spesielt er det også at både stavkyrkjene i Hedalen, Hegge, Lomen og Slidredomen har kyrkjeklokker frå mellomalderen. Alle stavkyrkjene er istandsett i seinare tid gjennom Riksantikvarens bevaringsprogram for stavkyrkjer (2001–2015).

Ein skulle tru at det var mykje enklare å setje opp ei stavkyrkje enn ei steinkyrkje i mellomalderen. Ein kan derfor spørje seg kvifor det var heile tre steinkyrkjer her, Ulnes, Slidredomen og Mo, som no er ruin. Slidredomen og Ulnes er frå siste halvdel av 1200-talet, medan dateringa av Mo er uviss.

Slidredomen var Mariakyrkje og hovudkyrkje i Valdres. Her residerte prosten, biskopens fremste representant, medan biskopen sjølv var i Stavanger. Veggmåleria vart ikkje øydelagt etter reformasjonen, og på veggane er der fleire symbol frå mellomalderen. På austveggen i koret er det eit stort kalkmåleri frå 1400-talet, og i takhimlingen er det eit måleri frå rundt 1250.



Figur 23. *Motiv frå veggmåleriet. Foto: Riksantikvaren*

Slidredomen skal ha hatt heile 12 kyrkjeklokker. No har kyrkja fire klokker frå mellomalderen.
Ulnes kyrkje var i svært dårleg forfatning på 1600-talet, og i 1675 var det planar om å rive kyrkja for ei ny tømmerkyrkje. I byrjinga av 1700-talet var kyrkja ute av bruk. I 1737 vart kyrkja sett i stand og teken i bruk att. I Ulnes er det mellom anna funne ein mariafigur frå 1200–1300-talet.
Mo kyrkje var brukt av gardane Reien og Hande ofl. Truleg vart ho ikkje lenger brukt etter reformasjonen, og kyrkja forfall. I dag er ruinen teken hand om av Riksantikvarens program for ruinar, og sikra. Ved utgraving av Mo kyrkjeruin vart det funne mellom anna skjelett av fem yngre kvinner og ei bjørneklo. I Ulnes er det funne ein bjørnelabb, medan det i Hedalen kirke er funne eit skinn av bjørn. For meir informasjon, les *Middelalderkirker i Valdres* av Jahn Børe Jahnsen.

Varslingsvardane

I Valdres er det seks kjende varslingsvardar, eller vetar. Ordet *vete* kjem av det norrøne ordet *viti*, som tyder teikn, merke eller varde. Vi skil mellom vetar og vardar, der vardar er eit merkesystem av stein langs ferdselsvegar og på fjelltopper, medan vetar av tre var eit varslingssystem som var ein del av det norske forsvarssystemet i mellomalderen. Då danske embetsmenn omsette dei gamalnorske lovene på 1600-talet, vart ordet *vitavordr (*vetevakt) omsett med *vedvarde*. Slik vart ordet *vete* gradvis erstatta av ordet *varde*.

I Noreg knyter historikarane den fyrste bruken av varslingsvardar/*vetar* til Håkon den gode si kongsmakt rundt 950 e.Kr. Vetane kan likevel ha vore i bruk allereie i eldre bronsealder. Når ein vete vart tent, var dette signal om angrep utanfrå, og meldinga vart sendt vidare til neste vete. Det tok eldvarselet sju netter å gå frå sør til nord i Noreg. Angrep kom oftast frå kystsida, og kvart kystdistrikt var inndelt i skipreider som skulle stille skip, mannskap og proviant. Varslingsvardane var i bruk gjennom mellomalderen og etter reformasjonen fram til 1814. Ut ifrå vetepunkt, stadnamn og tradisjon veit vi om om lag 770 varslingsvardar.

Til Valdres kom varselet om krig og ufred frå vete til vete over Hadeland, Toten og gjennom Land-bygdene. Siste veten i Land var Vealøysa ved garden Stuve. Herfrå gjekk varselet til Langeberget på Reinli i Valdres. Derfrå gjekk elden til Vardaberget, Ryeberget og Olberg, der varselet delte seg til Kvithøvd og Hugakøllen og gjekk vidare vestover over Filefjell og Skørsnøse, der det også skal ha vore ein varslingsvarde. Avstanden frå Hugakøllen til Skørsnøse er lang, og truleg var det fleire varslingsvardar mellom dei punkta. Ut ifrå namnet Vardhovdtinden kan det ha vore ein varslingsvarde der også. Derfrå går siktlina til Jonskør og Brønin (Bosheim, upubl.)

I Magnus Lagabøtes Landslov frå 1274 står det at det skulle byggast vetar på dei gamle varslingsstadane. Det skulle også vere vakthus med tak og fire dører. Vetevakta skulle vere på plass innan fem dagar etter at bodstikka hadde gått. Forsømming vart straffa med bøter.



Figur 24. *Eksisterande varslingsvardar og ei skisse for korleis varderekka kan ha gått gjennom Valdres. Kjelde: Odkjell Bosheim (upubl.)*

I Valdres har det dei siste 20 åra vore arrangert vardevandring i regi av Jahn Børe Jahnsen ved Valdres Folkemuseum, seinare Valdresmusea, og Valdres Destinasjon, seinare Visit Valdres. Ved kvar varde er det eit stempel og ei gjestebok. Valdres Natur- og Kulturpark har sett opp tavler og skilt i samarbeid med historielaga med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB.

DEL 3 PROSESS OG HISTORIKK I SØR-AURDAL

Historia i Sør-Aurdal

Sør-Aurdal ligg lengst sør i Valdres. Geografisk er kommunen delt i to dalføre, Hedalen og Begnadalen. Dialekta skil seg frå gammalt av med ei tydeleg språkgrense mellom dei nordlege og sørlege bygdene i Sør-Aurdal: I Bagn, Reinli og i hovudsak også på Leirskogen blir det prata valdresmål, medan det i Hedalen og Begnadalen er ei dialekt som liknar meir på ringeriksmål og andre flatbygdmål. Språket fortel også ein del om dei dominerande kulturpåverknadene.

Historia i Sør-Aurdal skriv seg tilbake til før jordbruket vart dominerande. Dei eldste spora etter folk er knytt til elgfangst i Vassfaret, Vidalen og langs Begna.

Historia i Sør-Aurdal skil seg frå kommunane lenger nord ved at skogen har vore, og framleis er, ein særleg viktig ressurs. Skogsområda langs hovuddalføret, saman med Vassfaret og Vidalen, er område som har vore ekstensivt utnytta, og som dermed også har fått preg av villmark med mange spor etter menneskeleg påverknad. Jakt og fangst saman med skogsdrift og jordbruk for naturalhushald har gjeve utviklinga i dei skogkledde områda i Sør-Aurdal ei anna utvikling enn fjellområda lenger nord.

Jordbruket knyter seg mest til avsetjingsområda langs elvane Begna og Hedalselva. Langs Begna finn vi dei fyrste spora etter fast busetjing i form av gravhaugar mellom anna i Bagn ved Islandsmoen og Fønhus. To gravhaugar er også registrert på ei høgde ovanfor Leirskogen.

I stølsområda nord i kommunen er det spor etter omfattande jarnutvinning frå jarn- og mellomalder. Jarn lenger nord i Valdres vart truleg frakta vestover til Lærdal og skipa ut for sal i Europa. Noko jarn vart også frakta austover og foredla der. Det er uvisst kor jarnet frå Sør-Aurdal tok vegen.

Frå mellomalderen tilhøyrde området Aurdal prestegjeld. Frå denne tida står det framleis to kyrkjer, Hedalen stavkirke og Reinli stavkyrkje. I 1805 vart Aurdal prestegjeld delt i Sør-Aurdal og Nord-Aurdal prestegjeld. For Sør-Aurdal prestegjeld vart Bagn kyrkje hovudkyrkje, mens Reinli, Bruflat og Hedalen vart annekskyrkjer. Desse to prestegjelda vart i 1837 grunnlag for dei to Aurdals-kommunane. Sør-Aurdal prestegjeld dekte det som er dagens Sør-Aurdal kommune, bortsett frå at Bruflat sokn vart skilt ut frå Sør-Aurdal i 1894 og vart ein del av Etnedal kommune.

På 1600-talet starta skogsdrifta for eksport. I overgangen mellom 1800- og 1900-talet vaks lokalindustrien knytt til skog og vassdrag . Fleire stader vart det bygd bygdemølle og sagbruk. Skogbruket vart intensivert fram til om lag 1930 då det vart nedgangstider. Tømmer vart hogd både i Hedalen og Begnadalen og fløytt fram til sagbruk og velter.I Bagn vaks industrien med Sliperiet, som gav fleire titals arbeidsplassar. Skogbruket er framleis viktig for kommunen, som er den fjerde største skogbrukskommunen i Oppland. Vasskrafta vart også utnytta i småkraftverk. Bagn kraftverk og Eid kraftverk gjev til saman om lag 70 MW. Begge ligg i Begna. Fleire andre vassdrag i kommunen er verna mot kraftutbygging.

Sør-Aurdal hadde ei særleg rolle under andre verdskrig. Her var ein flaskehals for tyskarane mellom aust og vest, og ved Bagn var ein strategisk plass for å stagge tyskarane.

Forfattaren Mikkjel Fønhus (1894–1973) har med sin litteratur frå villmarka i Sør-Aurdal formidla naturopplevingar og naturforståing som går vidare i generasjonar. Sigurd Islandsmoen (1881–1964) har markert seg som komponist og organist. Edvard Elsrud skreiv 17 bøker, det fleste frå Hedalen og Vassfaret. Om desse finnast mykje litteratur i bokform og på Internett.

Prosess og gjennomføring i Sør-Aurdal

Sør-Aurdal var saman med Vang den fyrste kommunen i Valdres som fekk støtte til arbeidet med å lage ein kulturminneplan.

Arbeidet er tredelt:

- Lokalt eigarskap/mobilisering
- Kartlegging
- Utarbeiding av kulturminneplan

Arbeidet starta med kommunestyrebehandling og vedtak om igangsetting. Dei prioriterte områda var:

1. **Gamle ferdselsvegar gjennom kommunen**
✓ Kongevegen
✓ Pilegrimsvandringar frå Hedalen til Filefjell i dag, etter gamle ferdselsvegar.
✓ Skysstasjonar i kommunen var ved Sørum, Garthus og Tollevsrud. Båten stoppa ved Sørum.
2. **Stavkyrkjene**
3. **Vassdragshistorie med**
✓ skogbruket si historiske verdikjede frå hogst til trevirke/produkt
✓ kraftverk
✓ damperi
✓ mølleindustri
4. **Skoghistorie**
✓ Kombinasjon skogbruk, jordbruk og fangst
✓ Historia i Vassfaret
5. **Andre aktuelle fokusområde som er særeigne for Sør-Aurdal**
✓ Tusenårsstaden Vangen, Bangsmoen og Ulekyrjketomta
✓ Krigshistorie
✓ Stølsdrift

Det vart sett ned ei arbeidsgruppe av ressurspersonar frå Begnadalen og Hedalen. Arbeidet starta med informasjon og samordning med tilrettelegging av stigar gjennom folkehelsekoordinatoren og TurApp (no Outtt), som hadde fått støtte til kulturminneregistreringar i 2014. På møtet vart det gjeve høve til å trekke fram prioriteringar, og det vart halde arbeidsmøte både i Bagn og Hedalen der minne vart avmerkt på kart. Alle minne som er tekne med i denne planen, er etter innspel frå kommune eller ressurspersonar i Sør-Aurdal. Avmerkte minne vart så lagt inn i ein samledatabase med koordinatar for import i Innlandsgis. Det er også halde eit orienteringsmøte om arbeidet i regi av Oppland fylkeskommune.

Figur 25. *Arbeidsgruppa som har gått i gjennom det samla innhaldet i kulturminneplanen. Frå venstre: Halstein Heiene, Annette Hougsrud og Gunvor Elene Thorsrud. Foto: Katharina Sparstad*

Tidlegare registreringar

Vi har freista å søkje opp alle tidlegare registreringar slik at vi har best mogleg grunnlag og ikkje treng gjere dobbelt arbeid. I dette kapittelet er det gjeve ei oversikt over dei viktigaste eksisterande kartfesta oppgåvene.

I Sør-Aurdal er det gjort følgjande oppgåver:

- *Gamal byggeskikk i Sør-Aurdal. Rapport frå registreringa av hus bygde før 1900.* Ragnhild Dietrichson. Utgjeve av Valdres Folkemuseum og Sør-Aurdal kommune 2005
- *Rapport over automatisk fredede kulturminner i Sør-Aurdal.* Anitra Fossum, Oppland fylkeskommune 1996
- *Systematisk registrering av fornminner i Sør-Aurdal kommune*. Sissel Haug, Oppland fylkeskommune, 1995
- *Rapport: Arkeologiske registreringer 1994, Sør-Aurdal kommune.* Fylkeskonservatoren i Oppland, Oppland fylkeskommune
- Stadnamnregistrering frå 1987, om lag 7000 stadnamn. Desse vart systematisert digitalt i 2016
- *Langs Begna*. 1983. Bok om Begnavassdraget si regulering.
- *Gard og bygd i Sør-Aurdal*. Jon Ola Gjermundsen. Sør-Aurdal kommune og Valdres Bygdebok forlag:
  - ✓ *Bind A: Reinli og Vestre Bagn (1987)*
  - ✓ *Bind B: Kyrkjebjørgo, Øystre Bagn, Leirskogen, Dølve og Hølera (1988)*
  - ✓ *Bind C: Garthus, Tollevsrud og Strømmen (1990)*
  - ✓ *Bind D: Hedalen og Vassfaret (1992)*
- *Sør-Aurdal. Bilder fra en svunnen tid.* Valdres Rotary klubb 1985 og 2013
- *Sør-Aurdal skolehistorie*. Leiv Eriksson, Sør-Aurdal kommune 1989
- *Årbok for Valdres*. Valdres historielag
- *Tømmerdrift i gamle dager – før motoriseringa.* For Bagn Bygdesamling av Trond Bråten
- *Skog og skogeierlag i Sør-Aurdal – 100 år, 1908–2008.* Skogeigarlaga i Sør-Aurdal. Av Rolv Redner (første del) og Eldor Bråthen (siste del)
- *Sagn og Soge i Søndre Ourdal, Sør*-Aurdal historielag 1982-2018
- *Kyrkjehefter,* kvar kyrkje har eige hefte
- *Ko e no dette?* Dialektord frå øvre delen av Sør-Aurdal. Sør-Aurdal historielag 1999
- *SAE, 50 års jubileumshefte 1997*
- *Forslag til forvaltningsplan for Bergsrud gard,* Bautahaugen samlingar 2006
- *Gutta i Buvassfaret, dagboknotater*. Sør-Aurdal historielag
- *Fallskjermer over Vassfaret*. Paul Strande
- *Flyjegerne frå Piltingsrud*. Jul Haganes
- *Bagn 1940*. Forsvarsmuseet
- *Skutt blir den som*…..Ole Terje Hådem

Figur 26. *Historielagt i Sør-Aurdal gjev ut Sagn og Soge som tek for seg ulike tema i kommunen*

Digitaliserte registreringar

- **SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) – registrering av bygningar eldre enn 1900**

På 1980–1990-talet registrerte alle kommunane bygningar som var eldre enn 1900. Bygningane ligg i GAB-registeret og er tilgjengelege i digitale kart. Alle kommunane har publisert registreringane i eigne hefte, «Gamal byggjeskikk i …».





Figur 27. *Kart over verneverdige (meldepliktige) bygg i Sør-Aurdal. Gule trekantar tyder bygg utan meldeplikt, raud trekant tyder bygg med meldeplikt ved tiltak, jf. kulturminnelova § 25, grå er fjerna bygg. Registreringane er samla i eit eige hefte, Gamal byggjeskikk i Sør-Aurdal, Ragnhild Dietrichson*

- **Askeladden (https://askeladden.ra.no)**





Alle arkeologiske registreringar blir lagt i databasen *Askeladden*. Dette gjeld mellom anna for registreringar i samband med reguleringsplaner og utbyggingssaker. Databasen forvaltas av Riksantikvaren og Fylkeskommunen. Her kan du også søke opp kva som er registrert på din eigedom.

Figur 28. *Kart over registrerte, freda kulturminne i Sør-Aurdal*

- **Kulturminnesøk (www.kulturminnesok.no)**

Dette er også ei database som forvaltast av Riksantikvaren, men her kan du leggje inn ditt eige kulturminne. Her ligg både automatisk freda minne, og minne frå nyare tid. Dei fleste minna her kjem frå databasa Askeladden. I tillegg vert det dagleg lagt inn minne frå fylkeskommunar, musea, kommunar, Sametinget og Riksantikvaren.



Figur 29. *Minne i kulturminnesøk i og kring Sør-Aurdal*

- **Laserskanning (LiDAR)**

Dette er ein teknikk der ein bruker infraraudt laserlys frå fly til å måle avstandar til terreng og objekt. LiDAR er ei forkorting for Light Amplification by Stimulated Emission of Radiation. Teknikken kan syne spor under vegetasjonsdekke, og dermed er det enklare å lokalisere kulturminne. Minne som blir synlege, kan vektoriserast. Alle Valdres-kommunane har utført laserskanning i aktuelle utbyggingsområde. Nedanfor går det fram kva for område som er skanna i Sør-Aurdal, og kor minna frå LiDAR-bileta er vektorisert.



Figur 30. *LiDAR-fotograferte område (t.v.) og fjern-vektoriserte minne (t.h.) i Sør-Aurdal*

- **Stølsregistreringar i Valdres, Sør-Aurdal**

VNK og stølslag har saman med dei andre Valdres-kommunane registrert kulturminne, reksler og beite i stølsområda i 2008–2010. Av dei 1868 registrerte kulturminna er 175 i Sør-Aurdal. Alle stølsminna ligg i ein samletabell som er tilpassa det digitale kartverktøyet på www.innlandsgis.no/



Figur 31. *Registrerte minne (rosa prikkar) i stølsområde i samband med stølskartlegginga*



Figur 32. *Registrerte beite, reksler og stigar i samband med stølskartlegginga i 2008–2010*

- **Kulturminne i Outtt**

Valdres har ein mobilapplikasjon for stigar, kulturminne og andre opplevingar i *Outtt* (sjå https://outtt.com/). Der låg det i 2017 kulturminne i tilknyting til turmål i Sør-Aurdal.
Det ligg i dag tre kulturminne i Outtt for Sør-Aurdal: Hedalen stavkirke og Reinli stavkyrkje og minneplate etter slagbjørnen Rugg. I tillegg ligg Fønhusstigen, Hedalen kulturstig, Langeberg og Bagnsbergadn som turmoglegheiter.

- **Norsk Kulturarv**

Norsk Kulturarv har kulturminne som har fått Olavsrosa eller er medlemmer i Norsk kulturarv, på sine heimesider. Valdresmusea er medlem i Norsk Kulturarv. I Sør-Aurdal ligg stavkyrkjene i Hedalen og Reinli, Bagn Bygdesamling, Bautahaugen og Nissebakkin (ikkje på kart) på sidene hos Norsk Kulturarv.



Figur 33. *Det er fire kartfesta kulturminne på heimesidene til Norsk Kulturarv i Sør-Aurdal*

Figur 34. *Bagn bygdesamling er registrert i kartmodulen til Norsk Kulturarv på nettet. Foto: Visit Norway*

Prioriterte kulturminnegrupper i Sør-Aurdal

På dei neste sidene omtalar vi dei ulike kulturminnegruppene som kommune og arbeidsgruppe har definert som spesielt viktige for Sør-Aurdal. For desse er det digitalisert eigne temakart.

Ferdselshistorie

Heilt frå dei fyrste menneska kom til Sør-Aurdal, har det vore vegfar. I eldre tid gjekk ferdselen til fots eller til hest. Føremålet med vegen skapte vegen. Nokre vegar var for å flytte krøtter, nokre for å frakte varer med kløv, nokre for å køyre tømmer – og då ofte på vinterstid. Nokre var hovudsambandsvegar, medan andre batt grender og dalføre saman. Dei fyrste sambandsvegane vart nytta av føter, hovar og klauver over lang tid og danna holvegar. På 1600-talet kom dei fyrste kjerrevegane til Valdres. I Sør-Aurdal var det ein gjestgjevargard i Bagn allereie i 1685. Ein milestein frå 1687 er funnen ved Juvkvam og Milevatnet. Ein av desse er no på Norsk Folkemuseum. Over 100 år seinare, i 1793, kom ei ny hovudrute mellom Kristiania og Bergen. Den gjekk gjennom Hadeland, Dokka og over Bruflat til Aurdal og vart kalla Den bergenske kongevegen. I 1820 er det nemnd stader for heste-skift på Garthus, Bagnsøydgarden, Sørum, Vøll og Ildjarnstad (Hedalen). Seinare var det også skysstasjon på Kremarmoen (Bagn), Fjeldheim og Tronhus, og frå kring 1900 var det også skysstasjon Nerby i Hedalen.

Posten gjekk på definerte postvegar, og i Sør-Aurdal gjekk han innom Storøydgarden, Sørei, Torsrud og Juvkam i 1730.



Frå eldre tid gjekk det også ein veg lenger sør gjennom Hedalen frå Drammen og Hallingdal, ein veg som òg blir kalla Kongsvegen. Denne vegen vart ikkje bygd på kongeleg forordning og har derfor ikkje formell status som kongeveg. Soga seier at denne vegen skal ha vore brukt av kong Sverre i 1177. Snorre sjølv skriv berre at kong Sverre drog gjennom Valdres dette året, så ei faktisk stadfesting finst ikkje. Vegen er uansett ein gamal rideveg, og mykje kan tyde på at han har sitt opphav allereie frå mellomalderen (Hvattum, Harald 1999).

Figur 35. *Kart over Kongsvegen frå Hedalen til Aurdal (Blå strek frå Vidalen) saman med dagens Pilegrimsveg (raud strek). Vegen er kartlagt av Aurdal historielag og Elling Fekjær og digitalisert av Valdres Natur- og Kulturpark.*



I Sør-Aurdal finn me ein del nyare gardsnamn knytt til vegar, men ingen frå tida før reformasjonen (Hvattum, Harald 1999). Knut Hermundstad skriv også om saltmannvegen frå Sør-Aurdal som gjekk opp forskjellige stigar frå Begnadalen og opp fjellet mellom Valdres og Hallingdal. Vegen er både kartlagt og rydda av historielaga.

Figur 36. *Bagnskleivane kring 1880. Foto: Valdresmusea / Axel Lindstrøm*

Kyrkjehistorie

Dei fyrste kyrkjene i Sør-Aurdal var i Bagn, Hedalen og Reinli. Bagn (Ulekyrkja) stavkyrkje vart truleg riven kring 1700. Hedalen stavkirke er frå 1163 og Reinli stavkyrkje frå 1326. Ved fleire stavkyrkjer har det stått ei eldre før, og det er truleg tilfelle ved Reinli. Sagnet seier at det også ei kyrkje på Høvreskyrkjetomta og på Vidalskyrkjetomta.

I 1851 kom ei ny kyrkjelov som bestemte at soknekyrkja skulle ha plass til minst tre tiendeler av befolkninga, og mange kyrkjer då vart bygd om og utvida. Hedalen stavkirke vart forlenga og utvida til krosskyrkje allereie i 1699, medan Reinli vart lite endra. Reinli er den einaste stavkyrkja i Noreg som opphavleg er bygd med skip og kor i same breidde. I tillegg til stavkyrkjene har vi Bang kyrkje, Begnadalen- og Leiskogen kirke, Veståskapellet og Reinli kapell.

Den 29. november 1805 vart Aurdal prestegjeld delt i to prestegjeld: Sør-Aurdal og Nord-Aurdal prestegjeld. Aurdal prestegjeld hadde då bestått av fleire sokn sidan mellomalderen. For Sør-Aurdal prestegjeld vart Bagn kyrkje hovudkyrkje, medan Reinli, Bruflat og Hedalen vart annekskyrkjer. I 1837 vart Noreg inndelt i kommunar, og grensene for prestegjeld og kommune vart identiske for Sør- og Nord-Aurdal.

Fram til 1894 var Bruflat ein del av Sør-Aurdal, og Nord-Etnedal ein del av Nord-Aurdal. Frå det året vart Etnedal kommune og prestegjeld slik dei er i dag. I 1884 vart også ein ubebudd del av Sør-Aurdal (Makalausfjellet) overført til Nord-Aurdal. Begnadalen var knytt til Hedalen fram til 1859, då Begnadalen vart eit eige sokn.

Figur 37. *Begnadalen kyrkje. Foto: Liv Barbro Veimodet*

Vassdragshistorie

Gjennom Sør-Aurdal renn Begna, og inn til Begna renn dei mindre elvane *Reina*, *Hølera, Muggedøla*, *Buvasselva og Øyvasselva. Hedalselva* renn ut i Begna (Sperillen) ved Nes i Ådal. Elvar og bekkar har tidleg vorte nytta som energikjelder. Det var sideelvane og bekkane som vart nytta, for Begna var for stor, med mykje vann og vanskeleg i flaumar. Kvernkallane drog stamper og kverner og etter hvert sager, møller, høvelmaskiner og frøreinseri.

Etter om lag 1950 kom elektrisiteten for fullt. I Sør-Aurdal vart eit tjuetals mindre kraftverk bygd i sideelvane. Av desse er berre Høgfoss Kraftstasjon i drift, og det har han vore kontinuerleg sidan 1916. (Sjå Sagn og Soge 2016, s. 10 og 1992, s. 9.)

I dei seinare åra er det bygd nye småkraftverk fleire stader. Etter kvart klarte ein å meistre også Begna, og Bagn Kraftverk vart bygd i 1963. Eid Kraftverk vart bygd i 2000. Desse er store verk som bruker dei store vassmengdene i Begna. Sør-Aurdal Energi vart starta som Sør-Aurdal Kraftandelslag i 1947 og bygger og driftar linjenettet i Sør-Aurdal og i Liagrenda i Nord-Aurdal. Frå 2012 vart verksemda omdanna til aksjeselskapet *Sør-Aurdal Energi AS* (Kjelde: Annette Hougsrud).

Figur 38. *Dammen for Hølera Kraftverk. Foto: Bagn Bygdesamling. Kraftverket vart bygd i 1909 av Olmhus. Langs Hølera låg også sagbruk, høvel, mølle og frøreinseri.*

Foto: Valdresmusea

Skogbrukshistorie

Sør-Aurdal er ein skogbrukskommune. Skogen har vore nytta ekstensivt i fleire hundre år, og det er mange kulturminne knytt til skogsdrifta. Mykje skog ligg langt unna fast busetting. Før bilvegane og bilane – og før traktorvegane og traktorane – vart tømmeret transportert med hest, eller det vart fløytt. Det meste av hogsten vart gjort om vinteren fordi det var enklare å trekke fram tømmeret på snøen. Det er fortalt at det ein vinter fyrst på 1900-talet ofte gjekk 70 hestar i tømmertransport frå desse skogrike dalføra. Då hadde dei to vegar, ein for tømmervender nedover og ein for tomkjøring opp att.

Figur 39. *Tømmeret vart køyrt med tømmerslede med "bukk" og "geit" fram til vassdraga. Til høgre: Frå Brøtningsdagane i samband med Kulturvernplanen for Vassfaret. Frå hedalen.no. Foto: Jan Warberg*

I skogen

Det var mange operasjonar for kvar stokk: Fyrst gjekk eigaren og blinka trea som skulle hoggast. Så kom hoggaren og hogg treet, kvista, borka og kappa det. Deretter kom hest og mann og lunna (drog saman) stokkane i lunner (haugar). Når snøføret kom, vart tømmeret køyrt med hest ned til vassdrag. Om våren vart kvar stokk målt av to tømmermålarar, og tre gutar med merkeøkser slo på *kjøparmerke* i topp, rot og på midten av stokken. Deretter vart stokken *slått på elva*, og fløytemannskapet sørgde for at stokken kom til Drammenselva og til fabrikkane der.

Figur 40. *Tømmerkøyring. Foto: Valdresmusea / Martin Rundbråten*

Skogsarbeidarane budde i eigne koier (skogshusvære), nokre også med stall. Dei som ikkje budde i nærmaste bygd, kunne ligge innpå åsen i vekevis. Dei var pendlarar lenge før ordet var teke i bruk.

Fløyting
Tømmerfløyting byrja i siste halvdel av 1600-talet. Då kom sal av tømmer til Drammens-distriktet i gang. Nokre stokkar gjekk som eksport mellom anna til England. Begna var ei grei elv for fløyting. Ho var stor og hadde ikkje mange stryk. Sideelvane var meir krevjande. I desse elvane og i Vassfaret er det bygd ca. 40 fløytingsdammar og mange kilometer med skådammar. Dette er store og imponerande byggverk, når ein veit at slegge, meisel og gråstein var utgangspunktet.
Kongeleg løyve til utbygging av elva som renn gjennom «Hedalen i Walders og udj i et vand som heder Spiell» (Sperillen), vart gjeve i 1671. Utbyggaren grunngav søknaden med at bøndene kunne tene pengar og betale skatt, medan han sjølv fekk fyrsterett til tømmeret. Det er uvisst om løyvet vart nytta.

Muggedøla var ei spesielt vanskeleg elv. Det er fortalt at når tømmeret var framkome og skulle sorterast, kunne ein sjå kva for stokkar som hadde vore fløytt i Muggedøla. Stokkane vart sjåande ut som barberkostar etter medfarten dei hadde fått i gjela og fossefalla nedover elva. Som ei følgje av dette fekk skogeigarane dårlegare betalt for dette tømmeret (Bråthen, Eldor 2007).

Figur 41. *Tømmerfløyting i Begna. Foto: Valdresmusea / Martin Rundbråten*

For at ikkje stokkane skulle bli så øydelagt, vart det bygd 14 kilometer tømmerrenner i Buvassfaret og Øyvassfaret rundt 1900. Rennene kravde mykje vedlikehald og gjekk ut av bruk kring 1930, og elvane vart tilrettelagt betre for fløyting. (Sjå Sagn og Soge 1982 s 4).

Då Bagn kraftverk vart bygd i 1963, vart ei tømmerrenne bygd forbi dammen og brukt i nokre år før all fløyting vart nedlagt kring 1968. Då overtok tømmerbilane transporten.

I 1991 vart tømmerfløytinga teken opp att i Vassfaret i ein periode i samband med Kulturvernplanen for Vassfaret landskapsvernområde. (Sjå eige kapittel om Vassfaret og Vidalen.)

Sagbruk
Sagene skar tømmer til eige bruk i lokalsamfunnet, elles vart tømmeret selt ut av kommunen. Bagn Tresliperi tok imot noko tømmer, men helst frå lenger nord i Valdres. Drifta her vara frå 1910 til 1938. Sagbruket Begna Bruk starta opp i 1964 og er vorte ei stor bedrift. Hedda Hytter starta på 1980-talet og produserer no ferdighytter i tre (kjelde: Annette Hougsrud).
I samband med registreringane til kulturminneplanen er 20 skogshusvære og åtte fløytingsdammar i Sør-Aurdal koordinatfesta på digitale kart.

Husmannsplassar

Det var to typar husmenn: *husmann utan jord*, eller *husmann med jord*. Leiga for husmannsplassen måtte dei betale med årlege avgifter eller arbeid. Husa eigde husmannen vanlegvis sjølv. Husa var ofte av tømmer og lette å flytte om husmannen flytta. Mange husmannsstover er no borte.

Her finst mange spor etter husmannsplassar, både i stadnamn, teigar, tufter og bygningar. Det var husmenn allereie på 1600–1700-talet, men fyrst på 1800-talet vart det vanleg. Etter 1855 gjekk talet på husmenn tilbake. Det hadde fleire årsaker:

- Den teknologiske utvikling i landbruket førte til mindre behov for arbeidskraft i jordbruket.
- Industrialisering opna for fleire arbeidsplassar utanfor jordbruket
- Fleire fekk kjøpe plassane og overtok bruket.
- Mange flytta til byane eller utvandra til Amerika.

På 1900-talet vart husmannsvesenet heilt avvikla. I Begnadalen var det opphavleg få, men store gardar, og under ein gard kunne det vere mange husmenn. Andelen husmenn pr. bonde ser ut til å vere høgare i søre halvdel av Valdres.



Figur 42. *Fordelinga mellom bønder og husmenn kring 1865. Frå Lokalhistoriewiki.*

Historia kring husmannsplassane i Sør-Aurdal er viktig, og ikring 2014–2016 har det vore arbeidd med å registrere plassane. Det er listeført til saman 85 husmannsplassar i Sør-Aurdal i samband med kulturminneregistreringane. Plassane er knytt til gardane i Begnadalen: Nord-Garthus (4), Midt-Garthus (2), Rustebekka (5), Steinsrud (4), Grimsrud (5), Øystre Piltingsrud (4), Vestre Piltingsrud (18), Tollevsrud (9), Hougsrud (16) og Sørum (28). Nokre av desse har vorte sjølvstendige bruk, nokre vart fråflytta og er i dag borte. Fleire stader står det att enkeltbygg og tufter etter plassane. 18 av desse er kartfesta digitalt i samband med registreringane i kulturminneplanen. Ifølgje lista vart 23 av desse eigne bruk.

Seterdrift

I Sør-Aurdal går det fram på kart at det er eit geografisk språkskilje mellom seter og støl. Alminnelege uttrykk i Sør-Aurdal er *seter* eller sæter.

Figur 43. *Seter under Skaro. Foto: Valdresmusea. Ukjend fotograf*

Setre finst i forskjellige former. I Sør-Aurdal deles setrene i seter og heimseter. På setra var dei heile sommaren, og her var alt mjølkestell med ysting og kinning. *Heimsetrene* låg i liene ovanfor garden, og mjølka blei ofte frakta ned til garden og ysta der.
Alle moglege ressursar har vore nytte opp igjennom tidene, og beiteressursen har også vore viktig i Sør-Aurdal. Berggrunnen i den sørlege delen av kommunane er hard og sur, medan det lengst i nord er sedimentære bergartar som gjev betre veksttilhøve for gras. Det er også her det tradisjonelt er flest setre.

I 2007–2010 vart det kartlagt beite, reksler og kulturminne i seterområda. I arbeidet vart setre i drift prioritert. Setre vart ikkje kartlagt om ikkje eigaren ønskte det. Berre beite og reksler i den nordlege delen av kommunen vart kartlagt. Til saman 175 minne er kartesta i seterområda. Les meir om setring Sør-Aurdal i *Sagn og Soge 2016 s 61.*



Figur 44. *Kart over registrerte beite og reksler i seterområda ved Bjødalen. Det vart også registrert stigar og bufarsvegar (brune stipla liner)*



Figur 45. *Det er registrert 175 kulturminne i stølsområda i samband med stølsregistreringane i 2008-2010*

Seterdrifta i Sør-Aurdal har gått dramatisk ned. I 2005 var det 15 setrar i drift, medan det i 2016 var berre fire! Det er ein nedgang på rundt heile 74 prosentpoeng (Kjelde: NIBIO 2016).

Figur 46. *Reksle på Gamlestølen i Bjødalen. Foto: Ulf Ullring*

Krigshistorie

Dagane frå 18.–20 og 23.–27. april 1940 skil seg ut frå alle andre dagar i Sør-Aurdal si historie. Kampane i Sør-Aurdal desse dagane er i Noregs krigshistorie omtala som "helvetesdagar". Det vart dei også for dei tyske soldatane som her møtte stor motstand.

Motstanden i Bagn

Infanteriregiment nr. 6 (IR 6) med 4. kompani på om lag 500 soldatar, saman med eit ekstra frivillig kompani på 139 mann, møtte fram til kampane i Bagn for å stoppe tyskarane. Saman med ei norsk artilleriavdeling med tre kanonar og eit mitraljøsekompani med fem norske coltmitraljøser (som vart forsterka til åtte under kampane) laga dei store problem for tyskarane.

Tyskarane sin kampstrategi

Den tyske 163. infanteridivisjon bestod av to bataljonar på om lag 1600 soldatar og nokre norske 75 mm kanonar som tyskarane hadde stole på Akershus festning. Dei hadde då tvinga dei norske transportørane i Oslo til å køyre kanonane til Bagn saman med to panservogner. Med dei kom også ingeniørsoldatar som skulle byggje opp bruer og vegar som var øydelagt av norske styrkar.
Kampane starta ved Høljerast 24. april. Der vart tyske styrkar forsterka med to tyske bataljonar. Til saman 12 panservogner kom ifrå Hadeland til kampane i Etnedal (10) og Bagn (2). Dei vart nedkjempa ved hjelp av norske kanonar og dynamittladningar i bruer og stikkrenner under vegane, og berre fem panservogner kom attende til Oslo.
Under kampane i Sør-Aurdal forsøkte dei tyske styrkane å angripe norske styrkar med "flankeangrep" frå begge sider av dalen. Alle dei fire forsøka vart nedkjempa av norske soldatar med tap på begge sider, og dei norske styrkane tok tyske krigsfangar.

Gråbeinshøle og Bagnsbergatn

Under kampane i Gråbeinshøle 20. april og på Bagnsbergatn 21. april var det 18 tyske som fall, og 17 vart såra. Av nordmenn fall fem soldatar, og 12 vart såra. Av sivile fall ein, og tre vart såra. I desse kampane vart eit heilt tysk kompani leia av Hauptmann Herbert Stemmer såra. Haubtmann sjølv overlevde kampane og døydde i Tyskland i 1974 som ein gammal mann. Det tyske 9. kompani på 92 mann vart nedkjempa av eit vestlandsk kompani på om lag 85 soldatar som vart leia av kaptein Fredrik Rieber Mohn. Han vart seinare såra i kampane og døydde i tysk konsentrasjonsleir.

Islandsmoen og Leirskogen
Frå den 23. til 27. april heldt kampane fram sør ved Bagn Bygdesamling og mot Leirskogen med ein norsk skiløparpatrulje på 22 mann. Dei mista to mann, og ein vart skada.
På Islandsmoberget låg eit kompani leia av løytnant Tommasgård med støtte frå ein del av eit mitraljøsekompani ved Sørre Leite. Fem norske soldatar fall, og fleire vart såra. Her fall også eit ukjent tal tyske soldatar. Det var i dette området tyskarane sette inn tunge bombefly den 26. april 1940.

Siger på Breidablikk
Den 25. april vart eit heilt tysk kompani på om lag 80 soldatar nedkjempa ved Breidablikk. Det var mange falne, og 26 vart tekne til fange på Breidablikk Hotell av kompaniet til kaptein Mons Haukeland.



Overgjevinga ved Slidredomen 30. april
Frå den 17. april kom det om lag 4800 soldatar med tog til Gol. Dei tilhøyrde 4. brigade med IR 9 og IR 10 og var stasjonert på Bømoen på Voss. Nokre av troppane gjekk og vart køyrt til Leira. Soldatane kom i kamp både sør i Hallingdal og i Valdres frå den 19. april, fram til det norske militæret overgav seg ved Slidredomen den 30. april og på Gol den 1. mai. Då var det ikkje andre norske avdelingar i kamp i Sør-Noreg, og det hadde inga hensikt at fleire norske soldatar fall.

Tap
Til saman fall det 157 tyske soldatar i Bagn, og om lag 320 vart såra. Av norske styrkar fall 17 norske soldatar, og 120 vart såra. Fem sivile vart drepne og om lag 15 såra. 47 lokale sivile nordmenn vart tekne til fange i Bagn og nytta som "skjold" mot den norske eldgivinga. 17 gardsbruk med store delar av buskapen brann inne, og 45 enkeltbygg brann eller vart bomba av tyske fly.

Heimestyrkane

Heimestyrkane i Sør-Aurdal vart bygd opp frå ein sped start hausten 1941 av lærar og fanejunker/sersjant Herman Karlsgot i Bagn. Han organiserte mange av dei mennene han følte han kunne stole på. Karlsgot var også med på å bygge opp heimestyrkar i Nord-Aurdal, der han hadde solide medhjelparar. Starten vart ei lita leiargruppe med "eldsjeler" som stadig utvida aktiviteten til fleire bygder i Sør-Aurdal. Frå 1943 vart gruppa sterkare med fleire aktivitetar. Det var vesentleg at dei mest aktive, leiinga og "slepp-gruppa", budde øvst i bygdene slik at dei ikkje vart oppdaga når dei spente på seg skia og drog til fjells til alle tider av døgnet.
Hovudgruppene vart fordelt på Veståsen i Bagn og Reinli, Begnadalen med Buvassfaret og Hedalen med Vassfaret som hovudbase. I enkelte bygder utanom hovudbasane vart det etablert ein lags- eller troppsleiar med ei mindre gruppe.



Frå 1944 vart fleire lokale leiarar og deira gruppe-"jegerar" (soldatar) styrkt med våpen og utstyr. Dei fekk ekstra opplæring i våpenbruk og kommandoleiing av spesialistar som kom ned i fallskjerm .

1944 og våren 1945 vart den mest aktive tida med mykje kontakt med den norske leiinga i London. Frå London sende dei kodemeldingar og utstyr. Vassfaret vart den største «slepp-plassen» fordi flya hadde ein «Rebekka» peilesendar som førte flyet til peilesendaren "Eureka" *Fjellvann* og avdeling *Elg* i Vassfaret viss dei ikkje fann andre slepp-plassar i Sør-Noreg.

Heimestyrkane si historie i Sør-Aurdal er spesiell fordi dei hadde særs stor oppslutning. Det var 800 mann her, men dei hadde utstyr til 2500 mann mot slutten av okkupasjonstida. Fly frakta utrusting frå dei allierte, og heimestyrken her var den best utstyrte styrken med full uniformering for befal og godt uniformerte "jegerar" (soldatar).

Den siste ordren som kom til heimestyrkane frå Nygaardsvold-regjeringa og den norske militære leiinga ved forsvarssjef kronprins Olav i London, var "vokt over våre samfunnsverdier som kraftverk, fabrikker, matlager og drivstofflager samt viktige bygninger" (sjukehus, skular og samfunnsnyttige bygg).

Bygningsmiljø

Som i dei andre Valdres-kommunane vart alle bygningar som var bygd før 1900, SEFRAK-registrert i byrjinga av 1990-talet. I denne kulturminneplanen er det ikkje gjort ein systematisk gjennomgang av verdiar knytt til den eldre bygningsmassen i kommunen. Generelt kan vi seie at byggeskikken i Sør-Aurdal er prega av god tilgang på tømmer. Sør-Aurdal har kan hende meir enn dei andre Valdres-kommunane eit tydeleg skilje mellom store og små gardar. I Sør-Aurdal finn vi store, herskapelege bygningar som på 1900-talet vart forma i sveitserstil. Samstundes finn vi tun med mindre stover som bustad. Byggeskikken har meir austleg påverknad frå flatbygdene, og dei to-etasjes Valdres-stovene som er meir vanlege lenger vest i Valdres, er meir eller mindre fråverande. I Sør-Aurdal finn vi nokre store, enkeltståande gardstun med godt ivareteken bygningsmasse frå 1800–1900-talet.

Figur 47. *Store hus på garden Skaro kring 1920. Foto: Bagn Bygdesamling. Fotograf ukjend*

Figur 48. *Midtre Garthus før 1913. Foto: Bagn Bygdesamling. Fotograf ukjend*

DEL 4 PRIORITERTE LOKALITETAR

Visjon:

Sør-Aurdal skal vere eit lokalsamfunn der folk verdset kulturminna sine, og der kulturminna spelar ei viktig rolle.

Mål:

1) Kulturminna skal takast vare på for framtidige generasjonar.
2) Innbyggjarane skal ha eit høgt kunnskapsnivå om kulturarven i Sør-Aurdal.
3) Kulturminne skal bidra til å styrke Sør-Aurdal-identiteten for alle aldersgrupper.
4) Kulturminna skal bidra til sosial, miljømessig, kulturell og økonomisk verdiskaping.

Strategiar:

1. Prioritere omsynet til kulturminne i alt planarbeid.
    - Ta omsyn til kulturminne i samband med arealplanlegging, utbyggingar, byggesaksbehandling eller andre godkjenningar, eller planlegging av fysiske inngrep.

2. Samarbeide og samordne ressursar for ivaretaking av kulturminne.
    - Samarbeide tverrsektorielt, på tvers av kommunen, organisasjonar, enkeltpersonar osb. om ivaretaking av kulturminne.

3. Aktivt engasjere kulturminneforum for å oppnå måla som er nemnde ovanfor .
    - Oppmode forumet til å initiere kulturminneaktivitetar og formidlingstiltak. Dei kan òg ta initiativ knytt til skjøtsel.
    - Engasjere eit breitt utval av befolkninga i kulturminnearbeidet.

4. Prioritere økonomiske ressursar til aktivitetar gjennomført i regi av kulturminneforum.
    - Sette klare rammer for aktivitetar og tiltak som kan tene måla for kulturminnearbeidet.
    - Initiere arrangement knytt til kulturminne. Minst eitt arrangement kvart år bør vere der folk normalt ikkje ferdast. Det bør vere arrangement som ikkje er knytt til kyrkjer i drift, badeplassar eller godt etablerte turmål.

5. Sikre at arbeidet med og besøk på lokale kulturminne er ein del av opplæringa i grunnskolen.

6. Gjennomføre skjøtselstiltak ved behov.
    - Skjøtselstiltak i vedtekne skjøtselsplanar må ha prioriteringar.

Prioriterte kulturminne oversiktstkart



1. Gamle ferdselsvegar
2. Kaia på Sørum
3. Reinli stavkyrkje
4. Hedalen stavkirke
5. Vassfaret og Vidalen
6. Ølneseter
7. Bagnsbergatn
8. Tungtvansruta
9. Bagn bygdesamling
10. Bautahaugen samlingar
11. Austre Piltingsrud
12. Gjestgjevarhaugen
13. Gamle Bagn
14. Bagn tettstad
15. Nissebakkin
16. Varslingsvarden på Langeberget
17. Olavskjelda
18. Kjeldeknatten
19. Brannstasjon
20. Stadnamn (ikkje på kart)

1 Gamle ferdselsvegar

Fleire viktige stigar og vegar har frå gamalt gått gjennom Sør-Aurdal. Stiane går langs dalføret aust–vest gjennom Begnadalen og gjennom Hedalen. Det er også vegar og stinett som gjev eit samband mellom dalføra Hedalen, Begnadalen og Etnedal.

Brukshistorikk

Rundt 1750 var det berre ridestigar i Valdres. Alle vegane var viktige, men hovudvegane langs dalføra fungerte som hovudvegar ut i verda. Dei eldste vegane vi kjenner til i Sør-Aurdal, er truleg frå vikingtida. I Hedalen går *Kongevegen.* Denne er ikkje forma som ein kjerreveg og var truleg ein rideveg. Han er truleg ikkje ein del av dei offisielle kongevegane som var bygd etter kongeleg forordning på 1600–1800-talet. Det gjekk også ein pilegrimsveg frå Hedalen til pilegrimskyrkja St. Tomaskyrkja på Filefjell i mellomalderen. Kan hende følgde han faret til den gamle Kongevegen. Pilegrimsvegen vart re-etablert i 2004. Ingen veit i dag kvar den opphavlege vegen gjekk, og dagens pilegrimsveg er ei praktisk løysing. Dei fyrste kjerrevegane kom på slutten av 1700-talet. Den bergenske kongevegen kom frå Bruflat over Tonsåsen til Aurdal, og der møtte han vegen som kom frå Sørum gjennom Begnadalen til Aurdal.

Registreringar

Kongsvegen

Kongevegen kjem inn i sør gjennom Ådalen og endar opp i Aurdal, der han møter Den bergenske kongevegen. Datering av denne er uviss, og vegen har ulik karakter på dei ulike strekningane. Delar av strekninga er merkt. Rekneskap i vegboka frå 1820-åra viser at det var hesteskifte på Ildjarnstad.



Vegen gjennom Hedalen ser ut til å vere ein godt opparbeidd kjerreveg, medan vegen over fjellet ser ut til å ha vore ein rideveg. Vegen skal ha vore bygd i åtte alens vegbreidde, men det er uvisst kva for kjelde desse opplysningane kjem frå. Munnleg tradisjon seier at kong Sverre drog denne vegen då han var i Valdres i 1177 på veg mellom Sogn og Gudbrandsdalen. Dette går ikkje fram i sagaen. Det vi veit, er at Aurdals-presten nytta denne vegen mellom Reinli og Hedalen då Nord- og Sør-Aurdal var eitt prestegjeld. Ein av bakkane blir enno kalla Prestbakken. Vegen blir også kalla for *Byvegen* fordi han vart nytta til Drammen, eller rettare til *Bragernes*, som det heitte då. Ei seter på åsen her heiter enno *Branessætra*, etter Bragernes. Kan hende dei nytta setra som kvileplass?

Figur 49. *Kongsvegen Hedalen – Aurdal synt som* ***blå strek****. Vegen er kartlagt av Aurdal historielag og Elling Fekjær og digitalisert av Valdres natur- og Kulturpark*

Over fjellet går vegen forbi Kvitingen (Nord-Aurdal) og Ølsjøen, Fjellsetrin og Blomstølen. I desse områda er det mange spor etter jarnutvinning. Kan hende det var her jarnet vart kløvja vidare vest- eller austover for sal og vidare handsaming? Langs vegen ved Ølsjøen er det også ein gamal kvileplass med merke etter mange varmeplassar langs bergveggen. Plassen er no øydelagt av vegbygging.

Pilegrimsvegen

Pilegrimsvandring er ein del av eit europeisk nett av pilegimsveger, eller leier. I Noreg er leia til Nidaros mest kjent. I Europa er kan hende den spanske Via de Compostela den mest kjende.
Ein *pilegrim* er ein person som førebur eller gjer ei reise av åndelege årsaker. *Pilegrim* kjem av det latinske ordet *peregrinus*, som betyr «framand» eller «utanlandsk». *Pilegrimsreise* er kjent frå fleire religionar, og bruken av omgrepet er blitt utvida til å kunne nyttast for viktige føremål av ikkje religiøs art. Pilegrimen søkjer gjerne åndeleg reinsing eller å kome nærmare det guddommelege.
I mellomalderenn fekk ordet også tydinga «ein person som vandrar frå stad til stad».

Figur 50. *Pilegrimsvegen går gjennom skog, på stigar, skogsvegar og på bygdevegar. Foto: Trond Øigarden 2017*

Pilegrimsvandringar var ofte knytt til ei kyrkje som hadde reinsande eller lækjande verknad.
St. Tomaskyrkja på Filefjell var ei slik kyrkje. Til St. Thomas-kyrkja med undergjerande kraft kom folk frå heile Sør-Noreg med gåver for å få igjen helsa. Segna om Sunniva på Selje kom over fjellet då biskopen i Svithuns-kyrkja i Stavanger var vår biskop, og då Thomas av Canterbury vart skytshelgen på Filefjell.



***Figur 51**. Pilegrimsvegen **(raud strek)** gjennom Sør-Aurdal*

Vi veit nøyaktig kvar ruta frå Hedalen til St. Tomaskyrkja gjekk, men ny rute vart re-etablert i 2004. Vegen går gjennom fire kommunar, forbi seks nyare kyrkjer, fem stavkyrkjer, fire olavsminne, tre mellomalderkyrkjer, to relikvieskrin og mange andre kulturminne. Vegen går på stigar og skogs- og bygdevegar.

Gamlevegen i Begnadalen

Om vegen gjennom Begnadalen finst det lite dokumentasjon. Vi veit at den fyrste kjerrevegen i Sør-Aurdal kom frå Ringerike via båt frå Sørum der det var ferjekai. Derifrå gjekk han gjennom Begnadalen til Aurdal der han møtte Den bergenske kongevegen. Dette kan ein sjå ut ifrå C.H.P. Lunds vegkart frå 1828.

Det var også ein veg frå Bagn til Reinli kyrkje, men denne er truleg for stutt til å visast. Islandsmoen fortel at vegarbeidet starta i 1803 (Hvattum, Harald 1999). I vegkontoret si handbok frå kring 1840 er skysstasjonane Bagn, Garthus og Sørum med. Truleg var det skysstasjonar her tidlegare, for rekneskapar frå 1820-åra viser hesteskifte på Garthus, Bagnsøydegarden, Sørum og Voll. Garthus og Sørum skysstasjon er nemnt i Abel si turhandbok i 1859. I 1870 skal det ha vore ein ny skysstasjon mellom Storesvee og Sørum. I 1890 hadde Garthus ifølgje Yngvar Nielsen si reisehandbok ny skysstasjon.

Figur 52. *Frå skysstasjonen på Nørre Garthus frå før 1889. Foto: Knut Knudsen/Valdersmusea*

Den bergenske kongevegen på Leirskogen

Då Den bergenske kongevegen var under planlegging, valde ein traseen Høljerast–Leirskogen–Bagn og vidare derifrå til Aurdal. Denne vegleia var seig å bruke, og så tidleg som i 1767 skal vintervegen ha gått om Etnedal. Gardane i Hedalen låg milevis frå Den bergenske kongevegen, men likevel var det hedølane som var pålagt pliktarbeid på rode 4 og 5 på Kongevegen på Leirskogen. Hedølane på si side var ikkje interessert i å følgje opp ein veg dei ikkje brukte. Då skulle hedølane ha pliktarbeidet på bruene nørdst i tinglaget i staden. Ved Olavskjelda ligg ein vegstubb som kan vere ein rest av den gamle vegen. Nokre 100 meter ovanfor låg Breidablikk sanatorium.

Figur 53. *Breidablikk sanatorium på Leirskogen. Foto: Axel Lindal*

Gamlebakka

Denne fyrste kjerrevegen mellom Begnadalen og Hedalen skal ha blitt bygd etter initiativ frå prost Hans Jacob Stabel (1769–1836), truleg i hans tid som soknepresten i Sør-Aurdal (1806–1823). Stabel var den første soknepresten i Sør-Aurdal etter delinga av Aurdal prestegjeld. I 1818 var prost Stabel veginspektør i Sør-Aurdal, truleg oppnemnt av Peder Anker som då var generalvegintendant i Akershus stift (Oppland fylke). Begnadalen vart eige sokn i 1859. Fram til då var denne vegen mellom Hedalen kyrkje og Vegamotet kyrkjeveg for folk i Begnadalen.

Oversikt over vegroder i Sør-Aurdal viser at vegen mellom Nerby i Hedalen og Tollefsrud i Begnadalen vart teken i bruk mellom 1863 og 1873. Vegen som prost Stabel fekk anlagt, blir no kalla «Gamlebakka» (kjelde: Sør-Aurdal historielag).



Figur 54. *Prost Hans Jacob Stabel. Stabel var også eidsvollsmann. Kjelde Eidsvoll 1814 / Digitalt museum. Til høgre: Kart over stigen Gamlebakka / Stabelvegen (linja til venstre) frå Hedalen. Lina til høgre viser ein annan gamal veg til Hedalen. Denne er unøyaktig innteikna og må gåast opp med gps*

Dølavegen

Dette er stien Vassfar-folket brukte når dei skulle over fjellet til Hedalen og kyrkja der. Sør-Aurdal historielag har funne, rydda og merkt stien. Han går frå kyrkja rett opp Fledda, for så å gå i flatt fjellterreng på om lag 1100 moh., før han stuper rett ned til Vassfarplassen.



Figur 55. *Dølavegen er vist med lilla linje*

Objekt til kart

Figur 56. *Kart over stigar i kulturminneplanen*

Verdivurdering

Stigane er gjeve verdital 2.

Grunngjeving for verdital

Dei gamle vegane og historiene om dei fortel oss mykje om korleis folk har flytta seg opp gjennom tidene. Vidare fortel dei mykje om impulsar og påverknad/kulturutveksling. Stiane blir brukt, men kan med føremon brukast mykje meir enn dei blir brukt i dag.

Utfordringar

Utfordringane knyter seg til vedlikehald av veg og skilt. Stigar gror snøgt att, og spesielt kjerrevegane har utfordringar med at skogen veks inn på sidene. På kjerrevegane er det også ei utfordring med køyretøy som slit på vegen og lagar køyrespor som er uheldige for drenering og vass-avrenning. På enkelte skilt er symbolet på piktogramma viska ut. Desse bør skiftast ut med symbola til Innovativ Fjellturisme.

Figur 57. *Gå-symbol etter vanskegrad frå lett (grøn) til svært vanskeleg (svart)*

Det knyter seg også utfordringar til oppsetjing av god og pedagogisk turinformasjon og oppdatering av skilt.

I dag blir Kongevegen og Pilegrimsvegen rydda og merkt på privat initiativ. Pilegrimsvegen er merkt blått med keltisk kross som piktogram på stikker. På skilta er det nytta skilt får Valdres Natur- og kulturpark med Valdres-piktogram. Mange stader er fargane på piktogramma utviska. Merking og vedlikehald krev ressursar til oppfølging, og dette er ikkje alltid tilgjengeleg. Kongevegen vart i si tid merkt, men grunna hogst er delar av merkinga no borte.

Vidare er slitasje og flaum ei utfordring. Den nye brua over Muggedøla vart teken av flaum i 2018. På stistrekningane Graslihøgda–Urdevassetra, Vesle Øyvatnet–Smørhølet og Hølersetra–Tobakkbrenn går Pilegrimsvegen på traseen til Kongevegen.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:
Det viktigaste er at stiane blir haldne opne, merkt og nytta.

Bruk: Stiane skal nyttast som vandrevegar.
Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på stiane som kulturminne	Bruke lokal kompetanse og eigarskap	Rydde og vedlikehalde stiane	Kommunen	Kommunen/ VNK
Tilrettelagde stigar	Oppdatert merking og skilting	Merke opp og/eller skifte ut skilt og piktogram der det er naudsynt	Kommune Idrettslag Pilegrimsvegen Historielaga	
Opparbeide Dølavegen	Måle inn, rydde og merke	Legge til rette for vandring	Kommune	Kommune/ VV/VNK
Få fleire ut på tur	Motivering	Arrangere turar	Kommune	Kommune/ VNK
God tur informasjon	Enkel skiltplan etter mal frå Innovativ Fjellturisme og VNK. Bruke forvaltnings-portalen på Outtt	Gå over eksisterande og vurdere nye tavler og skilt. Oppdatere piktogram	Kommune	Kommune/ VV /VNK

Oppfølgingsansvar

Kommune, turlag, historielag, Idrettslaga, Pilegrimsvegen

2 Kaia på Sørum

Garden Sørum ligg synst i Sør-Aurdal, vis-à-vis Begna bruk. Garden var tidleg skysstasjon og skil seg ut med å ha ferjesamband til Sperillen sørover. Det er to eigedomar knytt til skysstasjonen og ferjesambandet, 74/14 og 74/16.

Figur 58. *Sørum med brygga og båt ved ferjeleiet til venstre i biletet. Frå Valdres bygdebok 5.1. Foto: Valdresmusea AS*

Brukshistorikk

Sørum er einaste garden med etterleddet *Heimr*, og namnet kjem av *Sudreimr* frå vikingtid. Namnet indikerer at garden var definert frå nord. Garden vart øydegard under mellomalderen og vart rydda opp att kring 1590. Han ligg tett ved elva og har også vore utsett for flaum. I storofsen i 1789 vart kvernhus, hus, åker og avling øydelagt.

I 1837 vart Sør-Sørum delt i to bruk, men garden vart samla att i 1840-åra. I 1884 vart Sørre Sørum delt i Midtre (bnr. 14) og Sørre Sørum (bnr. 16). Her var også butikk, og den vart skild frå som Nygård. I 1935 brukte Sørre Sørum ei seter, Lomtjernsetra. Det var ein enorm auke i bondefolk på Sørum frå 1782 til 1865, frå 21 til 104 personar. Mykje av dette var husmannsfolk. Til Sørre Sørum var det fem husmannsplassar. Av dei er Torgrimsplassen og Myra i drift som eigne bruk i dag.

Skysstrafikken

Kring 1750 var det berre ridestigar i Valdres. Ut ifrå C.H.P. Lunds vegkart frå 1824 var det berre to køyrevegar, Den bergenske kongevegen og vegstrekninga frå Sørum oppover Begnadalen til Aurdal. Resten var «endnu inpassabel for Hjulvoiturer».

Sørum låg sentralt til med tanke på trafikk frå sør, og kart frå Pontoppian syner at Sørum var postgard i 1785.



Figur 59. *Kart teikna av C.J. Pontoppidan syner postvegar i Noreg i 1785. Hvattum, Harald 1993*

Frå Sørum gjekk vegen vidare oppover Begnadalen. På byrjinga av 1800-talet vart skysstrafikken viktigare, og på Sørum var det også skysstasjon allereie i byrjinga på 1800-talet. Skysstrafikken heldt fram ut 1800-talet. På Sørum er det også ein rodestein frå 1873.

Skysstasjonsbygningen som står i dag, er frå 1886. Det var Gudbrand H. Sørum som fekk sett opp denne bygningen. Han var tippoldefar til dagens eigar og drivar. I tillegg til postopneri og skysstasjon vart her også bakeri og landhandel.

Figur 60. *Skysstasjonen på Sørum under inspeksjon frå Jernbaneverket i 1921. Bygget er sett opp av Gudbrand A. Sørum, tippoldefar til dagens drivar. Foto: Norsk Jernbanemuseum / O.A Hofstad.*

Hest og vogn var energikrevjande og gjekk sakte, og der det var mogleg, vart også vassdrag nytta. Frå Kristiania og Drammen gjekk trafikken med dampbåt på Sperillen opp elva heilt til Sørre Sørum. Det fyrste pakkhuset med brygge vart sett opp av Jernbaneverket i 1869. I 1913 sette det private selskapet Damskipaktieselskap Fram opp eiga brygge og pakkhus. Begge bryggene er no borte, medan pakkhuset frå 1913 står enno.

Figur 61. *Brygger og pakkhus på Sørum i 1913. Til venstre det nye frå A/S Fram, til høgre det gamle frå 1869 . Det er pakkhuset til venstre som framleis står. Kjelde: Svensson, Kai. 2009. Foto: Normann*

Ferjesambandet hadde ein samanheng med utbygginga av jernbanen til Drammen og vidare til Hønefoss og Hen. Strekninga frå Hen til Sperillens sørende er 24 km. Sperillen er 26 km lang i nord-sør-retning. I nordenden renn Begna inn i innsjøen, frå vest kjem Urula frå Hedalen og Vassfaret. Frå Nes i Ådal til Sørum er det 12 km med båt. Total strekning for båttrafikken Hen–Sørum var om lag 60 km.

Den aller første dampbåten som trafikkerte Begna, Sperillen og Begna, heitte *D/S Delphin*. Det var ein liten dampbåt, innkjøpt og driven av velståande privatpersonar i Begnadalen. Etter nokre år vart båten seld og sett i trafikk på Tyrifjorden. I oktober 1867 var Randsfjordbanen ferdig frå Drammen til Tyristrand. Eit større damskip, *D/S Bægna,* vart sett inn vinteren 1868.

I 1894 gav Stortinget 60 000 kroner til ein ny og større passasjerbåt i tillegg til D/S Bægna. Den nye båten skulle også driftast av jernbana. Denne fekk namnet *D/S Spirillen* og vart sett saman på jernbanetomta ved Hen. Båten var klar til sesongen 1896–1897. D/S Spirillen var sertifisert for 200 passasjerar. Båten stakk djupare enn D/S Bægna, og dette vart eit problem med varierande vass-stand i elva. Det var dårleg økonomisk grunnlag for ein så stor båt, og allereie i 1908 vart båten seld og sett i trafikk på Krøderen. Seinare kom mindre båtar med det private selskapet Dampskipaktieselskabet Fram. Dei hadde mellom anna båtane Fram og D/S Valdres.

Dambåttrafikken vara frå 1869 til 1929. Frå 1929 gjekk det motorbåt til ruta vart lagt ned i 1933. Ferja hadde fleire stopp langs Sperillen: Hen, Semmen, Skollerud, Bergsund, Flaskerud, Finsand, Viker, Vollvik, Nes og Sørum**.** Johan Petter Christensen, som var kaptein frå 1869 til 1922, fekk

Kongens fortenestemedalje for lang og tru teneste. Då hadde han frakta om lag 700 000 passasjerar. (Kjelde: Borgersrud, Grete, 2011).

Figur 62. *Stortinget sin jernbanekomité med følgje kjem til Sørum i 1921. Foto: Jernbanemuseet*

Noregs første bilturist, nederlendaren Petrus Scheltemer Beduin, overnatta på Sørum skysstasjon frå 30. til 31. august 1901. Han og hans følgje var på veg frå Kristiania og til Lærdal.

Begnalina

Det var planlagt jernbane linke frå Heen til Bagn i 1922. Dette var i utgreiinga til jarnbanekomiteen den billigaste jernbaneløysing til Bagn pr km. Som kjend var dette alternativet aldri realisert.

Registreringar

Det er ingen registrerte SEFRAK-bygningar på garden. Skysstasjonen er frå 1886, og det er uvisst kvifor denne bygningen ikkje er registrert. Skysstasjonen ligg utanfor området som er definert i kulturminneplanen. Begge bryggene er borte, men pakkhuset frå 1913 står enno. Pakkhuset er i stand og har nytt tak.

Figur 63. *Pakkhuset ligg nær elva. Dei to bryggene er fjerna. Frå norgeibilder.*

Objekt til kart

Figur 64. *To ulike kart over Sørum.*

Verdivurdering

Sørum har fått verdital 2.

Grunngjeving for verdisetting

Samferdsla i Sør-Aurdal er og har vore viktig, og Sørum med skysstasjon og kaianlegg for dampferje er i ei særstilling.



Figur 65. *Sørum sett frå sør 10. mai 1886. Dampbåten D/S Bægna køyrer sin første tur. Foto: K. Norddal. Utlånt av Kai Svenssen*

Forslag til forvaltning

Sørum har to eigedomar og eigarar. På 74/16 har Amund Grønhaug kjøpt eigedomen av Hans Erik Sørum, som har bruksrett på pakkhuset i 10 år frå 2016. Den andre delen eig Wegger Gudbrand

Sætrang med familie. Dei driv han som overnattingsstad og campingplass. Berre eigedomen til Amund Grønhaug er definert inn i kulturminneplanen.

Spesielle omsyn:
Bryggene er fjerna, medan pakkhuset er i god stand. Pakkhuset er avhengig av vedlikehald. Eigaren vurderer å bygge opp ei ny brygge slik ho var opphavleg. Det er viktig at elva og tilgjenget ikkje blir øydelagt av flaum eller inngrep.

Bruk: Pakkhuset og brygga kan brukast som lager, besøksstad eller småskala næringsverksemd etter eigars ynske. Dersom den eine brygga blir rekonstruert, er det mogleg å kome dit med båt som legg til på staden for omvising eller bevertning.

Hovudmål: Det viktigaste er å ta vare på pakkhuset og historia om ferje- og skysstrafikken og Sørum som skysstasjon.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på pakkhuset	Plan for vedlikehald	Tiltak etter behov	Eigar	Eigar Norsk Kulturminnefond Uni-Stiftinga
Ta vare på historia	Samle informasjon	Dele informasjon	Eigar	Eigar
Auka aktivitet knytt til vassvegen	Legge til rette for tilgjenge og auka besøk	Rekonstruere brygga Opne for vitjing og omvising	Eigar	Eigar Innovasjon Norge
Auka næringsaktivitet	Næringsverksemd knytt til historia	Tilby servering og omvising	Eigar	Eigar Innovasjon Norge

Oppfølgingsansvar
Eigar

Figur 66. *Dampbåten M/B Valdres har lagt til kai på Sørum i 1917. Foto: Bagn Bygdesamling / Valdresmusea AS*

3 Reinli stavkyrkje

Reinli stavkyrkje er den yngste og best bevarte av dei seks stavkyrkjene i Valdres. Delar av kyrkja er truleg bygd av stokkar frå ei eldre kyrkje. Kyrkja er den einaste av stavkyrkjene som har bevart alle dei tolv vigslingskrossane.

Figur 67. *Reinli stavkyrkje ligg med vidt utsyn mot Begnadalen. Foto: Dagfinn Rasmussen, Riksantikvaren.*

Reinli stavkyrkje er ei soknekyrkje, men blir berre brukt om sumaren. Elles bruker ein det nye kapellet nedanfor bygdevegen. Kyrkja er truleg riven heilt ned og bygd opp att. Truleg er dette den tredje kyrkja på staden. Det kan sjå ut til at kyrkje nr. 2 brann og resten vart rive, for nokre av materialane må vera brukt om att, sidan dei er datert dendrokronologisk (ved årringsteljing) til 1272 og 1310. Takstolen i Reinli stavkyrkje er dendrokronologisk datert til om lag 1326, og ei reknar med at dette er rett datering av noverande kyrkje. Sidan då har kyrkja vore uendra, men nokre av portalane og veggplankane er truleg fornya.

Figur 68. *Reinli stavkyrkje kring 1880–1890. Foto: Norsk Folkemuseum / Axel Lindahl*

Registreringar

Reinli stavkyrkje er lik Hedalen stavkirke, utan frittståande søyler i kyrkjerommet. Her er søyler i hjørna, og fordi kyrkja er så lang, er det også søyler i langveggane. Kyrkja er ei *einskipa langkyrkje* med kor og halvrund koravslutning bak altaret (apsis) i same breidde som skipet, med innelukka svalgangar, og med ein liten takryttar. Opphavleg var kyrkja eit rektangulært rom med skip og kor i same breidde og høgde. Korskiljet gjekk mellom midtstavane på langveggane. Takryttaren har vore om lag midt på taket.



Figur 69. *Reinli stavkyrkje teikna av Georg Andreas Bull (1829–1917) i 1853. Frå riksantikvaren.no*

Tolv vigslingskrossar

Dei tolv vigslingskrossane, alle frå mellomalderen, er måla svarte. og må vera frå om lag 1326. Reinli stavkyrkje er den einaste kyrkja i Noreg som har bevara alle vigslingskrossane.

Mellomalderinventar

Altartavla er eit mellomaldersk altarskåp tilsvarande altarskåpet i Hedalen stavkirke. Målinga er dels frå 1890-åra, og målarstykka på sidefelta og toppstykket er frå 1923.

Også *altarskåpet i* Reinli hadde eit krusifiks, og ei ”kroning” (kyrkjemodell), som no er i Oslo. Krusifikset som heng på veggen i koret vart skore på 1600-talet etter inspirasjon frå mellomalderen.

Smijarnsbeslaga på vestdøra er frå mellomalder og viser tydelege spor etter omgjering på 1300-talet.

Døypefonten av kleberstein og ei *klokke* i stupulen er alle frå mellomalderen. *Ei luke i veggen* (lepratorium) var for menneske med smittsame sjukdommar eller som av ein eller annan grunn ikkje fekk komme inn i kyrkjerommet, slik at dei kunne skrifte og ta imot nattverden.

Kyrkjegard

Til kyrkja er det kyrkjegard.

Figur 70. Til venstre: *Stavkyrkja med gravlunden og kyrkjegardsmuren i framgrunnen. Foto: Norsk Folkemuseum / Axel Lindahl. Til høgre: Kyrkja og kyrkjegarden i 2015. Foto Dagfinn Rasmussen, Riksantikvaren*

Objekt til kart

Sjølve kyrkja med kyrkjegard er freda. I tillegg er det er lagt ei omsynssone kring eit større kulturmiljø kring kyrkja.



Figur 71. Kyrkja og kyrkjegarden er freda (ståande skravur). Frå Valdreskart.no

Figur 72. *Omsynssone kring kulturmiljøet i nærmiljøet til kyrkja i skrå skravur. Frå valdereskart.no*

Verdisetting

Stavkyrkjene har verdital 1 i Sør-Aurdal kommune.

Grunngjeving for verdisetting

Stavkyrkjene er dei eldste bygga i landet. Reinli stavkyrkje er i ei særstilling fordi ho er lite endra frå slik ho opphavleg var i mellomalderen.

Forslag til forvaltning

Det er Riksantikvaren som har ansvaret for sjølve kyrkjebygget, og kyrkja er i god tilstand. Stavkyrkja ligg saman med Reinli kyrkje og kyrkjegard i ei omsynssone for kulturminne. Kyrkja er i bruk som omvisingskyrkje om sumaren. Omvisingstenesta blir organisert av Sør-Aurdal kyrkjelege fellesråd.

Figur 73. *Kyrkja i landskapet. Frå studentoppgåve ved UiMB. Til høgre: Kyrkja sett nedanfrå. Foto: Dagfinn Rasmussen*

I omsynssona er det lagt følgjande vilkår: *Hensyssonene ved Reinli og Hedalen stavkirker skal sikre det verdifulle kulturlandskapet omkring stavkirkene og middelalderkirkegårdene. Alle tiltak skal ta hensyn til og videreføre kulturminnene og kulturmiljøets verdier. Når kommunen er i tvil om tiltakets virkning i forhold til hensynets formår, vil kommunen innhente faglig råd frå kulturminnemyndighetene.*

Spesielle omsyn:

Med auka besøk er kyrkja utsett for slitasje. Kommunen må heile tida vere merksam på tilstanden og tolegrensa til kyrkja. Bygningen ligg godt synleg på ei høgd og fungerer som eit signalbygg. Det er viktig at det blir vist respekt for bygging i omgjevnaden, og at områda rundt ikkje blir bygd ned eller øydelagt av andre føremål.

Figur 74. *Kyrkja med inngangsparti. Foto: Dagfinn Rasmussen, Riksantikvaren*

Det viktigaste er å ta vare på bygningen i opphavleg tilstand. Andre omsyn som bør takast, er:

- å ta vare på kyrkja som religiøst bygg
- å ta omsyn til kyrkjelyden
- å legge til rette for auka besøk
- å legge til rette for god parkering
- opplevinga av kyrkja i landskapet og omgjevnadene rundt kyrkja

Bruk:
Kyrkja skal nyttast til kyrkjelege handlingar, formidling , omvising og arrangement.

Hovudmål:
Det viktigaste er å ta vare på kyrkjebygget og historia om kyrkja.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta omsyn til kyrkja som kulturminne	Følgje opp vilkår i omsynssona	Årleg dokumentasjon av status	Kommunen	Kommunen
Ta vare på kyrkjebygget	Rutinar for vedlikehald	Ordinært vedlikehald	Riksantikvaren Kyrkjeleg fellesråd	Riksantikvaren
Ta vare på det religiøse bygget	Planlegging	Kyrkjelege arrangement	Kyrkjeleg fellesråd Kyrkjelyd	Kommunen/ soknerådet
Fleire kulturelle arrangement i kyrkja	Tilby lokala til kulturarrangement	Kulturarrangement	Kommunen Kyrkjeleg fellesråd	Kommunen Kulturutøvarar
Auka kunnskap	Utarbeide opplegg for besøk i DKS	Besøk i stavkyrkjene i DKS	Kommunen	OFK Kommunen
Auka kjennskap	Marknadsføring	Annonse i Valdresguiden, web og Outtt	Kommunen Kyrkjeleg fellesråd	Kommunen

Oppfølgingsansvar

Sør-Aurdal kyrkjelege fellesråd, Sør-Aurdal kommune, Riksantikvaren, kyrkjelyd

4 Hedalen stavkirke

Brukshistorikk

Hedalen stavkirke er den eldste bevara stavkyrkja i Valdres. Kyrkja vart truleg bygd om lag 1163, og skipet i kyrkja er den eigentlege stavkyrkja. Det er funne myntar under kyrkjegolvet frå kong Sverres tid 1177–1202. I 1699 vart kyrkja bygd om til ei krosskyrkje. Tverrskipet og langkoret i lafta tømmer er altså ikkje frå mellomalderen. Sjølve stavkyrkja er ei *einskipa langkyrkje* utan frittståande indre søyler. Her er berre stavar eller søyler i hjørna, og desse ber veggar og tak. Stavkyrkja har svalgangar frå mellomalderen.

Kyrkja var ei votivkyrkje eller lovekyrkje, det vil seie ei kyrkje som ein gav gåver til, i bønn eller takk for hjelp, særleg ved Hedalsmessene 24. juni eller 29. september

Figur 75. *Kyrkja med inngangsparti. Det er den fremste delen som er den opphavlege stavkyrkja. Foto: Katharina Sparstad*

Registreringar

Ornamentikk frå 1100-talet

Hovuddøra mot vest er omgjeven av ein portal med drage- og rankeornamentikk frå slutten av 1100-talet. Dette er eit av hovudverka av norsk mellomalderkunst, der dragane symboliserer dei vonde maktene som ein legg bak seg utanfor gudshuset. Vestdøra har også smijarn frå mellomalderen, men alt er omplassert på nytt dørblad og viser ikkje korleis det opphavleg såg ut. I svalgangen er det fleire runeinnskrifter.

Inventar frå mellomalderen

Hedalen stavkirke har uvanleg mykje katolsk inventar. *Relikvieskrinet* på sørveggen i koret ved alteret er det fremste klenodiet i kyrkja. Skrinet er av tre, med forgylt kopar, og er frå om lag 1250. Figurgrupper på takflatene og sidene viser mellom andre Kristus, Maria, Johannes, St. Jakob, St. Thomas (Becket), St. Olav og St. Peter. Også den originale båra til skrinet er teken vare på, den einaste i sitt slag i Noreg. Ei utgåve av relikvieskrinet er motivet til Sør-Aurdal kommune sitt kommunevåpen.



Figur 76. *Relikvieskrinet. Foto: Nina Aldin Hauge*

Hedalsmadonnaen (Maria-skulpturen) frå midten av 1200-talet heng til venstre for koropninga, men har før stått midt på altarskapet. Figuren er også eit av dei finaste kunstverka frå norsk mellomalder.

Kyrkjemodellen (sakramenthuset) til høgre for koropninga høyrer eigentleg saman med altarskapet og har eit kvinnehovud på toppen av hovudtårnet.

Altartavla er opphavleg eit gotisk altarskap som truleg vart forandra i 1699 og måla i 1769.





Figur 77. *Til venstre: Madonnaskulptur frå mellomalderen. Foto: Ole Jørgen Liodden. I midten: Kyrkje-modellen. Foto: Nina Aldin Hauge. Til høgre: Gotisk altartavle. Foto: Ole Jørgen Liodden.*

Krusifikset på altarskapet er frå om lag 1260–1280. *Døypefonten* i romansk stil er av kleber frå Gudbrandsdalen, med eit konisk lokk av tre, og er frå om lag 1250. *Røykelseskaret* er frå om lag 1200, og *kysseplata* med runer er frå ca. 1200–1250. Kyrkja har to *klokker* frå mellomalderen, dessutan ei *messeklokke* over korskiljet.

Bjørneskinnet i søre tverrskip blir knytt til ei segn om at Hedalen var heilt avfolka etter svartedauden. Ein skyttar fann att kyrkja i skogen og skaut ein bjørn framfor altaret. Dette er ei vandresegn som finst ved fleire andre kyrkjer. Hedalen var ikkje folketom. Kanskje var bjørneskinnet ein amulett til vern mot dei mange bjørnane i området, eller kanskje eit uvanleg golvteppe for presten framfor altaret. Skinnet er C14-datert til perioden 1290-1370.

Objekt til kart

Kyrkje og kyrkjegard er freda ved kulturminnelova. I tillegg har kommunen lagt ei omsynssone kring kyrkja og kulturlandskapet rundt.



Figur 78- *Kyrkja med freda område (til høgre) og omsynssona (til venstre). Frå valdreskart.no*

I omsynssona er det lagt følgjande vilkår: *Hensyssonene ved Reinli og Hedalen stavkirker skal sikre det verdifulle kulturlandskapet omkring stavkirkene og middelalderkirkegårdene. Alle tiltak skal ta hensyn til og videreføre kulturminnene og kulturmiljøets verdier. Når kommunen er i tvil om tiltakets virkning i forhold til hensynets formår, vil kommunen innhente faglig råd frå kulturminnemyndighetene.*

Verdivurdering

Stavkyrkjene har verdital 1 i Sør-Aurdal kommune.

Grunngjeving for verdisetting

Stavkyrkjene er dei eldste bygningane i landet. Hedalen stavkirke er i ei særstilling fordi ho er den eldste stavkyrkja i Valdres.

Forslag til forvaltning

Det er Riksantikvaren som har ansvaret for sjølve kyrkjebygget, og kyrkja er i god tilstand. Stavkyrkja ligg saman med Hedalen kirke i ei omsynssone for kulturminne. Kyrkja er i bruk som omvisingskyrkje om sumaren. Omvisingstenesta blir organisert av kyrkjeverja i Sør-Aurdal.

Spesielle omsyn:

Med auka besøk er kyrkja utsett for slitasje. Kommunen må vere merksam på tilstanden og tolegrensa til kyrkja. Bygningen ligg godt synleg på ei høgd og fungerer som eit signalbygg. Det er viktig at det blir vist respekt for kyrkja i omgjevnaden, og at områda rundt ikkje blir bygd ned eller øydelagt av andre føremål.



Figur 79. *Kyrkja i landskapet. Kyrkja har hovudsiktlina mot sør og aust. Til høgre: Vurdering av siktline og sårbarheit i høve til oppleving av kyrkja i landskapet. Frå studentoppgåve ved UiMB 2008.*

Det viktigaste er å ta vare på bygningen i opphavleg tilstand. Andre omsyn som bør takast, er:

- å ta vare på kyrkja som religiøst bygg
- å ta omsyn til kyrkjelyden
- å legge til rette for auka besøk
- å legge til rette for god parkering
- opplevinga av kyrkja i landskapet og omgjevnadene rundt kyrkja

Bruk:

Kyrkja skal nyttast til kyrkjelege handlingar, formidling , omvising og arrangement.

Hovudmål:

Det viktigaste er å ta vare på kyrkjebygget og historia om kyrkja.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta omsyn til kyrkja som kulturminne	Følgje opp vilkår i omsynssona	Årleg dokumentasjon av status	Kommune	Kommune
Ta vare på kyrkjebygget	Rutinar for vedlikehald	Ordinært vedlikehald	Riksantikvar Kyrkjeleg fellesråd	Riksantikvar Kommune
Ta vare på det religiøse bygget	Planlegging	Kyrkjelege arrangement	Kyrkjelyden Kyrkjeleg fellesråd	Kommune Soknerråd Private
Fleire kulturelle arrangement i kyrkja	Tilby lokala til kulturarr.	Kulturarrangement	Kommune Kyrkjeleg fellesråd	Kommune Utøvarar
Auka kunnskap	Utarbeide opplegg for besøk i DKS	Besøk i stavkyrkjene i DKS	Kyrkjeleg fellesråd Kommune	OFK Kommune
Auka kjennskap	Marknadsføring	Annonse i Valdres-guiden, web/Outtt	Kyrkjeleg fellesråd Kommune	Kommune

Oppfølgingsansvar

Sør-Aurdal kyrkjeleg fellesråd, kommunen, Riksantikvaren, kyrkjelyd/kyrkjeverje

5 Vassfaret og Vidalen

Vassfaret og Vidalen landskapsvernområde, er eit landskapsvernområde med vernestatus frå 1985. Området går inn i både Sør-Aurdal kommune i Innlandetd og Flå, Nes og Ringerike kommunar i Viken. Innanfor landskapsvernområdet er det fleire reservat. Vassfaret og Vidalen landskapsvernområde er på om lag 200 000 daa, medan Indre vassfaret landskapsvernområde er på 42 000 daa. Det vart i 1991 ferdig ein *Kulturvernplan for Indre Vassfaret* for om lag 8000 daa av skogen i Indre Vassfaret landskapsvernområde. Landskapsvernet gjeld eit barskogområde, men det er spesielt bruken og kulturpåverknaden som gjer at dette er med i kulturminneplanen.
I 2018 vart Vassfaret innanfor landskapsvernområdet i Sør-Aurdal ein del av KULA – Kulturhistoriske landskap av nasjonal verdi under Riksantikvaren. Kulturminneplanen tek berre for seg det som gjeld Sør-Aurdal kommune. I 2019 blir det arbeida med ei omgjøring av deler av indre landskapsvern-område frå vernestatus landskapsvern til reservat. Hensikta er eit sikre dalgangen med eit meir heilskapleg vern. I samband med utvidinga vert kulturvernplanen formeldt nedlagt.

Brukshistorikk

Det mest karakteristiske for Vassfaret og Vidalen er skogen og bruken av han, med tømmerhogst og fløyting. Allereie i 1714 er det skriftlege kjelder om Vassfar-brøtningen. I tillegg har området vore viktig for jakt, fiske, landbruk og stølsdrift frå nyare tid. Under krigen heldt ein viktig base for Milorg til her. *Elg* heitte basen som Milorg oppretta hausten 1944, og som hadde hovudkvarter i Vassfaret.

Dei eldste spora

Dei eldste spora i Vassfaret og Vidalen er knytt til fangst av elg. Ved Gravvasshaugen i Vidalen, på grensa til Ringerike lengst søraust i Sør-Aurdal, ligg eit fangstanlegg for elg. Anlegget inneheld minst seks groper og kryssar utløpet av Gravvatnet. Nokre av desse ligg i Ringerike. Også ved Kroksetra og Ørneflag ligg det fangstgropar. Fangstanlegg for elg knyter seg ofte til yngre steinalder/bronsealder.

På Storrustefjell lengst sør i Sør-Aurdal ligg ein stein med helleristningar. Det er uvisst kor gamle ristningane er, men dei er registrert som forhistoriske. Det er fleire spor etter jarnutvinning i Vassfaret. Dei eldste skriv seg frå eldre jarnalder (sjå kapittel om slaggsteinen på Bautahaugen), men dei fleste skriv seg frå yngre jarnalder. På den tida (merovingartid–vikingtid) vart teknikken annleis, no vart myrmalmen brent med kol og ikkje ved. Kring dei «nyare» jarnvinneanlegg finn vi oftast fleire kolgroper.

Det har vore fast busetting med gardsdrift og stølsdrift i Vassfaret. Stølane følgde også gardar i Hedalen, og fleire har vore i drift fram til seinare tid. Nokre av busettarane dreiv ein kombinasjon av skogbruk, jakt/fangst og småbruk i kombinasjonsbruk. Berte Skrukkefyllhaugen (fødd 1854, død 1950) var ei av dei siste fastbuande i Vassfaret.

Sidan tømmereksporten tok seg opp på 1600–1700-talet, har skogdrifta vore viktig i Vassfaret. Tømmer vart drege ut med hest og lagt langs vassdraga der det vart fløytt vidare ut Hedalsvassdraget til Øvre Ådal.

Figur 80. *Aurdalsdammen kring 1930. Huset til høgre er no borte. Kjelde: Eldor Bråten 2007*

Figur 81. *Skogshusvære i Vassfaret. Foto: Katharina Sparstad*

Tømmerfløytinga, eller brøtningen som det heiter i Hedalen, vart nedlagt i 1967. Som ein del av *Kulturvernplanen for Indre Vassfaret* vart det i 1991 starta opp att tømmerfløyting (brøtning) i ein del av Vassfaret. Tømmeret vart slept ut i Øvre Grunntjern og tatt opp att ved Nevlingsdammen. Hensikta var å vise korleis tømmerdrifta var i gamle dagar. Tømeret vart hogd på «gamlemåten» og køyrd fram med hest. Denne kulturvernbrøtningen held fram til og med 2007. «Brøtningsdagen», som regel siste helga i mai var ein stor hending og mye folk møtte opp.

Etter at buplassen Skrukkefyllhaugen vart bygget opp att, har det kvart år frå 2013 vore arrangert «Vassfardag». Hovudhensikta er å ta vare på og formidle natur- og kulturtradisjonen i Vassfaret vidare til nye generasjonar.

Vassfaret var og er framleis eit viktig jaktområde. Her er eit rikt skogsrelatert dyreliv, og sjølv om det er mange spor etter menneskeleg kulturpåverknad, kan området opplevast som villmark. Her fann mellom andre villmarksforfattaren Mikkjel Fønhus inspirasjon til bøkene sine.

Figur 82. *Mikkjel Fønhus klar for villmarksopplevingar*

Registreringar

Det er ikkje gjort systematiske registreringar i området, men mange minne er kjent og kartlagt. Kartet nedanfor syner kulturminne som prikkar og bygningar frå før 1900 som trekantar. Der er registrert fangstanlegg for elg, jarnvinneanlegg og helleristningar. Ristningane veit vi lite om, men den ytre delen av ristninga består av to konsentriske sirklar med tverrlinjer mellom. Diameteren på den indre sirkelen er 42 cm, diameter på den ytre sirkelen er 66 cm. Inne i sirkelen er det 10–25 mm breie tverrliner, og i sentrum er ein rettlina figur. Rundt ristninga kan det sjå ut som at det er lagt opp steinar i halvsirkel. To av desse steinane er i kvarts og av om lag same størrelse. Elles i området finst få kvartssteinar. Ein kan derfor ikkje utelukke at dei er henta hit.

I tillegg er det registrert fleire busettingar, stølar, skogshusvære, fiskebuer, damanlegg og damhytter og veg- og stinett. Kongevegen går inn i Hedalen frå Vidalen.

Figur 83. *Frå Aurdalssetra. Foto: Katharina Sparstad*



Figur 84. *Kart over kulturminne i Vassfaret frå askeladden.no. Ristninga er markert med blå pil, fangstanlegg med raud pil og jarnvinneanlegg med gul pil.*

Den siste busettaren her var Berte Skrukkefyllhaugen. På tomta hennar er det no sett opp eit nytt hus om lag slik det kan ha vore.

Figur 85. *Berte Skrukkefyllhaugen var siste busettar i Vassfaret. Her på 90-årsdagen på aldersheimen i Flå. Foto: Ole Elsrud*

Figur 86. *Restar etter fløyteanlegg i Aurdalsfjorden. Foto: Katharina Sparstad*

Figur 87. *Nevlingdammen. Foto: John Erling Blad*

Figur 88. *Dambua ved Nevlingdammen. Bua er restaurert i seinare tid. Foto: Katharina Sparstad*

.

Figur 89. *Desse stallane vart sett opp i samband med bygging av sjølve dammen kring 1910. Foto: Katharina Sparstad*

Gardane i Sør-Aurdal

Haraldsbråten låg opp i lia ovanfor Aurdalsdammen. Plassen er truleg rydda mellom 1750 og 1800. Rydningsmannen er ukjend, mest sannsynleg var det Gunnar Mikjelsen (bror til Gudbrand på Vassfarplassen). Kven som budde der og kor lenge, er heller ikkje kjent. Men allereie i 1839 vart plassen kalla for Haraldsbråtesetra. Det blir sagt at oppsittarane reiste til Amerika. Husa er no flytta ned til Aurdalsdammen og bygd om til fiskebuer.

Figur 90: *Nokre av fiskebuene langs Aurdalsfjorden var opphavleg frå Haraldsbråten. Foto: Katharina Sparstad*

Bjørke ligg i nord-vestenden ved Aurdalsfjorden. På kart frå 1839 er plassen kalla Bjørkeodden. Til plassen høyrde også setra Hansespranget og Rognerudvollen, som er ei slåtte på Flåsida. Rydningsmannen heitte Anders Torgrimsen, han rydda plassen om lag i 1810. I 1866 hadde Bjørke 3 mål dyrka mark og 20 mål slåtteland. Anders var fødd i 1776 og gifta seg i 1812 med Barbro Iversdotter. Dei fekk 10 born, og dei fleste reiste til Amerika.

Figur 91. *Bjørke i Vassfaret. Foto: Valdresmusea / Bagn Bygdesamling*

Anders døydde i 1846, og eldste sonen, Anders, overtok plassen, men han selde allereie i 1850 til flåværingen Amund Nilsen Hilde (Åsguten). I kjøpekontrakten står det blant anna at ei flintelåsrifle og 59 fiskegarn følgde med i handelen. Etter Åsguten var det fleire eigarar og brukarar. På 1880-talet var det skule på Bjørke. Plassen vart fråflytta i 1914.

Hallingvika ligg på Flåsida i sør-vestenden i Aurdalsfjorden. Dette var ingen plass, men eit skogshusvære. Hit flytta Berte Skrukkefyllhaugen, mannen hennar Ole Svendsen (Fanten) og sonen Anton i 1899, då dei kom tilbake frå Torpo (der Ole Svendsen var frå) etter at stuggua på Skrukkefyllhaugen hadde brunne. Anton bygde opp stall og fjøs, og her budde dei til 1921 då dei flytta til Flå kyrkjebygd. Med det var den faste busettinga i Vassfaret slutt.

Skrukkefyllhaugen ligg ved vatnet Skrukkefylla. Rydningsmann var Østen Olsen Dølveseie, f. 1812, gift i 1840 med eldste dotter på Bjørke, Marit. Dei fekk fire barn, men berre Berte vaks opp. Plassen vart rydda om lag 1840 og fråflytta i 1891. I 2012 byrja att-reisning av plassen, og der er no både stove, låve og fjøs, slik som tunet på den opphavelege plassen truleg var.

Amundheimen ligg i nordenden av Nevlingen og er nabo til Vassfarplassen. Eiliv Jonsen frå Stavn i Flå rydda/bygde opp att plassen kring 1750. Han var fødd i 1681 og døydde i 1765. I 1716 gifta han seg med Barbro Embriktsdotter og fekk fem barn. Plassen vart først kalla Haugen, men har seinare blitt kalla Amundheimen. Plassen vart sjølvstendig bruk i 1838. Amund Gudbrandsen frå Vassfarplassen vart neste eigar. Han drukna i Aurdalsfjorden i 1843, og enka og begge borna reiste til Amerika. Åsguten kjøpte også denne eigendomen i 1850. Det har vore mange brukarar og eigarar her fram til 1912.

Vassfarplassen, også kalla Mikkelsplassen, Nevlingsmoen, Døleplassen og Nordre Vassfaret, var den største garden i Vassfaret. Han vart rydda/bygd opp att av Eirik Tolleivsen frå Kolsrud i Flå nær 1750. Han var fødd i 1702, var gift to gonger og hadde seks born. Kjelde: Arne Heimstøl, hedalen.no. Bare stabburet står att av dei opphavelege husa, dei andre er sett opp att i seinare tid.

Figur 92. *Vassfarplassen. Foto: John Erling Blad*

Setrer i området
Det er fleire setrer i område. Dei mest kjende er Aurdals-setrene, Hansespranget og Hangen, men det har i si tid vore minst 20 setrer i bruk (kjelde hedalen.no).

Verneområde og verneform
Vassfaret er eit landskapsvernområde med vernestatus frå 1985 med kongeleg resolusjon. Innanfor landskapsvernområdet er det fleire reservat. Vassfaret og Vidalen landskapsvernområde er på om lag 200 000 daa, medan Indre vassfaret landskapsvernområde er på 42 000 daa. I 1990 vart det inngått ei avtale mellom Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet og grunneigarar i ein kulturvernplan for Indre Vassfaret landskapsvernområde gjeldande frå 1991. Planen dekker om lag 8000 daa av skogen i Indre Vassfaret landskapsvernområde. Landskapsvernet gjeld eit barskogområdet, men det er spesielt bruken og kulturpåverknaden som aktuelt for denne kulturminneplanen.

Innanfor bandleggingsområde er det ikkje tillate å sette i verk tiltak som er i strid med bandleggingsføremålet. Vassfaret er varig verna mot vassdragsregulering. Vassfaret er verna med mildaste form, som landskapsvern. Her er det definert *Indre og Ytre landskapsvernområde*. Innanfor landskapsvernområdet er det ni mindre naturreservat, som er ei strengare verneform.

Naturreservata nedanfor er lista opp frå søraust mot nordvest:

1. **Vassfaret/Vidalen landskapsvernområde**, oppretta 28. juni 1985, 200 519 dekar
    1. Bukollen naturreservat, oppretta 28. juni 1985, 3 199 daa
    2. Godmatdalen naturreservat, opprettet 28. juni 1985, 1 342 daa
    3. Middagsknatten naturreservat, oppretta 28. juni 1985, 1 241 daa
    4. Søndre Dyttholknatten naturreservat, oppretta 28. juni 1985, 758 daa
    5. Nordre Dyttholknatten naturreservat, oppretta 28. juni 1985, 564 daa
    6. Festningen naturreservat, oppretta 28. juni 1985, 1 007 daa
    7. Aurdalseterberga naturreservat, oppretta 28. juni 1985, 1 216 daa
    8. Nevlingkollen naturreservat, oppretta 28. juni 1985, 1 403 daa
2. **Indre Vassfaret landskapsvernområde**, oppretta 28. juni 1985, 44 976 daa
    1. Bringen naturreservat, oppretta 27. august 1954, men betydeleg utvida frå 28. juni 1985, 8 010 daa

I samband med kulturvernplanen vart bygd ein skogsbilveg frå Nevlingsdammen til Amundheimen (Skjærbergvegen).

I 2013 var det starta ein prosess knytt til frivillig vern innanfor *Indre landskapsvernområde*. Dette dreier seg om eit om lag 15 km^2 stort område og omgjering av Indre Vassfaret LVO og ein mindre del av Vassfaret–Vidalen LVO til naturreservat, saman med tilgrensande Nevlingkollen og Bringen naturreservat 24,5 km2. Området består av landskapet fra Nevlingen–Nevlingkollen i søraust til Suluvatnet–Slasetra i nordvest, inkludert dalbotnen med Nevlingen innløp, Nedre og Øvre Grunntjedn og Suluvatnet.



Naturfagleg kartlagde område i 2014:

1. Øvre Grunntjedn V
2. Vassfarplassen
3. Slåfjellet NV
4. Nevlingkollen Ø
5. Amundheimen

Figur 93. *Kart syner området som er kartlagd og verdisett i samband ved utgreiing for frivillig vern. Frå Indre Vassfaret, Fylkesmannen i Oppland og Buskerud 2014*

I 2019 vert dette arbeidet videreført. Noverande Kulturverplan for Vassfaret og Vidalen vert då formelt avvikla i samband med nye verneføremål for deler av området.

I 2018 vart Vassfaret innanfor landskapsvernområdet i Sør-Aurdal ein del av KULA – Kulturhistoriske landskap av nasjonal verdi under Riksantikvaren. Kulturminneplanen tek berre for seg det som gjeld Sør-Aurdal kommune.

Planter og dyr

Vassfaret er også kjent for det rike plante- og dyrelivet. Her er mykje vilt som elles ikkje lenger er vanleg i vår fauna, og frå gamalt er det kjent at dette var tilhaldsstad for bjørn. Truleg har det også vore ulv i området. Det siste mennesket som vart drepen av bjørn i Vassfaret, var gjetarguten Johan Sagadalen i 1906. Med bakgrunn i denne tragiske hendinga, vart jakta på den kjente slagbjørnen Rugg sett i gang. Det skal likevei ikkje ha vore Rugg som drap Johan. Rugg var en svært stor bjørn, medan bjørnen som slo i hel Johan Sagadalen var liten. Det er sett opp ei minnetavle over hendinga der Johan vart drepen ved Domfet, og ei minnetavle der Rugg vart skoten Storebekkseilen på Hedalssida av Vassfaret (Bjarne Berg Pers med).
I dag er det jerv og gaupe i området, i tillegg til mår, rev og røyskatt som rovdyr. Elles er alle skogsdyr vanlege, som grevling, tiur, orrfugl, rype, rovfuglar og småfugl. Av hjortevilt finst både elg og hjort. Mange opplever dette som urørt villmark. Når ein går ut ifrå definisjonen på urørt villmark, som er 5 km frå nærmaste menneskelege inngrep, blir kartet som nedanfor:



Figur 94. *Berre nokre små område (mørk grøne) kan karakteriserast som urørt villmark. Frå naturbase.no*

I landskapsvernområdet er det registrert verdifulle naturtypar, artsrike område og utrydningstruga enkeltartar.



Figur 95. *Område med registrerte verdiar (grøn skravur) og enkeltartar (grøne krossar/grå prikkar). Dei raude områda er naturreservata, medan det store grøne området er landskapsvernområdet. Dei blå linene er vernegrense for vassdrag. Frå naturbase.no*

Det er også eit område med utvalde naturtypar med nasjonal verdi registrert på Vassfarplassen. Registreringane knyter seg til kulturlandskap og slåttemark.



Figur 96 På *Vassfarplassen er det registrert slåtteenger med nasjonal verdi. Frå naturbase.no*

I verneprosessen av Vassfaret vart det i 1968–73 gjennomført kartlegging av vegetasjonen. Registreringane var ein del av IPB, det internasjonale program. Føremålet var å skaffe økologisk innsikt til å utvikle metodar for å sikre det biologiske mangfaldet og biotopar ((Akervold, Ola K. og Magne 2008).



Figur 97. *Vegetasjonskart vart utarbeidd i 1968–73 gjennom IBP, det internasjonale biologiske program. Føremålet var å betre kunne ta vare på biologisk mangfald og biotopar. Kjelde: Aune, Egil Ingvar, 1978*

Objekt til kart



Figur 98. *Vassfaret og Vidalen landskapsvernområde i rutenettet. Vassfaret med Fønhuskoia ligg nord for landskapsvernområdet. Rett aust for Fønhuskoia ligg ei omsynssone i skravur. Frå valdreskart.no*

Verdivurdering

Vassfaret og Vidalen er gjeve verdital 1 (etter verdisettingskala 1-4 i kulturminneplanen)

Grunngjeving for verdisetting

Området er både landskapsvernområde og kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Vassfaret og Vidalen har både særeigen natur og ei lang og unik kulturhistorie, frå steinalder, busettar- og skogbrukshistoria på 1700–1900-talet til krigshistoria på 1900-talet.

Forslag til forvaltning

Fram til 2020 er det eit *driftsstyre* som arbeider etter Kulturvernplan for Indre Vassfaret . Arbeid og tiltak i Indre Vassfaret og Vidalen har skjedd etter denne planen. Det er fem grunneigedomer i Sør-Aurdal og ein i Flå knytt til verneområda. Desse er med i "Avtale om gjennomføring av kulturvernplanen for deler av indre Vassfaret landskapsvernområde". Avtala er inngått mellom grunneigarane og Fylkesmannen i Oppland i 1991, sist revidert i 2003. Ved ei eventuell utviding av Bringen reservat og endring av vernestatus i Indre landskapsvernområde i 2019 vert Kulturvernplan for Indre Vassfaret formeldt avvikla.

Spesielle omsyn:
Det viktigaste er å ta vare på natur- og kulturverdiar i området i og utanfor bandlagt område. Vassfaret og Vidalen er verna etter kongeleg resolusjon i 1985. Innanfor bandleggingsområde er det ikkje tillate å sette i verk tiltak som er i strid med bandleggingsføremålet. Vassfaret er varig verna mot vassdragsregulering,

Når det gjeld KULA – kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse, så er dette meint som eit verktøy for kommunane slik at dei kan ivareta viktige landskapsverdiar i si planlegging.

Bruk:
Føremålet med kulturvernplanen har vore å ta vare på, attskape og formidle ein del av det gamle miljøet frå den tida skogsdrifta føregjekk ved hjelp av hest og fløyting. Utgangspunktet for avtala var at grunneigarane ikkje skulle belastast økonomisk. Det bør også vere ein føresetnad i framtidig verneplan.

Området er rikt på opplevingar og godt eigna for meir natur- og kulturbasert turisme. Vassfaret elvekasse er ein frivillig organisasjon som har bidrege til tiltak og aktivitetar. Området har «alltid» vore brukt av folk og toler mykje meir aktivitet enn det som er tilfelle i dag. Utfordringa er å få lønnsemd i naturbasert reiseliv og næringsutvikling i området.

Av aktivitetar er det ei rekkje tilrettelagde stigar i området, og kvart år blir Vassfardagen, marknadsført som ein del av *Fønhusdagane* i Vassfaret. Dei siste åra har det også vore med kunstutstilling og kafé på Skrukkefyllhaugen nokre veker om sumaren.



Figur 99. *Kart over stigar (blå liner). Frå valdreskart.no*

I 2017 vart det bygd ei tretopphytte i Vassfaret (utafor verneområdet), og fleire er under planlegging. I samband med hyttene er det gjort grundige undersøkingar på tolegrense med tanke på natur og vernegrunnlag.

Hovudmål:
Frå verneføremålet: «Formålet med vernet er å ta vare på en karakteristisk naturtype for indre deler av Østlandsområdet og kulturverdier knyttet til dette området. Samtidig skal området kunne nyttes til naturopplevelse, undervisning og forskning og være leveområde for planter og dyr.»

Det bør også vere eit mål å auke aktiviteten kring naturbasert reiseliv/turisme og legge til rette for dette i området.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på naturverdiane	Utarbeide forvaltingsplan	Skjøtselstiltak etter plan	Kommune, Fylkesmannen	Fylkesmannen
Ta vare på kulturminna	Utarbeide forvaltingsplan	Skjøtselstiltak etter plan	Kommune, Fylkesmannen Vassfaret elvekasse/andre frivillige organisasjonar Eigarar	Fylkesmannen Norsk Kulturminnefond kommune
Ta vare på historia	Samle informasjon Formidlingsstartegi	Informasjon mot ulike målgrupper	Kommune Fylkesmannen Vassfaret	Fylkesmanen UNI-stiftinga Sparebankstiftelsen DNB
Auka verdiskaping	Utarbeide besøksstrategi	Konkretisere fleire opplevingar knytt til natur og kulturopplevingar	Kommune, Vassfaret elvekasse Eigarar Næringsliv	Kommune Vassfaret elvekasse Eigarar Næringsliv Innovasjon Norge Kommune

Oppfølgingsansvar

Sør-Aurdal kommune, Vassfaret elvekasse, grunneigarar, Fylkesmannen i Innlandet og Viken fylkeskommuner. Andre kan til dømes vere Bautahauge samlingar.

Figur 100. *Aurdalssetra. Foto: Katharina Sparstad*

6 Ølnessetrin

Ølnessetrin er ei gamal setergrend vest for Bagn. Setra ligg på kring 1000 moh., øvst i tregrensa. I tillegg til seterhistorikk er det funne mange kolgroper. Dei kan vere knytt til jarnutvinning eller gardssmier. I dette området er dei nok knytt til jarnutvinning. Den gamle kløvjavegen, også kalla Kongevegen, går forbi litt vest for området. Området er regulert til område for fritidsbustader, og delar er allereie etablert som hytteområde: Ølnesseter Hyttegrend.

Figur 101. *Ølnessetrin i dag med hyttefelt. Foto: olnesseter.no*

Brukshistorikk

Ølnessetrin er som namnet seier, eit gamalt seterområde med fleire setrer. Når seterdrifta starta, veit vi ikkje, men mange stader kan seterdrifta dokumenterast heilt attende til vikingtid. Her er gode høve for beiting og seterdrift.

Figur 102. *Turibrøtasetra på Ølnessetrin kring 1920. Biletet syner den siste setra med samanhengande fjøs og sel i Bagn og Reinli sameige. Foto: Bagn Bygdesamling / Valdresmusea AS. Ukjend fotograf*

Ølnessetrin ligg i utkanten av det kalkrike fyllitt-dekket som trekker seg lenger nord i Valdres og gjev ein meir mosaikkprega berggrunn og ulike veksttilhøve. Nokre stader er det svært kalkrikt, og beitetilhøva er gode og stadvis svært rike. Området har truleg vore nytta til beiting og støling i lang tid. Det er truleg derfor vi finn mange spor etter jarnutvinning i området. Ein teori er at enkelte setrer vart etablert i kombinasjon med jarnutvinning og/eller anna ressursutnytting i fjellet. I området ligg det fleire tufter, groper, kolgroper og jarnvinner. I eldre jarnalder vart malmen brent, utan at det vart brukt kol. I yngre jarnalder byrja ein å nytte kol og fekk med det ein høgare temperatur og betre stål. Ut ifrå alle kolgropene forstår vi at aktiviteten knyter seg til yngre jarnalder/mellomalder.

Om seterdrifta

Det er fleire seterlag i området, med Jartrudsetre, Hallkinnsetre, Grokløv og Ølnessetrin. Dei fleste har lagt ned drifta si, men på nokre er det framleis drift.

Figur 103. *Det går framleis beitedyr i området. Foto: olnesseter.no*

Figur 104. *Sigurd Islandsmoen på Ølnessetrin. Foto: Valdresmusea AS. Ukjend fotograf*

Figur 105. *Olav Islandsmoen på Turibrøtasetra. Foto: Bagn Bygdesamling / Valdresmusea AS. Fotograf: Knut Hermundstad*

Registreringar



Figur 106. *Kartlagde kulturminne i samband med synfaring i 2016. Det vart då registrert 17 nye, automatisk freda kulturminne i området. Frå rapport 101618620-11, Oppland fylkeskommune*

I området er det avdekt busettingsområde/hustufter, groper og fleire eldre bygg. Søraust er det registrert eit stort tal kolgroper. Malm- og jarnvinne er registrert utanfor området i vest.
I samband med stølskartlegginga i Sør-Aurdal (2007–2010) vart det registrert kulturminne i dei fleste stølslag i Valdres. Dei fleste er frå nyare tid og knytt til stølsdrifta. For det aktuelle området ligg desse på Blomstølen lengst vest i området.



Figur 107. *I 2008 vart det registrert kulturminne i stølsområde i Sør-Aurdal. Kartet syner registrerte minne på Blomstølen lengst vest i området. Dei minna knyter seg til stølsdrifta og er vassrenner, buferdsvegar, demningar, brønnar og stølstufter.*

Dei registrerte minna er lagt i database med eigenskapar som fortel noko om minna.

54000087	Tuft	Landbruk	Gml. Stølstuft etter Erlandshaugen		Dårlig
54000088	Brønn-vannpost	Landbruk	Steinsatt og stokksatt, og i bruk	Støling	Svært bra
54000089	Vegfar	Ferdsel og samferdsel	Gml. Bufarveg innover dalen		Dårlig
54000090	Veg	Ferdsel og samferdsel	Gml. Bufarveg til Ellingseter tar av fra foregående	Vegdele	Svært dårlig
54000091	Tuft	Landbruk	Nedlagt støl etter gården Øvre Juvkam. Svært gjengrodd	Nedlagt stølsvoll med dyrkingsspor	Svært dårlig
54000092	Salthelle	Landbruk			Bra
54000093	Utsiktspunkt	Møteplass	På toppen av stølslaget.		Svært bra
54000094	Tuft	Landbruk	Fjøstuft. Nedlagt støl Vestre Ølnesseter eller Dalaseter. I gjengroing	Fjøstuft/dyrkingsspor/gml stølsvoll	Dårlig
54000095	Setervoll	Landbruk	Nedlagt støl Vestset		Middels bra
54000096	Vegfar	Ferdsel og samferdsel	Gml. Bufarveg fra Hallkinn. Svært utydelig		Svært dårlig
54000097	Vegfar	Ferdsel og samferdsel	Gml- bufarveg vestover til Brattrudseter		Middels bra
54000098	Salthelle	Landbruk			Svært bra
54000099	Vanningsanlegg-renne	Landbruk	Vannrenne av tre for bruksvann.		Dårlig
54000100	Badeplass	Møteplass	Dam med steindemning, som ungene laget for å bade	Leik	Dårlig
54000101	Veg	Ferdsel og samferdsel	Gamle setervegen gikk her langs dammen		Dårlig
54000102	Tuft	Landbruk	Opprinnelig plassering av stølstunet, fram til dagens nybygg		Tapt/fjernet
54000103	Inskift/ristning	Hendelse, tro, tradisjon	Steinblokk med inskripsjonen "Einar sette meg her - 1972"	Bergkunst, inskripsjon	Bra
54000104	Vegfar	Ferdsel og samferdsel	Gml. Veg mellom nabostølene.		Dårlig

Figur 108. *Frå database over kartlagde stølsminne*

Figur 109. *Frå Blomstølan. Buferdsveg til venstre og nedlagt seter til høgre. Foto: Ulf Ullring*

Dei registrerte kulturminna er også tilgjengelege på Internett på Innlandsgis.no. På kartet nedanfor er kulturminne frå stølskartlegginga vist som rosa prikkar. Bygg frå før 1900 er vist som raude og gule trekantar. Grå trekantar er eldre tufter.



Figur 110. *Registreringar frå stølskartlegginga i Valdres (rosa prikkar). Bygg eldre enn 1900 er vist som gule og raude trekantar. Gamle tufter er vist som grå trekantar. Frå Innlandsgis.no*

I samband med stølskartlegginga vart det også registrert beite og reksler, før og no.



Figur 111. *Kartlagde beite i blå skravur. Eldre beiteområde er avgrensa med blå stipla line, medan storfereksler er vist som grøn stipla line*



Figur 112. *Kartet syner også registrerte biologiske verdiar i området. Her er det registrert naturbeitemark og gamal slåtteeng.*

Objekt til kart



Figur 113. *Avgrensa område som er regulert til fritidsbustader. Det markerte feltet er eit tidlegare regulert hyttefelt. Det aktuelle området ligg innanfor blå, stipla line. Lengst søraust ligg eit felt med kolgroper og jarnvinneanlegg. Frå Valdreskart.no*

I samband med utviding av tidlegare område vart det gjort nye arkeologiske saumfaringar. Då vart det kartlagt 15 kolgroper og ei tuft. Jarnvinner er registrert lenger vest utanfor området. Ved Blomstølan er det kartfesta fem kolgroper. Lenger nord ved Ølnessetervegen ligg det tre tufter, truleg der stølane låg tidlegare.

Figur 114. *Stølstuftene ved Grokløv*

Verdivurdering

Historia om den historiske bruken av Ølnessetrin og jarnvinneanlegga er gjeven verdital 2.

Grunngjeving for verdisetting

Allereie i dei første hundre åra etter år 0 vart det utvunne jarn i Valdres. Dei eldste teknikkane var meir omstendelege og gav lågare temperatur og dårlegare jarn. I vikingtid/mellomalder vart teknikkane forbetra, og jarnutvinning frå myrmalm vart som ein industri å rekne. I denne tida var det vekst i Valdres, og det er ikkje usannsynleg at dette heng saman med auka rikdom som ei følgje av jarnutvinning og eksportinntekter. Spora etter utvinning på Ølnessetrin er mange og omfattande og fortel om ein viktig periode for heile Valdres. Ei tilrettelegging av kulturhistoria i området er viktig for å løfte fram ein vesentleg del av historia i Sør-Aurdal og Valdres.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn: Det skal takast omsyn i retningslinene som ligg i reguleringsplanen. Ut over det skal det takast omsyn til historia og kulturminna på ein slik måte at desse kan løftast fram som ei positiv oppleving i området. Kulturminna, eller nokre utvalde og representative minne, skal haldast opne og gjerast tilgjengelege for publikum.

Bruk: Området skal nyttast til fritidsbustader og beiteområde. Det er aktuelt å legge til rette kultursti med informasjon/formidling av historia kring jarnutvinning og seterdrift.

Hovudmål: Formidle historia på Ølnessetrin

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Gjere området meir attraktivt	Gjere historia med kulturminna tilgjengelege	- Lage kultursti - Sette opp informasjonstavler - Kople på GEO-Catch-miljøet i Valdres	Utbyggjar Fylkeskommunen (forvaltningsansvar)	Utbyggjar Oppland fylkeskommune RA (BARK?) Gjensidigestiftinga Sparebankstiftelsen
Gjere historia i området meir kjent	- Formidle historia - Definere kva for minne som skal gjerast tilgjengelege	Utarbeide ein enkel skjøtsels-, bruks- og tilretteleggingsplan for dei aktuelle kulturminna i området	Utbyggjar Fylkeskommunen (forvaltingsansvar)	Utbyggjar Oppland fylkeskommune RA (BARK?) Gjensidigestiftinga Sparebankstiftelsen
Gjere minna fysisk tilgjengelege	Halde kulturlandskapet kring minna ope	Rydde områda med aktuelle kulturminne	Utbyggjar Fylkeskommunen (forvaltingsansvar)	Utbyggjar Oppland fylkeskommune RA (BARK?) Gjensidigestiftinga Sparebankstiftelsen

Oppfølgingsansvar

Utbyggar, Oppland fylkeskommune

7 Bagnsbergatn 37/1

Bagnsbergatn er eit gamalt gardstun vest for Bagn sentrum. Her føregjekk dramatiske krigshendingar i april 1940. Garden vart i 1986 definert som nasjonalt krigsminne. Bagnsbergatn er privateigd, og det antikvariske arbeidet blir drive av frivillige og tilsette ved Bagn Bygdesamling. Sentralt i arbeidet har vore Kristian Bergsund som også er lokal krigshistorikar. Det har vore ein fredingsprosess på Bagnsbergatn, men denne er no stoppa fordi det ikkje vert løyvd ekstra midlar til dette.

Brukshistorikk

Figur 115. *Vegen inn til garden. Løa til høgre, hovudbygningen rett fram og til høgre, kårstugu framme til venstre. Vegen går ned til Gråbeinhølet ved høgre hjørne av hovudbygningen. Foto: Julia Helgesen*

Bagnsbergatn var opphavleg ein husmannsplass under garden Ellendshaugen. Seinare har plassen vore forpakta bort, og i denne perioden vart han kalla Skomakarbrøtin. Bagnsbergatn vart selt på 1730-tallet og vart seinare driven som sjølveigd gardsbruk fram til bruket vart forlate etter andre verdskrigen.

Garden er eit godt bevart gardstun og består av sju bygningar som i hovudsak vart bygd i tidsrommet 1825–1850, våningshus, kårstugu, fjøs, låve, smie og samanbygd stabbur og skåle. Både bygningar og innmark har i stor grad stått uendra sidan april 1940. Garden og skogområdet Gråbeinhølet var ein viktig åstad for dramatiske hendingar under kampar mellom norske og tyske styrkar i april 1940.

Hendingane april 1940

Dramatiske hendingar utspann seg her under andre verdskrigen. Nede i dalen ligg Bagn som ei open gryte der vegen inn og ut av sentrum (gryta) går gjennom smale gjel. Dei tyske styrkane kom ikkje forbi her og gjekk i staden opp lia, på austsida mot Breidablikk der dei dreidde nordover mot Bagnsbergatn. På morgonen kom dei ned i dei bakre linene og støytte saman med dei norske styrkane i Gråbeinhølet.

Figur 116. *Både Bagnsbergatn og vegen inn frå aust er synleg på kart frå 1838. Kartet er teikna av C. Lund. Kjelde: Statens kartverk*

Tyskarane tok over garden Bagnsbergatn der dei tok 25 sivile til fange. Tyskarane vart angripne i ei trefning med 3. kompani av IR 10, det vil seie norske soldatane. Dei norske soldatane visste ikkje at det var norske fangar i huset. Berre ein av dei sivile vart drepen. Tyskarane tapte trefningane og forlét dalen, medan dei norske soldatane vart overlatne til seg sjølv. Kong Olav erklærte garden som nasjonalt krigsminne i 1986. I dag fungerer staden som tilrettelagt turmål.

Avslutta fredingsprosess
Det har vore ein prosess for å frede bygningar og eit område kring Bagnsbergatn. Denne er no stoppa fordi det ikkje vert følgt opp med finansiering frå Kulturdepartementet.

Føremålet med fredinga er todelt:
1 Området og historia: «Fredningen skal bevare Bagnsbergatn gård og skogsområdet Gråbeinhølet som et åsted for kamphandlingene som utspant seg der i april 1940, og som fikk nasjonal betydning. Fredningen skal sikre et anlegg som fremdeles står relativt uendret etter kamper under 2. verdenskrig, og som bærer tydelig preg av krigshandlingene ….»

2 Hovudtema bygningar: «Fredningen skal sikre at den funksjonelle og visuelle sammenhengen mellom de fredete byggverkene opprettholdes, og at synlige aktivitetsspor etter tradisjonelt hagebruk og jordbruk med små åkerflater/terrasser/murer, steingjerder, rydningsrøyser samt tufter/murer etter sommerfjøs, bekkekvern og sag bevares. Formålet er også å sikre artsmangfoldet knyttet til den gamle slåttemarka …»

Registreringar
Det er sju bygningar på garden: våningshus, kårstugu, fjøs, låve, smie og samanbygd stabbur og skåle.

Figur 117. *Låve og fjøs. Foto: Magnhild Apeland*

Figur 118. *Kårstugu til venstre og stabbur/skåle til høgre. Foto: Magnhild Apeland*

I fleire av bygningane er det spor etter kamphandlingar, og det er fleire skothol i veggane.

Gråbeinhølet

I Gråbeinhølet var det ei trefning mellom 3. kompani av IR 10 og dei tyske styrkane. Under Operasjon Weserübung marsjerte tyskarane inn Bagn. Her møtte tyskarane fleire norske stillingar. Dei forsøkte derfor å omgå desse stillingane med rask flankemarsj via Gråbeinhølet og Bagnsbergatn, og med påfølgjande infiltrasjon i dei bakre norske områda for sperrestillingane ved Bagn.

Figur 119. *Frå 1880–1890. Biletet syner baksida av ryggen der dei norske styrkane hadde tilhald. Oppe til venstre, utanfor biletet ligg Juvkam og lenger oppe Solbakken. Foto: Axel Lindahl*

Skilt og tilrettelegging

Til minne om kampane er garden blitt erklært som nasjonalt krigsminne. I området er det sett ut tavler som viser kamphandlingane, og minneplakettar er sett opp der nordmenn og tyskarar fall. Det merkte området dekker Gråbeinhølet, Bagnsbergatn og Nedre Gubberud. Det er også sett opp ei minnetavle over forfattar Andreas Hauge (1925–2005), som engasjerte seg i å formidle historia.

Figur 120. Minnestein i Gråbeinhølet. Foto: Magnhild Apeland

Fleire har vore engasjert i å formidle historia på Bagnsbergatn. Ein sentral person var Andreas Hauge (1925–2005). Viktigaste informant og primus motor har likevel vore lokalhistorikar Kristan Bergsund.

Figur 121. *Minnesmerke over forfattar Andreas Hauge (1925–2005). Foto: Wikipedia*

Objekt til kart



Figur 122. *Område sett saman med Gråbeinhølet. Frå Norgeibilder.no*



Figur 123. *Forslaget til avgrensing av fredingsområde. Frå høyringsbrev Forslag og fredning, Oppland Fylkeskommune*

Figur 124. *Tunet på Bagnsbergatn* **.** *Frå Norgeibilder.no*

Verdivurdering

Bagnsbergatn er gjeve verdital 1.

Grunngjeving for verdisetting

Bagnsbergatn og hendingane her i samband med andre verdskrigen er av stor nasjonal verdi. Staden stod i sentrum for ein dramatisk samanstøyt mellom tyske og norske styrkar i aprildagane i 1940. I 1985 vart Bagnsbergatn erklært nasjonalt minnesmerke, og i 2018 vart de fremma fredingsforslag som no er stoppa på grunn av manglande finansiering.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på historia og dei faste minna hendingane knyter seg til. Det bør derfor takast omsyn til både dei enkelte minna på staden, og området som var direkte omfatta av hendingane og opplevinga på staden. Bygningsvernrådgjevaren ved Valdresmusea har gjennomført ei enkel tilstandsvurdering av dei ulike bygningane på oppdrag av Oppland fylkeskommune.
Eigar har ei samarbeidsavtale med Valdresmusea AS om staden.

Bruk:

Bygningsmassen bør takast vare på og området haldast i hevd. Plassen er godt eigna til arrangement og markeringar, og Bagnsbergatn er lagt til rette som turmål.



Figur 125. *Frå mobilapplikasjonen Outtt.*

Hovudmål:

Det viktigaste er å ta vare på historia og dei faste minna hendingane knyter seg til.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på bygga	Tilstandsvurdering og tiltaksplan	Restaurering etter plan	Eigar	Riksantikvaren Norsk kulturminnefond
Ta vare på historia	Samle kjelder	Arkivering	Valdresmusea Eigar	Valdresmusea
Formidle historia	Formidlingsplan	Følgje opp og vidareutvikle info	Valdresmusea	Valdresmusea

Oppfølgingsansvar

Eigar

8 Tungtvassruta

Under andre verdskrig var det viktig at tyskarane ikkje fekk tak i tungtvatnet som vart produsert i anlegga på Vemork i Telemark. Tungtvatn kunne nyttast til å produsere atomvåpen, og derfor var det svært attraktivt for tyskarane å få tak i det. Heldigvis gjekk det ikkje slik.

Brukshistorikk

Ruta i seg sjølv har ingen annan historikk enn at ho vart nytta til å frakte tungtvatn frå Vemork i Telemark og over grensa til Sverige, som var nøytralt. Aksjonen vart kalla *Gunnersid*e og var leia av fenrik Joacim Rønneberg. Han hadde med seg sersjant Birger Strømsheim, fenrik Knut Haukelid, sersjant Hans Storhaug, sersjant Fredrik Kayser og fenrik Kasper Idland.

Figur 126. *Aksjonsgruppa etter at dei var komne tilbake til London etter tungtvassaksjonen. Frå venstre: Fredrik Kayser, Hans Storhaug, Kasper Idland, Joachim Rønneberg og Birger Strømsheim. Kjelde: Tom Lium 2018*

Ferda i 1943 gjekk gjennom dei fire fylka Telemark, Buskerud, Oppland og Hedmark og mange kommunar, blant anna valdreskomunane Sør-Aurdal, Nord-Aurdal og Etnedal. Nokre stader overnatta dei i hytter, andre stader under ein busk. I romjula 2012 gjekk Kaysers barneborn Eivind og Torbjørn den same ruta som bestefaren tok 70 år tidlegare.

I London skreiv Joachim Rønneberg ein rapport om turen. Ut ifrå rapporten til Joachim Rønneberg kan vi sjå nokre stader dei var innom, mellom anna i Sør-Aurdal:

81. We ate our meal at a seter shed. It was now blowing hard and the temperature was many degrees below zero. We carried on towards the east, with the wind behind us, and passed BJAADALENSETER. Much of the top snow had now been blown off, leaving bare ice which was very hard on our skis. When we reached FJELLSTØLEN, about 20 kms. S.W. of AURDALS-FJORD in VALDRES, it was extremely cold, and blowing hard, though clear. We spent the night in a snug seter farmhouse, well stocked with flour and bannock bread, where we were able to dry our boots and our clothes.

82. Beautiful weather, perfect snow. Our goal to-day was to reach, before nightfall, the point from which the crossing of VALDRES was to be made. The terrain here was relatively easy, partly open and level, and partly crossed by peculiar valleys. There were many unoccupied seters and huts. We reached the edge of the side of the valley and stopped there until dark.

83. Finding a steep lumber track, we followed this down into the valley, and came out of the woods upon one of the upper farms. We passed two men on their way up the mountain, but as we were dressed entirely in white with our weapons visible in the mouths of our sacks, they doubtless took us for German ski-troops. All was quiet in the valley, the time being 2000 hours.

Figur 127. *Utdrag frå rapporten til Joachim Rønneberg i 1943*

Sjå meir på:
http://forsvaretsmuseer.no/Media/Files/Rapport-fra-1943-av-fenrik-Joachim-Roenneberg

Det er skrive fleire bøker og laga film (*Kampen om tungtvannet*, 2015) om aksjonen. 11. august i 2018 vart det arrangert ei 75-årsmarkering med oppsetting av minnesmerke.



Figur 128. *Frå Lium, Tom 2018*

Registreringar

Heile ruta gjekk frå Rjukan til Sverige, gjennom fire fylke. I 2012 gjekk Kaysers barneborn turen på nytt.

Ruta er så langt godt kartlagt i Valdres, men med nokre usikre punkt. Desse skal avklarast i 2019. Mange av overnattingsstadene er også kjende.



Figur 129. *Kartet syner overnattingsstader aksjonistane brukte under flukta. Frå NRK.no, 2015*

Objekt til kart

Ruta er ikkje kartlagt i detalj, men gjekk frå hytte til hytte gjennom Valdres og vidare over Synnfjell i Nordre Land.

Figur 130. *Overnattingsstader frå Hallingdal og vidare i Valdres. Frå arcgis.com*

Verdivurdering

Tungtvassruta er gjeven verdital 1.

Grunngjeving for verdisetting

Tungtvassruta er ein viktig del av den nasjonale krigshistoria som bør løftast fram. Vidare er dette eit godt eigna emne for vidare verdiskaping.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Interesse og status for tilrettelegging av løypa må klarleggast. Det er ein stor føremon om alle fylke og kommunar er med på å få formidla historia på best mogleg måte. Tiltaket bør organiserast som eit samarbeidsprosjekt med Riksantikvar, Forsvaret, fylkeskommunar, kommunar, Forsvarsmuseet og interesseorganisasjonar som er involvert.

Bruk:

Formidling av krigshistorie, tur-/natur-opplevingar. Det bør kartleggast status på overnattingsplassane, og ein bør sjå etter eigna turmål og overnatting for auka verdiskaping. Det må etablerast ein eigen nettstad der folk kan finne fram til historia, ruta og opplevingsmoglegheiter. Det er sett opp tavler på Bergskardstølen og Røssjørova i Etnedal. Tilsvarande er mogleg også for Sør-Aurdal.

Hovudmål:

Det viktigaste er å ta vare på historia om aksjonen for ettertid. Vidare er det eit mål å konkretisere ruta gjennom Sør-Aurdal og Valdres, og å legge ruta til rette i ei eller anna form.

Aktuelle tiltak
Ei tilrettelegging knytt til kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ny aktivitet knytt til ruta	Kartlegge og kvalitetssikre ruta gjennom Valdres	Fysisk merking/kvisting	Fylkeskommune Valdresmusea Kommunar	Riksantikvar Fylkeskommune Valdresmusea Kommune
	Kartlegge stader med spesielle hendingar	Fysisk merking/skilting av krigsminne	Statens vegvesen Kommune	Eiga prosjektleiing?
	Kartlegge overnattings-stader	Velje ut tilretteleggingsgrad og opplevingspunkt	Frivillige Kommune	Eiga prosjektleiing?
	Gjere ruta tilgjengeleg	Turkart med etappar i papir og web	Eiga prosjektleiing?	Eiga prosjektleiing?
Gjere historia meir kjend	Samle informasjon	Etablere eigen nettstad for krigshistoria i Valdres Info på tavler, nett og applikasjon	Riksantikvar Fylkeskommune Valdresmusea Kommune Forsvarsmuseet	Eiga prosjektleiing?
Gjere historia meir kjend	Samle og tilrettelegge info på éin stad	Opprette utstilling på Bygdesamlinga i Bagn eller eige "krigssabotørmuseum i Valdres".	Eiga prosjektleiing?	Eiga prosjektleiing?
Gjere historia meir kjend	Årlege markeringar	Minnedag/ turdag til dømes til Fjellstølen	Eigar Kommune	Kommune
Auke økonomisk verdiskapinga langs ruta	Knyte til seg bedrifter og andre	Utarbeide samla tilbod med overnattingar	Etablere samarbeids-prosjekt	Valdres Næringshage
Brukarvennleg informasjon og tilgjenge	Konsept-utvikling	Etablere ein eigen nettstad om ruta og tilbod langs ruta	Etablere samarbeids-prosjekt	Innovasjon Norge Riksantikvar Fylkeskommune Kommune

Oppfølgingsansvar
Sør-Aurdal kommune, Valdres Natur- og Kulturpark

Det bør etablerast eit eige samarbeidsprosjekt med involverte partar, og eigen prosjektleiar.

9 Bagn Bygdesamling

Bagn Bygdesamling er eit friluftsmuseum i grenda Dølven 4 km sør for Bagn. Museet er ein del av Valdresmusea. Museet ligg ovanfor Europavei 16 ved elva Begna, nedanfor gardstunet på *Islandsmoen* og ovanfor gamle Dølven skule, Valdresvegen 3250. Det opphavlege gardsmuseet frå 1920 var ei gåve til bygda i 1939 frå grunnleggaren Olaus Islandsmoen.

Figur 131. *Familien Islandsmoen i 1887. Frå venstre: Kari, foreldra Trond og Ingebjørg og Marit. Ståande frå venstre: Ola, Hans, Olaus, Sigurd, Martin og Tonetta. Frå heftet "Bagn Bygdesamling. Ein gløtt av gamletida", 2000. Foto: Ukjend*

Sidan er bygdesamlinga utvida med til saman 17 bygningar, inkludert eit administrasjonsbygg, permanente utstillingar, foto, privatarkiv og 1500 katalogiserte gjenstandar og 3500 bilete.

På museet er det ei utstilling om komponisten Sigurd Islandsmoen (1881–1964) og ei utstilling om forfattaren Mikkjel Fønhus (1894–1973). Ei krigsminneutstilling i samband med krigshandlingane i Valdres i 1940 er sett opp inne i administrasjonsbygningen.

Brukshistorikk

I 1920 vart det sett opp hus på tuftene etter gamletunet på garden Islandsmoen. Veslestabburet og Smettbakbua skulle danne utgangspunktet for det som seinare vart heitande Bagn Bygdesamling. Dei fyrste åra var dette eit privat gardsmuseum, der både hus og gjenstandar hadde tilknyting til folka på Islandsmoen.

Figur 132. *Olaus Islandsmoen ruslar på gamletunet framfor Veslestabburet og Smettbakbua. Frå heftet "Bagn Bygdesamling. Ein gløtt av gamletida", 2000. Foto: Ukjend*

Etter kvart kom det til fleire gjenstandar frå andre stader i bygda, så då samlinga i 1939 vart gjeven til bygda, var namnevalet naturleg. Opplandsarkivet har ei avdeling på museet med gamle arkiv frå lokale lag og foreiningar.

Registreringar

Museet har i dag 17 hus med gardstun frå Islandsmoen, telthus frå Vangen på Bagn og forpaktarbustad frå prestegarden i Bagn. Ei oppgangssag, bekkekvern, skogskoie, badstugu og stabbur står ved Islandselva. Sør for Islandselva finst ein natursti med skogen som tema.

Smettbakbua, Telthuset og Stabelbygningen

Smettbakbua, ei seterbu frå 1796, er det fyrste huset som vart sett opp på Bagn Bygdesamling. Innreiinga syner korleis budeia budde og arbeidde i gamal tid. Telthuset frå ekserserplassen Vangen på Bagn er ein gamal militærbygning. I dag inneheld huset ein snikkarverkstad og ei utstilling om tradisjonell skogsdrift frå tida før motoriseringa. Her kan du òg sjå gjenstandar knytt til tekstilbearbeiding på garden. Stabelbygningen var forpaktarbustad og storkjøkken på Bagn prestegard og vart flytta til museet i 1971. Bygningen har namn etter Hans Jacob Stabel, som var prest i Sør-Aurdal i 1806, då bygningen vart reist. Stabelbygningen inneheld i dag mellom anna landhandel og skreddar-, skomakar-, bokbindar- og urmakarverkstader.

Andre hus

Andre hus på Bagn Bygdesamling er tradisjonelle gardshus med tilnærma originalt inventar. Låve og vognskjul inneheld gardsreiskapar. Ved Islandselva ligg ei oppgangssag som vart flytta til museet i 1944. Her står òg ei bekkekvern frå 1798, ei smie og ei badstugu. På sørsida av Islandselva ligg ein kopi av ei gamal skogskoie og eit naust. Administrasjonsbygningen inneheld resepsjon, kontor og arkiv med ei eiga avdeling av Opplandsarkivet, og dessutan utstillingar med tekstilar, bunadar, husgeråd og fangstreiskapar og ikkje minst krigsutstillinga om kamphandlingane i Bagn i 1940.

På nedsida av vegen ligg den gamle Sandviken skule som også inngår i samlingane.

Utstillingar

Museet har fleire faste utstillingar, filmar til framsyning og ein lyttestasjon, til dømes:

- Krigsminneutstilling om kamphandlingane i Bagn aprildagane 1940, utstilling og film
- Komponisten Sigurd Islandsmoen (1881–1964), utstilling og film
- Forfattaren Mikkjel Fønhus (1895–1973), utstilling og film
- Langeleikspelaren Ola Brenno (1865–1957), utstilling og lyttestasjon
- Komplett utstyrte skomakar-, skreddar-, bokbindar-, snikkar- og urmakarverkstader
- Skogsarbeid frå før motoriseringa
- Dølven skule med skulesal og originalt møblert lærarbustad frå 1966

Figur 133. *Forpaktarbustaden/Stabelbygningen frå 1808. Foto: Katharina Sparstad*

Figur 134. *Stabbur. Frå Hølerseterbrøtin til venstre. Foto: Katharina Sparstad*

Figur 135. *Frå tunet på Bagn Bygdesamling. Svartsetra til venstre og telthuset til høgre. Foto: Katharina Sparstad*

Figur 136. *Langs Islandselva ligg oppgangssag, bekkekvern, skogskoie, badstugu og stabbur. Foto: Katharina Sparstad*

Objekt til kart

Figur 137. *Bygningane ligg innanfor den raude lina*

Grunngjeving for verdital

Bagn Bygdesamling er gjeven verdital 1.

Grunngjeving for verdital

Bygdesamlinga er ei spesiell samling av hus med ulike historier, ei samling som er representativ for miljøet sitt. Husa fortel kvar for seg, og saman, si historie frå Bagn og Begnadalen. Samlingane er svært innhaldsrike og av stor verdi både lokalt, regionalt og nasjonalt. Det gjeld særleg utstillinga knytt til andre verdskrig, men også samlingane som er knytt til forfattaren Mikkjel Fønhus og komponisten Sigurd Islandsmoen.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på husa med inventar og gjenstandar.

Bruk:

Staden skal nyttast til arkivering, formidling og arrangement. Bagn Bygdesamling er open for publikum om sumaren med kaffisal.

Hovudmål:
Ta vare på bygningar og historia i Bagn og Sør-Aurdal, og gjere dette kjent og tilgjengeleg. Vidare er det eit mål å formidle kulturarv og tradisjonar, og nytte dette positivt i marknadsføring av kommunen.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på bygningar			Valdresmusea	
Tilgjengeleg informasjon	Gjenstandar og bilete	Brukarvenlege, digitale og faste arkiv	Valdresmusea	Valdresmusea Kommunen Oppland fylkeskommune
Formidling, gjester	Systematisere informasjon	Tilrettelegge informasjon	Valdresmusea	Valdresmusea
Formidling, born og unge	Utarbeide pedagogiske opplegg formålgruppa	Tilby pakke innanfor DKS	Valdresmusea	Valdresmusea Kommunen Oppland fylkeskommune
Marknadsføring	Synleggjering historie og tilbod i kommunen	Marknadsføre mot definerte målgrupper	Valdresmusea Visit Valdres	Valdresmusea Visit Valdres
Aktivitet	Samarbeide med utøvarar og frivillige	Arrangement	Bagn Bygdesamling	Valdresmusea Kommunen

Oppfølgingsansvar
Valdresmusea AS under føresetnad at dei får årleg driftstilskot.

Figur 138. *Frå kjøkenet i Islandsmo bygningen frå om lag 1850. Foto: VisitNorway*

10 Bautahaugen Samlinger

Bautahaugen Samlinger er eit friluftsmuseum sentralt i Hedalen. Museet er ein del av Valdresmusea AS, med unnatak av Bergsrud gard og Mølla. Alle bygningane på museet er hus frå gardar i bygda, og hus som er brukt i samband med jakt, fiske og seterdrift i fjella kring Hedalen og inne i Vassfaret og Vidalen.

Brukshistorikk

Bautahaugen vart grunnlagt i 1902, og var i si tid den gamle danseplassen i Hedalen. Det var eigarane av nørdre Braka, Gunhild Maria Andersdatter og Gudbrand Arnesen, som stod bak den storstilte gåva. Plassen vart rydda, og flaggstong kom opp. 17. mai i 1905 vart den fyrste bautaen reist på Jonsrudhaugen, til minne om "Hedalens Krigsmænd" som i perioden 1808–1814 deltok i krigshandlingane mot svenskane. Seinare vart det reist fleire minnesteinar her, men ikkje berre over tidlegare hedølingar. På ein solid jordfast stein er det hogd inn kongekrone og følgjande inskripsjon: ”9de november 1905 kom kong Haakon VII til Norge. Kronet 22de juni i 1906”. Dronning Maud og kronprins Olav fekk sine namn på ei kraftig bordplate av stein. Tradisjonen med kongemonogram og signatur vart vidareført då kong Harald og dronning Sonja vitja Bautahaugen 9. juni 2010. Då fekk majestetane namna sine innskrivne på minnesteinen, rett over kong Haakon VII sin signatur.

Fyrste huset på Bautahaugen

Heile 50 år etter etableringa kom fyrste bygningen opp. I 1952 vart stabburet frå husmannsplassen Jørgensplassen flytta til Bautahaugen. Jørgensplassen vart rydda tidleg på 1700-talet. Stabburet er eldre, frå 1600-talet. I 1954 vart Liestuggua sett opp. Liestuggua var gardshuset på garden Midt-Lie og er om lag 250 år gamalt. Med huset fylgde to store skåp, benk, bord og peis.

Registreringar

I dag er det 15 bygningar og 2 500 enkeltgjenstandar inne på museumsområdet. Stabbur, låve, løer, fiskebu, seterbygning, kyrfjøs, geitefjøs, båthus og årestove frå Hedalen og sidedalføret Vassfaret har kome til gjennom heile perioden. Brakadokka med stugu og låve er dei to einaste husa på museet som står på sin opphavlege plass. I 2001 overtok Bautahaugen gardsbruket Bergsrud med innbu og lausøyre, seter, hytte og båtnaust.

Slaggklumpen er ein stor slaggklump frå eldre jarnalder som ligg på Bautahaugen. Denne slaggklumpen er ein av dei største som er funne på Østlandet. Ola Gran d.e. (1870–1942) fann han på ei slette nedanfor Jevnlismyra og gav han til Bautahaugen.

Saman med sonen Ola Gran (1897–1991) køyrde han slaggklumpen til museet for snart 100 år sidan. Slaggklumpen er blitt gøymt i lyngen gjennom alle desse åra fordi arkeologar har vore redde for at nokon ville begynne å ta bitar av han.

Kåta på Bautahaugen skal vere frå før 500 f.Kr. Med kåte meiner ein her ein utvekst på ei furu. Furua kåta sat på, er ei furu som slutta å vekse for 2258 år sidan, då det var varmare klima og betre veksttilhøve. Ho er funnen i Jevnlismyra om lag 650 moh. av Oddvar Gran (f. 1932).

Husa frå Vassfaret som er sett opp på Bautahaugen, er ei fiskebu og eit båthus.

Brakadokka var husmannsplass under Nordre Braka. Her budde grunnleggjaren av Bautahaugen, Erik Bergsrud. Han kjøpte denne plassen om lag i 1870. Her er stugu og låve. Seinare er eit stabbur frå Kulterud frå 1600-talet flytta hit.

Figur 139. *Brakastugua. Foto: John Erling Blad*

Setra har hus frå Hedalsfjella, Vidalen og Vassfaret.

Liestuggua er frå 1750 og er over 250 år gamal.



Figur 140. *Liesstuggua er frå 1750. Foto: Arne G. Perlestenbakken*

Stabburet er frå 1600-talet. Det stod opphavleg på det vesle bruket Jørgensplassen. På 1800-talet vart det flytta til Bergsrud, og i 1953 kom det til Bautahaugen. No står det rett innanfor hovudporten.

Figur 141. *Stabburet er frå Bergsrud gard. Foto: John Erling Blad*

Årestuggua – ei av dei få årestugguene som er igjen i Valdres – står på Bautahaugen. Opphavleg stod denne på Haugevolla, lengst nord i Hedalen.

Mølla ligg 3 km nord for Bautahaugen og er restaurert av stiftinga Bautahaugen Samlinger. Det går ein kulturstig mellom Bautahaugen og Hedalsmølla.

Bautaene på Bautahaugen er begge sett opp som krigsminne. Den eine bautaen er ein minnestein etter Per Bruskerud. I Vassfaret låg den største konsentrasjonen av heimefrontstyrkar under andre verdskrig. Hedølen Per Bruskerud var ein ivrig heimefrontkar. Han drukna fredsvåren 1945 i Vassfaret.

Figur 142. *Frå kongeparet sitt besøk i Valdres i 2010. Foto: Helge Nordby*

Den andre bautaen vart reist i 1905 – til minne om Hedølane som deltok i krigshandlingane mot svenskane i 1808 – 1814.

Kulturlandskapet kring bygningane omfattar om lag 20 mål små åkerlappar, rydningsrøyser og gamle tun. Den fyrste kjerrevegen gjennom Hedalen frå kring 1835 går gjennom Bautahaugen Samlinger (kjelde: hedalen.no). Området med kulturstigen vidare til Hedalen stavkirke er også godt egna som turføremål.

Objekt til kart



Figur 143. *Avgrensing av område på kart og flyfoto. På kartet følgjer avgrensinga eigedomsgrensa. På flyfoto ser vi parkering innanfor fleire eigedomar. Frå valdreskart.no og norgeibilder.no*

Verdivurdering

Bautahaugen er gjeven verdital 1.

Grunngjeving for verdisetting

I tillegg til at dette er ei samling med freda bygg, fortel Bautahaugen ei historie om Hedalen, Vassfaret og Vidalen. Minnesmerka fortel også noko om den viktige rolla Hedalen og hedølar har hatt i krigshistorisk samanheng.

Forslag til forvaltning

Frå og med 1. januar 2007 er det Valdresmusea AS som har det faglege og driftsmessige ansvaret for Bautahaugen Samlinger. Eigarskapet er uforandra, for Bautahaugen Samlinger tilhøyrer framleis bygdefolket i Hedalen. Bautahaugen Samlinger (inkl. garden Bergsrud) er organisert som ei stifting med eigne vedtekter, styre og Bautahaugens venner.

Spesielle omsyn:
Alle bygningane er av tre, og derfor utsett for brannfare. Gamle trebygg er også utsett for slitasje. Dette bør det takast omsyn til ved all tilrettelegging. Vidare bør det takast omsyn til samlinga og kulturlandskapet i disponeringa av areala rundt.

Bruk:
Gjennom over hundre år har Bautahaugen vore ein naturleg samlingsplass for 17. mai-feiring, stemner, møte og spel. Kvar 17. mai blir det lagt ned krans av lag og foreiningar i Hedalen. Vidare er det temautstillingar, foredrag, marknader og omvising med meir. Området med kulturstigen til Hedalsmølla er også godt egna som turføremål.

Hovudmål: Bautahaugen Samlinger vart grunnlagt i 1902 med føremål å vere ein samlingsstad for bygda. Dette var i ei tid der nordmenn hadde ein sterk trong til å bu i eit fritt land, ettersom Noreg framleis var i union med Sverige.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på bygningane	Tiltaks- og vedlikehaldsplan	Søkje finansiering Gjennomføre etter plan	Valdresmusea Bautahaugen Samlinger	Valdresmusea Norsk kulturminnefond UnI-stiftinga
Ta vare på kulturlandskap og bygningsmiljø	Forvaltningsplan med budsjett	Etter plan	Valdresmusea Bautahaugen Samlinger	
Ta vare på historia	Formidling	Utarbeide og oppdatere skriftleg informasjon Omvising og temakveldar	Valdresmusea Bautahaugen Samlinger	Valdresmusea Bautahaugen Samlinger
Halde staden levande	Legge opp til aktivitetar	Følgje opp arrangement, aktivitetar og omvisingar	Valdresmusea Bautahaugen Samlinger	Valdresmusea

Oppfølgingsansvar

Valdresmusea og Stiftinga Bautahaugen

Figur 144. *Hedalen mølle blir teken vare på av Stiftinga Bautahaugen. Foto: Helge Nordby*

11 Piltingsrud

Garden Piltingsrud ligg lunt i solhallinga mellom austsidevegen og Begna. Tunet på Piltingsrud skil seg ut med å ha fleire, store hus frå 1800-talet. Til Piltingsrud knyter det seg også ei særeiga historie.

Figur 145. *Det er to bustader på tunet på Austre Piltingsrud. Foto: Rasmus Piltingsrud*

Brukshistorikk

Det var to Piltingsrud-gardar, austre og vestre. Denne temaplanen gjeld Austre Piltingsrud, som no går under namnet Piltingsrud. Namnet Piltingsrud kjem av gamalnorsk, piltugur eller piltr, som betyr pilt, eller liten gut, men også ein som følgjer etter. Rud-gardar blir rekna for å vere frå 1600-talet, men dokument syner at det var gard her i mellomalderen då Vestre Piltingsrud vart rydda som øydegard. Truleg vart Austre Piltingsrud ny-rydda like etter. På 1600-talet vart det stor etterspurnad etter tømmer, og dette gav gode vilkår for skogsgarden Piltingsrud. Skogsdrifta gjorde bruket til eit av dei meir velståande bruka i Sør-Aurdal og Valdres. Veksten avspeglar seg i ein bygningsmasse med herskapeleg preg. Skogsdrifta og skogbruk er ein del av valdreshistoria som er spesifikt knytt til Sør-Valdres og Sør-Aurdal.

Garden har vore delt fleire gonger, men vart samla på auksjon i 1808 og seinare delt att. Slekta som er på Piltingsrud i dag, kom til garden i 1796 då Rasmus Pedersen Bergsund kjøpte halvparten av skogen. Sjølve garden og resten av skogen vart selt i 1809, og via ei lengre historie eigde Bergsund dette saman med Gudbrand Haugsrud. Rasmus' son Peder gifta seg i 1822 med Berte Kristine Haugsrud, Gudbrands dotter. På den måten vart garden samla gjennom giftarmål.

Figur 146. *Kolbrenning på Piltingsrud under andre verdskrig.*

Foto: Valdresmusea AS / Bagn Bygdesamling. Fotograf: Granheim, Ottar

Figur 147. *Pedor (1875–1941) og Mathea (1886–1969) Piltingsrud. Foto: Bagn Bygdesamling / Valdresmusea AS. Fotograf ukjent*

Garden hadde to setrer der det også vart hausta høy. Den første setra heitte Gravassetra og er nemnt i 1712. I 1798 var det utvida frå ein til to husmannsplassar. Til saman vart det fem husmannsplassar på Piltingsrud.
Området vart mykje brukt av Milorg under andre verdskrig.

Pedor Piltingsrud (1875–1941)
Grunnleggjaren av Sliperiet, Pedor Piltingsrud, kjem frå denne garden. Med Storbrufos Træsliberi på Bagn, som opna i 1910, vart han den fyrste industribyggaren i Valdres. Der laga dei cellulose som vart transportert med taubane opp på Tonsåsen for deretter å bli sendt med tog til hamn. Pedor hadde sans for nyvinningar og hadde den fyrste bilen i Valdres – ein Rover 1906. Han var også fyrst ute med både traktor og elektrisk sveiseapparat. Sveiseapparatet brukte han flittig – og det fungerer framleis. Han var også ein habil smed.

Av det Pedor etterlét seg, er det blant anna detaljerte teikningar av ein representasjonsbustad på garden, mange gjenstandar han sjølv har konstruert og laga med sveiseapparatet sitt, og ei hole i bergveggen der han hadde planar om å bli gravlagd når hans tid var omme. Mausoleet vart ikkje teke i bruk.

Registreringar



Figur 148. *Det er sju SEFRAK-registrerte bygningar på tunet*

Det er sju SEFRAK-registrerte bygningar på tunet, men åtte bygningar er frå før 1850. Der står hovudbygning, kårbygning, låve, stabbur, bryggarhus, snikkarbu, smie og badstove. Delar av låven er truleg frå 1640. Husa vitnar om ei tid då alt hadde sin praktiske funksjon og det var flittige hender som utøvde handverk som no er i ferd med å gå i gløymeboka. Mykje gamalt inventar og hestereiskap er teke vare på.

Kring garden er det mange spor etter gamal og ny tømmerdrift. Her er tømmerkoier, nåledam og tømmerrenne som ligg på eigedomen. Av andre kulturminne kan nemnast to godt bevarte fangstgroper og slepp-plassar frå andre verdskrig.

Figur 149. *Hovudhus til venstre og låve til høgre. Foto: Rasmus Piltingsrud*

Figur 150. *Tunet sett frå elvesida. Foto: Rasmus Piltingsrud*

Objekt til kart



Figur 151. *Tunet på Piltingsrud*

Verdivurdering

Tunet på Austre Piltingsrud er gjeve verdital 2.

Grunngjeving for verdisetting

Tunet har ein eigen verdi knytt til skogsbrukshistoria i Sør-Aurdal. Det er heile åtte bygningar frå før 1850 på tunet, og eigaren har lagt mykje arbeid i å sette dei i stand. Vidare er dette heimgarden til Pedor Piltingsrud, som var ei kulturpersonlegheit og ein viktig person for utviklinga i Bagn og Sør-Aurdal.

Forslag til forvaltning

- Vedlikehald og bruk av bygningar
- Rydding av kulturlandskap
- Beiting av kulturlandskapet. Småfe eller dyr av lettare storferasar blir anbefalt.

Spesielle omsyn:
Historia på staden er viktig, og det er viktig at tunet beheld sitt særpreg, samstundes som det kan nyttast til turistverksemd, som eit døme på bruk og vern.

Bruk: Historia på garden Piltingsrud er ein viktig del av historia i Valdres. Garden er i drift, og eigaren har bygd nytt massivtrefjøs for kjøtfe og driv eiga foredling. Meir beite og kulturlandskap er rydda. I tillegg har garden utvikla seg til overnattingsstad med arrangement, framsyningar, utstillingar og utleige av selskapslokale. Dette er ein ideell måte å nytte dei fysiske og immaterielle ressursane på garden. Området er også eigna som turområde, og mausoleet er eit turmål om lag 15 minuttars gange frå garden.

Hovudmål: Setje i stand og gje nytt liv til bygningsmiljøet på garden.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Istandsett bygningsmasse	Vedlikehaldsplan	Årleg vedlikehald Istandsetting	Eigar	Eigar Norsk kulturminnefond
Bruke hus til verdiskaping	Utviklingsplan	Innreie lokalitetar	Eigar	Eigar Innovasjon Norge
Istandsett kulturlandskap	Enkel bruks- og skjøtselsplan	Rydding, gjerding, slått/beiting	Eigar	Eigar Kommune/SMIL RMP
Verdiskaping knytt til landskap	Utviklingsplan Samlekunnskap	Rydding, skilting og merking	Eigar Turlag o.l	Eigar SMIL Sparebankstiftinga
Verdiskaping knytt til kvalitetsmat på gardens ressursar	Kjøttproduksjon og eiga foredling	Driftsbygg, rydde beite, foredlingslokale, marknadsføring	Eigar	Eigar Innovasjon Norge

Oppfølgingsansvar

Eigaren

12 Gjestgiverhaugen (Haugen) 37/8

Gjestgiverhaugen, til dagleg Gasjevarhaugen, eller berre Haugen, har 96 mål dyrka mark og 3500 mål skog. Som namnet seier, har dette vore ein gjestgjevargard allereie frå 1600-talet. Det er fem SEFRAK-registrerte bygningar på garden.

Figur 152 *Delar av øvre hovudbygningen, stabbur og vognskjul. Foto: Anne Karine Haugsrud*

Brukshistorikk

Den fyrste dokumenterte opplysninga om gjestgjevargard eller skysstasjon i Bagn er frå 1685. Det dreier seg truleg om Gjestgiverhaugen, som då heitte Øvre Bagn og omfatta det som no er gardane Erlandshaugen og Gjestgiverhaugen. Garden hadde mange eigarar fram til han i 1748 vart kjøpt av Svend Olsson Tråseth, med tilnamnet "kyrkjebyggjar". Han bygde kyrkjene i Bagn, i Aurdal og på Bruflat. Han skal også ha laga takryttaren i Hedalen stavkyrkje i 1738. Han bygde nokre bustader i Bagn, mellom anna det eldste våningshuset på Gjestgiverhaugen, truleg kring 1750.

Tråseth var også gjestgjevar. Han fekk besøk av Erik Pontoppidan, biskop av Bergen, forfattar og naturvitskapsmann. Pontoppidan er mest kjent for tidsskildringane sine og som forfattar av *Sandhed til gudfrygtighed* frå 1737, ei forklaring til Luthers vesle katekisme. I dagboka si omtalar biskopen opphaldet som svært vellukka. På garden fanst på den tida eit stabbur der reisande kunne ta inn. Frå svalgangen i andre etasje i stabburet heldt Pontoppidan preike for den frammøtte forsamlinga og forklara dei at jorda eigentleg er rund. For å tydeleggjere dette fekk han låne ei topplue som han trædde inn på neven, og peikte og forklara. Stabburet vart seinare flytta til Erlandshaugen, der det står no.

Då Tråseth døydde i 1769, vart garden kjøpt av Steingrim Olsson Olmhus, som tok namnet Bang. Han,

og seinare sonen Ole Steingrimsson, dreiv også skysstasjonen. Frå deira tid stammar ei skysstavle med opplysningar om avstandar frå Tomle til Bang og frå Bagn til Onstad, og dessutan skyssprisar til ulike årstider. Tavla heng framleis på garden.

Figur 153. *Skysstavla er enno på garden. Tavla kunngjer at den dansk-norske kongen Kristian 7. har gjeve løyve til å drive gjestgjevargard og skysstasjon, og at avstandar og prisar er korrekte. Prisane står på baksida av tavla. Foto: Anne Karine Haugsrud*

Steingrim Eriksson Haugsrud (f. 1811) kjøpte garden av onkelen sin, Ole Steingrimsson i 1838. Det er ikkje kjent om han dreiv skysstasjonen. Steingrim bygde nytt bustadhus, stabbur, vognskjul, låve, eldhus og korntørke.

Gjestgjevar og turistvert

Son til Steingrim, Erik Steingrimsson Haugsrud (f. 1856) overtok i 1876 og starta hotelldrift saman med kona si, Ingebjørg Haugsrud (f. Rogne). I hans tid som brukar vart det oppført ein tredje hovudbygning, eit stort tømmerhus i sveitserstil som vart brukt i hotellverksemda. Dette vart seinare selt til Steinsæter i Hølera. Han bygde også eit ishus. Isen vart skoren på Begna på seinvinteren og lagt i sagflis i ishuset. Eit lite lysthus der damer kunne sitte i skuggen og brodere og lese, vart også oppført i hagen. Erik anla ein stor kjøkkenhage for hotellet, laga kaffiplass, planta prydbuskar og tre og bygde ein krokketbane. Det vart anlagt ein pryddam i forsenkinga mellom den yngste hovudbygningen og det nye, tredje bustadhuset. Det vart arrangert huskonsertar, opplesingsaftnar, tablå, fiske- og jaktturar for å underhalde gjestene.

Av kjende gjester var mellom andre Knut Hamsun og truleg Edvard Grieg. Hans gode ven, den britiske

komponisten Fredric Delius, budde på garden fleire gonger. Våren 1896 budde han på salen i nedre bygningen i seks veker medan han skreiv fyrste akt til operaen *Koanga*. Eit av soveromma i nedre bygningen vert kalla "prinserommet". Ifølgje familietradisjonen kan dette ha vore den svenske prins Eugen, målarprinsen, på veg til Vang der han var fleire somrar.

Erik Haugsrud fekk også laga ein brosjyre for hotellet. Der legg han særleg vekt på den friske lufta og dei helsebringande ozona(!) Hotelldrifta vart mindre etter 1900, men nesten kvar sumar fram til 1960-talet var det betalande sumargjester. Ein av desse var målaren Mons Breivik, som reiste rundt og måla og teikna skisser. Han betalte for opphaldet med eigne bilete. Nokre av desse er framleis på garden.

Torvfabrikk
Etter at hotelldrifta vart nedlagt, dreiv Erik Haugsrud som tømmermålar. I 1917, under fyrste verdskrigen, starta han også ein torvfabrikk på heimesætra Myre på Tonsåsen. Der vart det sett opp eit reisverkshus i to etasjar til bustad for arbeidarane, på det meste 10–12 mann. Då krigen slutta, og kol vart importert att, vart torv mindre lønnsamt og fabrikken nedlagt. Bygningen står framleis. Huset vart brukt som skogsarbeidarkoie fram til på 60-talet, seinare hytte.

Skuleverksemd
Steingrim Eriksson og nokre andre bønder på Austre Bagn gjekk saman om å leige huslærar/guvernante til borna sine. Skulelokala var på Gjestgiverhaugen, der lærarane også som oftast hadde kost og losji. Denne privatskulen fungerte periodevis fram til byrjinga av 1920-talet.

Ei tid var det også posthus og veterinærverksemd der.

Figur 3. *I salen på nedre bygningen på Gjestgiverhaugen var det ein periode privat skule. Biletet er frå 1896 og er teke utanfor svalgangen i Nedre bygningen. Svalgangen vart riven under fyrste verdskrig då huset vart modernisert.*

På biletet er Geirtrud Karlsgot (1866–1960), Olav W. Wold, Ivar E. Haugen, Lars Juvkam (1889–1962), Per Søre Jordet, Osmund Smeby, Ola Bang, Anna Juvkam, Sofie Madsen, Beate Madsen, Hansine Juvkam, Ida Elise Madsen, Tora Jordet, Anna Bang, Emma Matea Piltingsrud (1886–1969).

Foto: Valdresmusea / Bagn Bygdesamling. Ukjend fotograf

Tøgbanin
Frå jernbanesporet på Valdresbanen bygde Pedor Piltingsrud i 1910 ein taubane for å frakte tømmer ned til sliperiet i Bagn. Ved endepunktet vart det bygd eit hus til arbeidarane og sidespor til lasteramper. Grunnen tilhøyrer Gjestgiverhaugen, og staden har i mange år vore nytta som heimseter og hytte.

Dramatikk under andre verdskrigen
Under angrepet på Bagn i april 1940 vart sivilbefolkninga beden om å evakuere. Frå Gjestgiverhaugen drog folket opp til Myre, som ligg om lag fem kilometer opp for garden. Erik Haugsrud var då 84 år gamal og dårleg til beins. Den eldste dottera hans, Hanna, var lam og sat i rullestol. Ho vart bunden fast til ein lenestol og sett i ein slede saman med far sin, dei andre fekk gå. Erland køyrde, medan

kona hans, Sigrid, gjekk framfor og leidde hesten. Det var høg snø, og vegen, som stadvis er svært bratt, var til dels ubrøytt. For å gjere sleden lettare i dei brattaste partia måtte dei kaste ut ein del av det dei hadde teke med seg av klede og utstyr. I løpet av ettermiddagen og kvelden søkte også mange andre tilflukt på Myre. I alt 38 personar sov der den fyrste natta. Sigrid var alltid særs gjestfri og gjekk straks i gang med å koke ertesuppe.

Neste dag gjekk mange langs jernbanesporet til Tøgbanin. Der fanst ein telefon slik at dei kunne kome i kontakt med togføraren og be han stoppe toget. Dei som vart att på Myre og hadde ansvar for husdyr, gjekk opp og ned morgon og kveld.

14. april gjekk det ut mobiliseringsordre om at karane i Bagn skulle møte i Brandbu. Der var det få befal og lite utstyr. Etter mykje venting vart soldatane sendt nordover igjen for å kjempe i Gudbrandsdalen og Valdres. Steingrim og nokre andre begningar sykla tilbake over Leirskogen og såg røyken stige frå det brannherja austre Bagn.

Etter slaget på Bergatn gjekk dei norske soldatane ned til bygda. Då dei kom ned i skogbrynet over Gjestgiverhaugen, flaug eit tysk bombefly inn over Bagn. I grupper på ti sprang dei raskt inn på låvetrevet utan å bli oppdaga. Offiserane heldt streng disiplin medan dei var på garden. Alt røykeutstyr vart inndrege, og ingen fekk gå ut. Tyske rekognoseringsfly flaug over bygda to gonger dagleg. Etter kort tid drog soldatane vidare for å kjempe nord for Fagernes.

På Gjestgiverhaugen hadde det vore tyske soldatar på besøk. Stabbursdøra hadde tydelege merke etter ein rambukk. Men dei hadde ikkje greidd å kome seg inn. Jarnslåa på baksida av døra var for solid. Dei hadde søkt gjennom alle rom i heimehuset, unnateke Erik Haugsrud sitt soverom, der jaktgeværa hans hang over døra.

Motstandsfolk
Erik Haugsrud var uvanleg godt informert om korleis krigen utvikla seg. I 1982 vart det funne ein gamal radio i sagflisa på loftet på Myre. Truleg var det med den han fekk informasjon. Både Erland og Steingrim var med på mange slepp i Vassfaret. Under heile krigen vart illegale våpen gravne ned under smiegolvet. Med alt jarnskrotet som låg omkring, ville våpna vere vanskelege å finne med metalldetektor. Til Gjestgiverhaugen kom også mange som var på flukt frå tyskarane. Kaptein Rieber Mohn, som leia slaget på Bergatn, var ein god venn av Steingrim og kom på besøk fleire gonger. Rieber Mohn fotograferte på Bergatn og gav Steingrim eit album med eigne tekster. Den siste gongen Rieber Mohn kom, var han kledd i norsk kapteinsuniform. Like etter vart han sendt til ein tysk konsentrasjonsleir, der han døydde.

Jordbruk og skogsdrift i etterkrigsåra.
Etter at Gjestgiverhaugen vart delt mellom brørne Steingrim og Erland Haugsrud i 1945, budde dei i kvart sitt hus på garden og dreiv jordbruk og skogsdrift. Saman med andre bønder på Øystre Bagn bygde dei eit lite kraftverk i Kvednaelve. Utstyret var gamalt og slite, og spenninga var ofte så dårleg at når kona i Tamburgarden tok fram strykejernet sitt, var det umogeleg å høyre radio på Gjestgiverhaugen! Brørne var i det heile særs aktive; dei bygde ei gardssag og skar tømmer til seg sjølv og andre, var blant dei fyrste med traktor, drenerte og rydda nytt land, bygde skogsbilveg saman med grannane, bygde fiskedam og var blant dei fyrste i Sør-Aurdal til å innføre NRF-kyr. Ei stund dreiv Mary også hønseri. Det har ikkje vore husdyrhald på Gjestgiverhaugen sidan 1975.

Noverande status
Noverande eigar, Anne Karine Haugsrud, overtok eigedomen til faren Steingrim i 1980 og onkelen Erland i 1992, saman med mannen sin, Tore Labugt. I 1982 vart eit område kalla Havnelykkja selt til bustadtomter. I 2005 vart husmannsplassen Renna selt til kommunen til same føremål. Anne Karine Haugsrud vart enke i 1989, og har under si eigartid konsentrert seg om å setje i stand og restaurere bygningane på garden. Dette er no langt på veg gjennomført. Dei gamle driftsbygningane er uskikka for moderne landbruk.

Figur 154 *Tunet på Gjestgivarhaugen kring 1895.*
Foto: Valdresmusea AS / Bagn Bygdesamling. Fotograf ukjend

Figur 155 *Tunet om lag 120 år seinare, kring 2015.*
Foto: Anne Karine Haugsrud

Registreringar

I 1748 hadde garden 11 hus ved tunet heime og dessutan heimstøl og to langstølar, den eine med eldhus.

Det har vore fire husmannsplassar: Brøtin, Renna, Sveen og Russhaug, ei tid også Gubberud. Garden kunne fôre ti kyr og tre hestar i tillegg til småfe. Det er to hovudbygningar, den eldste frå kring 1750, den andre frå om lag 1860, låve, stabbur, vognskjul og eit lite lysthus, alle bygd før 1900 og SEFRAK-registrert. Stabburet vart nytta som kornlager for Bagn under fyrste verdskrigen.

Med unnatak av den eldste bygningen og lysthuset er alle sett opp av Steingrim Haugsrud etter 1845. På garden var det tidlegare ishus, ei korntørke som vart riven i 1948, og eldhus. Eldhuset fall ned under snøtyngda i 2018. Det inneheldt grisehus, bryggarhus og bakstestove og dessutan smie.

Den eldste hovudbygningen har ein del originalt listverk og nokre dører frå midten av 1700-talet, handhøvla glattpanel i veggar og himlingar i dei fleste rom. Den gamle grua med bakaromn er delvis intakt. Huset hadde svalgang med ytre trapp opp til andre etasje. Denne vart riven i 1917 då huset vart pussa opp. Hovudbygningen frå 1860-talet står i vinkel mot den gamle og er like stor og har same rominndeling. Den einaste skilnaden er ei stor indre trapp. Spisestova har framleis handhøvla glattpanel. Stove og tre soverom hadde heilt til sist på 1950-talet tapet som var limt på strie spent opp på tømmerveggane. Det er også ein gardshage med oppbygde murar fleire stader.



Figur 4. *Trekantar syner kvar det er SEFRAK-registrerte kulturminne. Det er seks SEFRAK-registrerte bygg på tunet. Eldhuset fall saman og vart fjerna i 2018. Raud trekant tyder meldepliktig.*

Objekt til kart

Figur 6. *Tunet på flyfoto*

Prioritet
Tunet på Gjestgiverhaugen er gjeve 2. prioritet.

Grunngjeving for prioritering
Gjestgiverhaugen var gjestgjevargard sidan 1600-talet og er truleg den eldste gjestgjevarstaden i Sør-Aurdal. Alle bygningane er frå før 1900, og éin allereie frå tida før Haugsrud kjøpte garden i 1838.

Forslag til forvaltning
Spesielle omsyn:
Det viktigaste er å ta vare på bygningane. Det gjer ein best ved å bruke dei etter eigars ynske og behov. Bygga har endra seg etter livet i snart 200 år, og nyare tilpassingar bør kunne visast. Samstundes er det viktig å ta vare på opphavlege, fundamentale konstruksjonar og særpreg slik at ein kan sjå historiske samanhengar.

Figur 7. *Låve og fjøs. Foto: Anne Karine Haugsrud*

Bruk: Det beste for bygga er om husa og plassen blir nytta som bustad. Det må takast omsyn til dagens behov.

Hovudmål: Ta vare på den gamle gjestgjevargarden og historia knytt til han.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Istandsette hus	Plan for istandsetting	Istandsetting etter plan	Eigar	Eigar Norsk kulturminnefond SMIL
Funksjonelle hus	Definere behov	Oppgradering om naudsynt	Eigar	Eigar, Husbanken
Intakt bygningsmiljø	Plan for tunet	Tiltak etter plan	Eigar	Eigar, SMIL
Intakt kulturlandskap		Årleg slått og beiting	Eigar	Eigar, SMIL
Ta vare på og formidle historia	Samle og formidle informasjon	Publisere/dele med historielag ol	Eigar	Eigar, kommune

Oppfølgingsansvar
Eigar

13 Gamle Bagn (Vangen, Bagn kyrkje, Ulekyrkjetomta, prestegarden og Bagnsmoen

Vangen, Bagnsmoen og Ulekyrkjetomta er tusenårsstad i Sør-Aurdal kommune frå 2005. Gamle Bagn med Bagnsmoen og Bagn kyrkje ligg mellom Begna og øvre kyrkjegardsmur på Bagn kyrkje. Staden har hatt mykje å seie for utviklinga av kommunesenteret.

Vangen

Figur 156. *Vangen.*
Foto: Katharina Sparstad

Flatene på Vangen har vore ein naturleg samlingsplass i Bagn. Her var eksersisplass gjennom fyrste og andre verdskrig. Vangen har også vore ein naturleg plass for idrettsarrangement og andre aktivitetar.

Figur 157. *Vangen 8. mai 2018, sett mot Begna med Vestre Bagn og Langeberg i bakgrunn. Foto: Gunvor Elene Thorsrud*

Brukshistorikk

Vangen er/har vore nytta som kyrkjestad, eksersisplass, marknadsplass, festplass og idrettsplass. Valdresbataljonen brukte plassen i 1886.

Figur 158. *Folkesamling på Vangen rundt 1905–06. Foto: Kristine Thorsrud / Valdres Folkemuseum*

Handelsstaden Bagnsmoen

Bangsmoen butikk vart bygd i 1881 og driven som handelsstad fram til om lag 1930. Kommunen kjøpte staden i 1991. Staden blir no driven av Stiftinga Bangsmoen. Hovudbygningen blir nytta til utsal av husflidsprodukt, møte, selskap, arrangement og som utstillingslokale.

Figur 159. *Bagnsmoen butikk blir nytta til sal av husflidsprodukt, møte, selskap, arrangement og utstillingslokale.*
Foto: Katharina Sparstad

Ulekyrkja

Ulekyrkja var ei stavkyrkje og skal ha fått namnet etter garden Ule eller Urdi. Det er uvist når kyrkja vart sett opp, men kyrkjeportalen er no på Nationalmuseet i København og er datert til kring 1200-talet. I dei pavelige nuntiers rekneskaps- og dagbøker frå ei reise i 1327 nemnast ”ecclesia de Reglir cum capella”. Kapellet vert tolka som Ule kyrkja. I eit diplom frå 1375 er det omtala "Bagns kirkiu sookn a Waldræs". Dersom det dreier seg om den same kyrkja, kan det bety at Ule kyrkje har vore ei soknekyrkje, ikkje kapell. Bagn kyrkjesokn vert også omtalt i fleire diplom frå 1400-talet (frå norgeskirker.no og norske-kirker.net).

Kyrkja var i bruk fram til om lag 1685 og vart seinare riven. Den rette kyrkjetomta ligg på 39/100 ovanfor Bagn kyrkje. Rett nord for kyrkjetomta skal det ha vore ein særs god brønn, og *Ule* er også knytt til ordet ”olle” (kjelde), som også har samanheng med ein Olavs-kult. I skriftlege kjelder frå 1743 er det omtala ei ”St : Oles Kilde”, som låg ”Sønden for den gaard Bang Kaldet”. Ulekyrkja vart truleg riven rundt år 1700, og kyrkja går ikkje inn i kyrkjesalet i 1820-åra.

Bagn kyrkje

Nye Bagn kyrkje ligg på oversida av vegen. Kyrkja er ei tømra krosskyrkje i bondebarokk sett opp av byggmeister Svend Olsen Traaseth i 1736. Kring kyrkja er det ein steinmur. Arbeid med restaurering vert gjort i 2018-2019.

Figur 160. *Bagn kyrkje ligg ved Vangen. Foto: Katharina Sparstad*

Inne i kyrkja er det rikt inventar frå 1700-talet. Snikkar har vore mellom anna Aslag Olsen Li (1798-1886). Altertavla, døypefont og preikestol er truleg snekra og skåren av Johannes Ellingsen Segalstad frå Gausdal. Preikestol og himling har uvanleg fint maleri, truleg utført av Peder Aadnes. Det er også maleri å treplate basert på koparstikk av Bartholomeus Dolendo etter Crispin v.d. Broeck. Maleriet er signert Orvar Thorsrud (død 1924). Dei to kyrkjeklokkene er frå 1881. Den eine vart om støypt i 1941.

Figur 161. *Kongssteinen vart flytta hit i 2014. Foto: Katharina Sparstad*

Kongssteinen

Kongssteinen vart flytta hit i 2014 fordi han elles ville vorte borte på grunn av ombygging ein annan stad. På steinen er det hogd inn tekst av Ola Dønhaug (1808–1880), då steinen låg tett inn til husveggen hans. Tekstene omhandlar kongane som regjerte i Noreg frå 1838 til 1872 (kong Karl Johan og kong Oscar V og kong Karl IV) . Til tekstene var det hogd inn portrett av kongane. Flyttinga var eit initiativ frå lokalhistorikar Kristian Bergsund med støtte av Sør-Aurdal historielag og Rottary.

Figur 162. *Prestegarden ligg litt sør for sjølve Vangen. Foto: Katharina Sparstad*

Prestegarden

Prestegarden i Bagn ligg rett sør for Vangen, men høyrer tematisk til området. Garden vart delt og jorda skilt frå for nokre år sidan, men tunet står framleis fram som heilskapleg. Nytt fjøs og bustad er bygd på tunet. Det er tre vedtaks-freda bygningar på tunet. Ein av dei, stabburet, ligg på det som no er skilt ut til gardstun. Dei andre to er prestebustaden og ei bu. Til gamle prestegarden er det bygd eit lite uthus.

Registreringar

Ved Ulekyrkjetomta er det sett opp ein minnestein, ein enkel trekross og ei informasjonstavle. Til tomta går ein merkt stig frå fylkesveg 219. På minnesteinen sett opp av Sør-Aurdal Historielag er det gravert inn: «Her lyt vi trø varsomt, her er heilag grunn. Ulekyrkja ca 1200-1755»

Til Ulekyrkja høyrde ein mektig portal (sjå neste side). Denne var ei tid på garden Tronhusåsen. I 1861 vart portalen seld til Nationalmuseet i København. Portalen er av dei flottaste frå Valdres-kyrkjene og består av to dekorerte sideplankar og eit rundboga overstykke. Det einaste arkeologiske minnet som er registrert på Vangen, er eit fjerna gravfelt. Det skal ha vore 3-4 gravhaugar her. Det skal også ha vore steinalderfunn på Bagnsmoen. Gjenstandar er ikkje funne i det digitale arkivet til Oldsaksamlinga. Det har også vore tingstove og prestebustad, desse vart flytta til Haga og Trettebråten. På Tamburgarden ovanfor kyrkja var første butikken i Bagn.



Figur 163. *Tufta etter Ulekyrkja ligg på 39/100 ovanfor Vangen. Frå Askeladden.no. Til venstre er det terrengbilete av tufta/kyrkjegardsmuren. Frå valdreskart.no*

Figur 164. *Til venstre: Kross og minnestein på tomta til Ulekyrkja, på 39/100 ovanfor Vangen. Foto: Jan Tore Egge. Til høgre: Tavla ved tomta til Ulekyrkja. Foto: Sør-Aurdal kommune. Under til venstre: Minnestein på Ulekyrkjetomta. Foto: Sør-Aurdal kommune. Under til høgre:. Portalen frå kyrkja Ulekyrkja er på Nationalmuseet i København. Foto: Jon Erling Blad*

Nye Bagn kyrkje frå 1736 ligg på oversida av rv. 219, ved Bagnsmoen. Ved kyrkja er det eit bårehus og lager. Sjølve prestegarden ligg lengst sør, litt unna sjølve Vangen.

På handelsstaden Bagnsmoen er det registrert butikk med uthus/fjøs, stabbur. Mellom handelstaden og kyrkja ligg ein private bustad med garasje.

Figur 165. *Ved Bagnsmoen er det også fjøs/uthus og stabbur. Foto: Katharina Sparstad*

I dag er det reist tre bautaer på Vangen i tillegg til Kongssteinen. Éin er ein minnebauta over falne i fyrste verdskrig, ein over kampane i andre verdskrig og ein over prest Hans Jakob Stabel, som var prest i Sør-Aurdal i 1806–1822 og deltok i riksforsamlinga på Eidsvoll i utarbeidinga av ny grunnlov.

Figur 166. *Til venstre: Minnebauta om falne i 1. verdskrig. I midten: Bauta over H.J. Stabel, prest i Sør-Aurdal i 1806–1822. Bautaen til høgre er til minne om kampane i Valdres, april 1940. Foto: Katharina Sparstad*

I tillegg er det registrert Kongsteinen, informasjonstavler og parkeringsplass. Registrerte kulturminne i området er markert på kartet nedanfor.

På prestegarden er det registrert tre vedtaksfreda og SEFRAK-registrerte bygningar og ein fjerna gravhaug med laussfunn der uthuset står. SEFRAK-registrerte bygningar er markert med raud trekant.



Figur 167. *Registrerte kulturminne på Vangen er merkt med R. SEFRAK-registrerte bygningar er markert med raud trekant. Hovudhuset på prestegarden er markert som freda. Frå Valdreskart.no*

Objekt til kart

Det er berre sjølve Vangen utan kyrkje og Bagnsmoen som er i bruk som historisk stad. Både Bagnsmoen og kyrkja er regulert med eiga sone "spesialområde bevaring" og "'bevaring av bygninger" i reguleringsplan for området, Fylkesveg 219 gang-/sykkelveg Østre Bagn.



Figur 168. *Forslag til avgrensing av området. Det bør vurderast om prestegarden med freda bygning også bør inkluderast.*

Verdivurdering

Vangen er gjeven verdital 1.

Grunngjeving for verditsetting

Plassen inneheld særs mykje viktig historie, både lokalt og knytt til nasjonalt viktige hendingar. Vangen, Bagnsmoen og Ulekyrkjetomta er definert som tusenårsstad og er allereie gjeven særleg verdi av kommunen.

Forslag til forvaltning

Bagnsmoen: Stiftinga Bangsmoen vart danna av kommunestyret i 1991 med det føremålet å setja eigedomen i stand, verne, drive og halde den ved like i samråd med fylkeskonservatoren.
Vangen: Bagn Sokneråd er eigar av Vangen og har ansvaret for denne.
Kommunen støttar vedlikehaldet av tusenårsstaden med årlege tilskot til Stiftinga Bangsmoen og Bagn sokneråd.
Ulekyrkjetomta: Sør-Aurdal Historielag har hatt ansvaret for vedlikehald av Ulekyrkjetomta, men kommunen har no overteke dette.
Bagn kyrkje: Sør-Aurdal kyrkjelege fellesråd
Prestegarden: Denne er delt i to, der den eine er driven som gard i privat eige. Den andre delen er vedtaksfreda og eigast av Opplysningsvesenets fond.

Spesielle omsyn:
Retningsliner for omsynssona legg føringar for forvaltning og bruk av området. Det er eit generelt forbod mot endring, riving og ny bygging i bevaringsområda. Eventuelle tiltak blir behandla som dispensasjonssak. Kyrkjebygget er også i omsynssona, og kyrkje, kyrkjegardsmur og vegetasjon skal bevarast. I områda kring skal det drivast tradisjonelt landbruk.
Det er viktig å ta vare på heile historia som knyter seg til Vangen og området rundt. Historia bør derfor takast vare på med formidling på staden, i litteratur og undervisning/forteljing og arrangement. Plassen er open og sårbar for innsyn om området rundt blir bygd ned.

Bruk:
Nytte plassen til arrangement, formidling, høgtider, og kranslegging av bauta på 17. mai.

Hovudmål:
Vedlikehald av tusenårsstaden og stimulere til aktivitet ved Vangen, Bagnsmoen og området rundt.

Tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Halde staden i stand	Aktivitetar og arrangement ved tusenårsstaden	Årleg tilskot til laga for vedlikehald av tusenårsstaden	Kommunen, Stiftinga Bangsmoen, Bagn sokneråd	Kommunen
Bruke Ulekyrkjetomta som kyrkjestad	Arrangere samlingar	Friluftsgudstenester på Ulekyrkjetomta	Sør-Aurdal kyrkjelege fellesråd	Sør-Aurdal kyrkjelege fellesråd
Bruke kyrkja som arena for kunst og kulturformidling	Auka kunnskap	Utarbeide tema for DKS	Kommunen Valdresmusea Historielag Kyrkjeleg fellesråd	Kommunen Fylkeskommunen Kyrkjeleg fellesråd
Ta vare på kyrkjebygget	Kartlegge behov Sette av ressursar	Istandsetting	Kommunen Kyrkjeleg fellesråd	Kommunen Kyrkjeleg fellesråd
Bruke kyrkjene som arena for kulturformidling	Auka aktivitet	Fleire kulturarrangement	Kommunen Historielag Kyrkjeleg fellesråd	Kommunen Næringsliv Frivillige Kyrkjeleg fellesråd
Julemarkering av tusenårstaden	Knyte markering til høgtider	Sette opp juletre på Vangen	Bagn sokneråd	Kommunen
Bruke staden til allmennyttige føremål	Legge til rette for idrettsarrangement	Avvikle idrettsarrangement	Idrettslag	Idrettslag
Brukarvenleg oversikt over området	Samarbeide med historielaget om betre informasjon	Sette opp oversiktstave ved vegen Rydde rundt skilt, minne og minnesteinar	Kommunen	Kommunen

Oppfølgingsansvar
Sør-Aurdal kommune, Kyrkjeleg fellesråd og Opplysningsvesenets fond

14 Bagn tettstad

Ein tettstad eller eit sentrum oppstår som eit resultat av praktiske behov. Bagn er eit naturleg knutepunkt mellom Begnadalen, Aurdal, Reinli og Tonsåsen/Bruflat. Tyngdepunktet i Bagn sentrum har endra seg fleire gonger etter som tidene endra seg. Frå gamalt låg sentrum ved Vangen, nær kyrkja (sjå eige kapittel). Etter at industrialiseringa og elvekrafta vart viktig, vart tyngdepunktet i sentrum flytta. Seinare behov for parkeringsplassar og tilgjenge frå E16 endra sentrum i Bagn til kjøpesenteret. I denne planen legg vi vekt på Bagn mellom 1900 og 1980, før tyngdepunktet vart etablert i kjøpesenteret.

Tettstaden er framleis under utvikling, og omlegging av E16 har vore med på å drive fram ein prosess knytt til utvikling av tettstaden. Kommunen arbeider no med ein ny plan for utvikling av tettstaden.

Figur 169. *Omlegging av E16 i tunell frå Bagn til Bjørgo gjev nye moglegheiter for Bagn sentrum. Foto: Katharina Sparstad*

Brukshistorikk

Heilt frå 1600–1700-talet vart vasskrafta nytta i Bagn, og her var tidleg både sag og mølle. I byrjinga av 1900-talet skjedde det store endringar. I 1910 bygde Pedor Piltingsrud Sliperiet, og snart vart Bagn ein av dei største tettstadene i Valdres. Dette raude teglsteinsbygget var frå 1910 til 1938 staden for det største industrieventyret i Valdres.

Figur 170. *Bagn før 1906. Foto: Ukjend*

Utvikling av tyngdepunkt i Bagn sentrum opp igjennom tidene er vist nedanfor.



Figur 171. *Skisse over tyngdepunkta i Bagn sentrum i ulike periodar. Frå Stedsanalyse Bagn, Asplan Viak 2017*



Figur 172. *Bagn mellom 1880 og 1890, med Fjellheim hotell i framgrunnen. Bak fjellet til høgre ligg eit fjøs og ei pakkbu/lager. Husa på motsett side av Storebrue er Grønengdalen, seinare kalla Fossner, med hovudvegen (no E16) mot Begnadalen og Hønefoss like framfor tunet. Vegen til venstre for Saudalsberget går til vestre Bagn, vegen til høgre for berget går til Reinli, og vegen frå Fjellheim hotell går til øystre Bagn og Tonsåsen. Fjellheimsgarden er seinare nytta til fleire, ulike føremål. Foto: Axel Lindahl / Nasjonalbiblioteket*

Etter 1910 vart Bagn bygd ut med bustader, forretningar, sagbruk, mølle og ein trevarefabrikk. Med etableringa av Valdresbanen såg Pedor Piltingsrud transportmoglegheiter. Avstanden opp til jernbanen vart løyst med ein 2414 meter lang taubane som kunne frakte 20 celluloseballar på 200 kg om gongen. Sliperiet var berekna for 40 tonn våt tremasse pr. døgn. Arbeidsstokken var berekna til 45 faste arbeidarar pluss ein del lausarbeidarar. I 1925 gjekk det i gjennomsnitt seks jernbanevogner med tremasse frå Tonsåsen til Oslo. Dette året betalte Pedor Piltingsrud 11 % av skatten som kom inn i Sør-Aurdal! (Damslora, Jørn 2013).

Figur 173. *Sliperiet i Bagn då det var nyoppsett i 1910.*



Figur 174. *Taubanen kunne frakte 20 celluloseballar à 200 kg om gongen. Frå 1909.*

Meieri og butikkar på nordsida av elva

På nordsida av elva kom det også eit meieri, samvirkelag, bensinstasjon, matvare- og klesbutikk.



Figur 175. *Det gamle meieriet og Fossgård kolonial ligg på nordsida av elva. Det har vore tre butikkar i lokalet, mellom anna samvirkelag. Foto til venstre: Katharina Sparstad. Foto til høgre: Bagn Bygdesamling / Valdresmusea. Fotograf ukjend.*

Tettstaden på sørsida av elva

Med fleire arbeidsplassar vart det også behov for fleire varer og tenester. På sørsida dukka det opp fleire butikkar og kontor/tenester. I dag står sentrum kring fossen som ein ganske tett og homogen tettstad med heilskapleg 50-talspreg i funkisstil. Berre nokre av dei gamle trebygga i sveitserstil står att frå den fyrste utviklingsperioden. Det er også få bygg som bryt funkisstilen.

Figur 176. *Bagn før Sliperiet vart bygd i 1906. Foto: Jens Robøle Ingebretsen / Valdresmusea. Til bygningar anno 2018. Foto: Katharina Sparstad*

Tettstaden med funksjonar vart bygd kompakt i ei tid med mindre biltrafikk enn i dag. Valdrestunet og den nye brua vart bygd i 1987/88 og har bidrege til at fleire stoppar og bruker tilboda i Bagn, men tidlegare var rutebilstasjonen og Raventola ein sentrale plass i bygdesamfunnet.

Figur 177. *Trafikken har auka sidan 50–60-talet. Biletet syner det som er att av rutebilstasjonen Raventola og dagens bruktbilhandel og treningssenter. Her var det overnattingsplassar, bussgarasjar, eit lite fest-/møtelokale og restaurant Foto: Katharina Sparstad*

Bygningar med ulike bruksområde er kartlagt i ein eigen stadanalyse for Bagn og blir vist i kartet på neste side.

Figur 178. *Bygg med ulike funksjonar. Frå Stedsanalyse Bagn, Asplan Viak 2017*

Registreringar

Verneverdige bygg og kulturminne

Det er ikkje mange SEFRAK-registrerte bygg i området, men mange av husa har historisk verdi.



Figur 179. *Kulturminne og SEFRAK-registrerte bygningar i området. Innanfor området er det berre eitt, ikkje meldepliktig, SEFRAK-registrert bygg (gul trekant). Bagn bakeri ligg i bygningen som er inntil SEFRAK-bygget, og som tidlegare var samvirkelag. Bygningen slik han såg ut i byrjinga av 1900-talet, er vist nedanfor. Foto: Knut Knutsen / Valdresmusea*

Nord for elva

Sliperiet

Sliperiet er ein særs viktig historisk bygning. Det ligg på nordsida av elva, men går inn i den nye kjernen av tettstaden. Sliperiet er bygd av teglstein og har vore endra/utvida fleire gonger. Teglsteinen skal vere frå eit leiruttak ved Kjeringputten i Liaskogen. Huset blir i dag nytta til noko produksjonsverksemd og dessutan lager. Kring Sliperiet ligg fleire bygningar frå same perioden, i sveitserstil. Sliperiet ligg langs elva, og området er godt eigna som rekreasjonsområde om det blir sett i stand.

Figur 180. *Sliperiet sett frå sørsida av elva. Foto: Katharina Sparstad*

Butikkar, meieri, bensinstasjon og frisør

Like ovanfor Sliperiet ligg eldre trebygg som har vore bustad for tilsette ved Sliperiet. Desse har også fungert som butikk. Nord for elva, ovanfor Sliperiet, ligg det gamle meieriet som no er kro, den gamle bensinstasjonen og frisør. Der ligg også det som no er Bagn bakeri, i det gamle samvirkelaget inntil det som truleg er det eldste huset i Bagn (sjå førre side).

Figur 181. *Eit eldre trebygg midt i biletet vart nytta som bustad i samband med Sliperiet. Foto: Katharina Sparstad*

Bagn kraftverk
Bagn kraftverk ligg også på nordsida av sentrum, og på nordsida av E16. Det vart opna i 1963 og utnyttar dei 89 høgdemetrane mellom Aurdalsfjorden og Bagn. Magasinet har ein kapasitet på 803 mill. m³ vann. Vasstunnelen, som har ei lengde på 3,5 km, svelgjer inntil 84 m³ pr. sekund. Hausten 2012 vart turbinane i kraftverket modernisert, slik at straumproduksjonen vart større. Det er teke med i kulturminneplanen fordi det er ein viktig del av vassdragshistoria i Bagn og Sør-Aurdal (frå ivaldres.no).

Figur 182. *Kraftverket i Bagn er delvis bygd inn i fjellet. Foto: wikipedia/ PeltonMan*

Sør for elva
Fossvang
Fossvang heitte opphavleg Krokadn. Det fekk namnet Fossvang då dei starta arbeidet med idrettsplassen i 1947. Prosessen med å kjøpe tomt starta i 1939, men krigen og idrettsboikotten gjorde at alt arbeid med kjøp av areal offentleg vart lagt bort. At papira var klare i juni 1945, tyder på at litt uoffisielt arbeid føregjekk. Den raude bygningen du ser, vart, etter ein enorm dugnadsinnsats av ungdomslaget, sett opp i åra 1947–48. Bygningen var i si tid Valdres' største kulturhus. I løpet av levetida si har huset blant anna romma bibliotek, pelsfabrikk, kinosal, Heimevernet, skulesal, idrettslag, ungdomsklubb og frivilligsentral (frå ivaldres.no)

Den fyrste fotballkampen vart spela i 1951, etter ca. 15000 dugnadstimer. I 60-åra var ein av dei raskaste skøytebanane her, og Bagn fekk dei beste sportslege resultata sine gjennom skøytesporten.

Fryseriet
På toppen av bakken ligg Tronvoll. I kjellaren låg det fyrste fryseriet i Sør-Aurdal frå 1952. På den tida hadde ikkje folk frysar heime, så dei kunne leige ein av dei 200–300 boksane i kjellaren her. I 1979 vart boksane rivne ut. No har Bagn sportsskyttarklubb bane her.

Skysstasjonen
Raventola, som Rutebilstasjonen i Bagn vart døypt, var eit viktig knutepunkt der bussane frå Reinli og Leirskogen stoppa. Rutebilstasjonen var viktig som stoppestad for bussane som gjekk nordover og sørover i dalen. Raventola vart bygd av Peder Engseth rett etter krigen og inneheldt både overnattingsplassar, bussgarasjar, eit lite fest-/møtelokale og restaurant. Den sentrale plassen Raventola hadde i bygdesamfunnet, vart mindre relevant då brua mellom Øystre og Vestre Bagn opna i 1988 og E16 vart lagt utanom sentrum. Samstundes flytta sentrum seg då Valdrestunet opna i 1987 (frå ivaldres.no). I dag er det bruktbilhandel her.

Butikkar og kontor
Langs hovudvegen ligg kontor, sørvisbygg og butikkar. Mange av desse er murbygningar. Dei er i bruk og i tilsynelatande god stand. Bygningane her er med på å sette standarden på 50–60-talsstilen i Bagn sentrum.

Figur 183. *Murbygg i 50–60-tals-stil. Foto: Katharina Sparstad*

Figur 184. *Brustadbutikken er aktiv. Foto: Katharina Sparstad*

Figur 185. *I dette bygget er brannstasjonen for Bagn i kjellaren. 2. etasje er bustad. Kontorlokale med vindauge mot elva. Foto: Katharina Sparstad*

Figur 186. *Nokre, tomme, gamle trebygningar står att i sentrum. Foto: Katharina Sparstad*

Skule

Skulen er eit kombinert tre-/murbygg, og byggestilen på skulen er fint tilpassa dei andre bygningane frå etterkrigstida.

Figur 187. *Skulen er tilpassa byggestilen som pregar resten av Bagn sentrum.*

Kommunehus
Kommunehuset er teke med her. Bygget er tilpassa terrenget, men byggestilen skil seg ut i med element av sveitsisk alpestil.

Figur 188. *Kommunehuset sett ovanfrå. Foto: Katharina Sparstad*

Det er mange fleire bygningar i sentrum, men her er det berre teke med bygningar som skil seg ut innanfor definerte område, og generelle trekk for tettstaden med tyngdepunkt frå 1900–1980.

Objekt til kart



Figur 189. *Forslag til avgrensing av område*

Verdivurdering

Gamle Bagn sentrum er gjeve verdital 1.

Grunngjeving for verdisetting

Historia kring utviklinga etter 1900 er særs viktig for Sør-Aurdal. Det var i si tid ein av dei største industriarbeidsplassane i Valdres, og Sliperiet skil seg ut som einestående for regionen. Samstundes har tettstaden ein uvanleg intakt stil i høve til 1950–60 og funkisstilen. Dette er ein eigen og spesiell kvalitet for Bagn sentrum.

Forslag til forvaltning

Det er skrive fleire oppgåver om Bagn sentrum, og no er ein planprosess med planbeskriving sett i gang. Det er vedteke planområde, og slik som i denne planen har ein delt Bagn i to med elva som skilje.

I kommuneplanen sin arealdel for Sør-Aurdal kommune 2010–2013 (gjeld frå 16.9.2010) er områda i Bagn sentrum avsett til sentrumsføremål, kombinert bygnader, anleggsformål og bustader. Områda som omkransar Bagn sentrum, er LNFR. Kartet nedanfor syner eit utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel. Bagn sentrum er også definert som områdesentrum på linje med Beitostølen i Valdres.



Figur 190. *Kart over arealbruk i Bagn. Frå Stedsanalyse Bagn, Asplan Viak 2017*

Spesielle omsyn:

Tettstaden har verdifulle element som det bør takast omsyn til i vidare utvikling. Det gjeld byggestilen frå 50–60-talet, og særleg det høge talet på murbygg. Vidare er det enkeltbygg som

Sliperiet, bakeriet og meieriet der det ikkje bør gjerast fundamentale endringar i kjernebygget. Området kring elva er godt eigna som rekreasjonsområde der ein kan gje auka oppleving knytt til historia i Bagn sentrum. Desse områda fungerer som bakside for funksjonsbygga, altså ikkje fasadesida ut mot gata, og dei får ofte for lite merksemd. Dersom det skal leggjast til rette for elvepromenade, bør bygg og bakgardar mot elva settast i stand.

Bruk:
Området skal nyttast som tettstad med naudsynte funksjonar.

Hovudmål:
Å ta vare på og vidareutvikle kvalitetane i tettstaden. I kommuneplanen sin arealdel står det: Som mål for arealutviklinga i Sør-Aurdal kommune kjem det fram at kommunen skal vere ein god stad å bu med variert bustadtilbod. Område som har høg kvalitet som friluftsområde, natur- og kulturlandskap, område med kulturminne og verneverdi, landbruksområde og vassdrag skal takast vare på. Sør-Aurdal skal også vere ein attraktiv stad for etablering av nye arbeidsplassar, og det skal leggjast til rette for god dekning av offentlege og private servicefunksjonar.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Attraktiv og levande tettstad	Ta vare på byggeskikken i tettstaden	Legge føringar Stimulere/legge føringar for nye tiltak	Kommunen	Kommunen
Attraktiv og levande tettstad	Ta vare på bygningar med spesielle verdiar	Støtte tiltak som tek vare på historiske bygningar	Kommunen Eigar	Kommunen Eigar Norsk kulturminefond
Attraktiv og levande tettstad	Stimulere næringsliv	Samarbeid om gunstige føremoner	Kommunen Eigarar	Kommunen
Auke opplevinga av område	Utarbeide ein plan for tilrettelegging av ute-areala	Vidareutvikle uteområda etter plan	Kommunen	Kommunen
Gjere historia kjend	Formidlingsplan Formidle historia	Vidareutvikle historia på nettstader, hefte, på skilt og mobilappar	Kommunen Valdresmusea Historielaget	Kommunen

Oppfølgingsansvar

Sør-Aurdal kommune, eigarar

15 Nissebakkin

Nissebakkin er namnet på staden der forfattaren Mikkjel Fønhus (1894–1973) budde i tida 1927–1973. Her stifta han familie; han gifta seg i 1934 med Margrete Frøshaug og fekk dottera Gudbjørg Fønhus, gift Stensrud (1934–2012).

Om Mikkjel Fønhus

Mikkjel Fønhus er kan hende den mest kjende natur- og villmarksforfattaren i Noreg. Han er fødd på Nordre Fønhus i Begnadalen og vaks opp med mora Olava, som vart enke då Mikkjel var to og veslebroren Olaf eit halvt år gamal. I oppveksten hans dreiv mora landhandelen på Fønhus. Mikkjel debuterte med boka *Skoggangsmann* då han var 23 år gamal i 1917, men det var med dyreforteljingane *Der villmarken suser*, *Trollelgen* og *Det skriker frå Kvervilljuvet* han fekk det store gjennombrotet.

Forfattarskapet hans omfattar villmarksromanar, dyreskildringar, skildring av dyrs åtferd og formidling av trolske stemningar i naturen. Det meste av det han skreiv, er inspirert av naturen i Sør-Aurdal og Vassfaret. Totalt er det gitt ut 41 bøker og til saman 81 publikasjonar av Mikkjel Fønhus.

Mikkjel var svært oppteken av naturen og er kjend som ein av Noregs første og største natur- og dyrelivsforkjemparar. Mykje av livsfilosofien hans har fått ny aktualitet i dag, med auka vektlegging av berekraft og naturforståing både i reiseliv og verdigrunnlag blant mange i komande generasjon.

Ettermæle

Det er utgjeve to biografiar og fleire intervju- og minnebøker om Fønhus. Dottera Gudbjørg Fønhus Stensrud har også skrive ei bok om faren. Tom Brenne har skrive både ein biografi og utarbeidd ein bibliografi over Fønhus sine tekster. Ei byste av Fønhus, utført av Gunnar Rørhus, vart avduka i Aschehougs lokale i 1973. Eit måleri av han, utført av Johs. Rian, er i Nasjonalgalleriet si eige. Ved 100-årsminnet for fødselen hans, i 1994, hadde NRK-programmet *Ut i naturen* eit eige program om Fønhus. Ved kongeparet sitt besøk til Sør-Aurdal i 2010 la kong Harald vekt på Fønhus sitt forfattarskap i talen sin. Fønhuskoia, som vart sett opp av DNT Ringerike ved Strøen i Vassfaret i samarbeid med Valdres Natur- og Kulturpark i 2012, er oppkalla etter Mikkjel Fønhus. Fønhus' bøker er omsett til svensk, fransk, dansk, finsk, tysk, engelsk, nederlandsk, tsjekkisk og polsk.

Figur 191. *Nissebakkin i 1968. Foto: Glomdalsmuseet / Dagfinn Grønoset*

Brukshistorikk

Bustadhuset på Nissebakkin vart bygd i 1926–27. Huset ligg fint til om lag 6 km sør for Bagn, med utsikt over Begna og E16. Heile sitt vaksne liv budde Mikkjel Fønhus på Nissebakkin. Huset står framleis om lag slik det var medan han levde, og ingen endringar er gjort i skrivarstugu.

Figur 192. *Mikkjel Fønhus i skrivarstugu*

Familien eig huset i dag, og det er tilgjengeleg for publikum etter avtale. I tillegg til omvising er staden nytta til arrangement, mellom anna dei årlege Fønhusdagane i juni. I 2001 fekk dottera Gudbjørg Fønhus Stensrud kommunens kulturpris. Innsatsen for å ta vare på barndomsheimen var ein del av grunngjevinga.

Figur 193. *Nissebakkin blir nytta til arrangement, mellom anna Fønhusdagane i juni. Foto: Åse Østgård Hagen*

Registreringar

Tunet ligg ikkje langt unna barndomsheimen *Lundby* og slektsgarden *Nordre Fønhus*. Tunet inneheld fem bygningar: våningshus, stabbur, lafta hus/museum, uthus og ein nyare bustad. Våningshuset til Mikkjel Fønhus vart bygd i 1926–27 og er lafta i to etasjar. Museet vart sett i stand av dottera Gudbjørg Fønhus og er eit lite laftahus. Stabburet er fylt med saker og ting som Fønhus brukte på dei mange turane sine omkring i landet.

Opp frå tunet kan vi gå langs elva Hølera på ein tilrettelagt sti, Fønhusstien. Her brukte Mikkjel å vandre, og her fann han inspirasjon til boka *Det skriker fra Kvervilljuvet*. Langs stien er det tavler med tekst frå boka og illustrasjonsbilete. Tavlene er utarbeidd av dottera Gudbjørg i samarbeid med Valdres Natur- og Kulturpark.



Figur 194. *Oversikt over området med Hølera til venstre, Nissebakkin i midten og Nordre Fønhus til høgre. Tunet på Nissebakkin på biletet til høgre. Frå norgeibilder.no*

Mikkjels arbeidsrom er urørt slik han forlét det siste gong ein haustdag i 1973. Innreiinga omfattar blant anna jakt- og fiskeustyr, utstoppa dyr og fuglar og andre minne frå reiser i Noreg og Afrika.

Figur 195. *Arbeidsrommet står slik det var då Mikkjel Fønhus forlét det*

Objekt til kart



Verdivurdering

Nissebakkin er gjeve verdital 1.

Grunngjeving for verdisetting

Verdien av Nissebakkin er knytt til forfattaren Mikkjel Fønhus, hans liv og forfattarskap. Forfattarskapet hans er særs viktig både for kommune, region og nasjonalt.

Forslag til forvaltning

Området og museet blir teke vare på av eigaren. I tillegg er det danna *Mikkjel Fønhus-foreningen* som bidreg til å formidle historia, og som står for arrangement.

Mikkjel Fønhus-foreningen
Mikkjel Fønhus-foreningen vart danna i 2014. Foreininga har som føremål å fremje og bruke Mikkjel Fønhus sitt forfattarskap og anna som står i samband med dette. Vidare vil dei gjere kjent det natur- og bygdelandskap i Sør-Aurdal der han henta mykje av sin inspirasjon.

Foreininga skal arbeide for å gjere Mikkjel Fønhus og forfattarskapet hans meir kjent og allment tilgjengeleg og vere med og legge til rette for opplevingar i landskapet Fønhus levde i (Fønhus-riket). Foreininga skal også samarbeide med næringslivet, lag og foreiningar der ein finn at det tener føremålet.

Spesielle omsyn:
Det viktigaste er å ta vare på den rette historia om forfattaren, og at familien forvaltar historia med omsyn til personen Mikkjel Fønhus. Vidare er det viktig at familien har kontroll over litteraturen og er sikra rettane.

Bruk:
Området blir nytta til

- museum/utstilling
- omvising

- utstilling
- arrangement/Fønhusdagane
- kultursti frå Nissebakkin opp Kvervilljuvet

Hovudmål: Å ta vare på Nissebakkin som heimen til forfattaren Mikkjel Fønhus, og bruke staden til å formidle historia om han

Frå Tunet går ein sti opp langs Hølera og Kvervilljuvet. Denne er skilta og merkt både frå Nissebakkin og parkeringsplass. I samband med utbetring av E16 og hogst i skogen lenger oppe er det naudsynt med nye skilt / oppgradering av skiltinga.

Figur 196. *Tavle som syner stigen opp Kvervilljuvet*

Figur 197. *Skilt ved Nissebakkin til venstre. Til høgre døme på tavle ved kulturstien i Kvervilljuvet*

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på bygga	Årleg tilsyn	Vedlikehald om naudsynt	Eigar	Eigar Norsk kulturminnefond Kommune
Ta vare på areala	Årleg slått og pleie	Slått, pleie og vedlikehald	Eigar	Eigar
Ta vare på museet	Årleg tilsyn	Vedlikehald om naudsynt	Eigar	Eigar
Formidle historia	Tekst og info for ulike målgrupper	Vidareutvikle nettside, halde temadagar og arrangement, oppgradere tavler og anna informasjon	Mikkjel Fønhus-foreningen	Eigar Mikkjel Fønhus-foreningen

Oppfølgingsansvar

Eigar, Mikkjel Fønhus-foreningen

Figur 198. *Mikkjel og katta*

16 Varslingsvarden på Langeberget

Ein varslingsvarde, eller vete, er ein brannvarde som vart nytta som varsel ved angrep. Til varslingsvardane var det vanlegvis ei bu. Denne er borte dei fleste stader. Sjølve veten på Langeberget er borte, men det er sett opp stokkar på staden. I Valdres veit vi om seks stader der det var varslingsvarde, men truleg var det eit par til som måtte til for at elden skulle vere synleg heile vegen.

Brukshistorikk

I Noreg knyter historikarane den fyrste bruken av vetar til Håkon den gode si kongsmakt rundt 950 e.Kr. Vetane kan likevel ha vore i bruk allereie i eldre bronsealder. Når ein vete vart tend, var dette eit signal om angrep utanfrå, og meldinga vart send vidare til neste vete. Det tok eldvarselet sju netter å gå frå sør til nord i Noreg. Angrep kom oftast frå kystsida, og kvart kystdistrikt var inndelt i skipreider som skulle stille skip, mannskap og proviant. Vetane var i bruk gjennom mellomalderen og etter reformasjonen fram til 1814. Ut ifrå vetepunkt, stadnamn og tradisjon veit vi om om lag 770 vetar.

Til Valdres kom varselet om krig og ufred frå vete til vete over Hadeland, Toten og gjennom Land-bygdene. Siste veten i Land var Vealøysa ved garden Stuve. Herifrå gjekk varselet til Langeberget på Reinli i Valdres. Derifrå gjekk elden til Vardeberget i Aurdal og Ryeberget i Svennes kyrkjesokn til Olberg, der varselet delte seg til Kvithøvd i Øystre Slidre og Hugakøllen i Vang. Neste spor etter varslingsvarde er på Støgonøset, men det var truleg fleire varslingsvardar mot vest fordi sikta frå Hugakollen til Støgonøset er for lang til at ein kan sjå bålet. Sjå meir i Sagn og Soge 1984 s. 56.

Figur 199. *På vardestaden er det sett opp stokkar, turkasse, benk og skilt om varslingsvardane og historikken. Foto: Åse Østgård Hagen*

Turmål

Langebergvarden er eit attraktivt turmål, og historielaget, Visit Valdres og Valdres Natur- og

Kulturpark har lagt ut ei kasse med stempel og turbok til å skrive seg inn i ved varden. Visit Valdres fører statistikk for besøk, medan historielaga har teke på seg å samle inn og legge ut bøkene. Valdres Natur- og Kulturpark har også produsert skilt, turtavle og tavle om historia oppe ved veten. Vidare er det utarbeidd eit eige vardehefte der ein kan lese om vardane og stemple for dei seks vardane. Langeberg inngår som turmål i turkarusellen til Sør-Aurdal kommune med eige turbok. Ansvar for dette er Bagn idrettslag



Figur 200. *Det er sett opp turtavle ved parkeringsplassen. Tavla er utarbeidd av Valdres Natur- og Kulturpark*

Registreringar

I tillegg til vardeplassen er det registrert stølar i nærområdet.

Figur 201. *Tavla syner også stølar og kulturminne i området. Tavla er utarbeidd av Valdres Natur- og Kulturpark*

Verdivurdering

Alle varslingsvardane i Valdres er gjevne verdital 1.

Grunngjeving for verdisetting

Varslingsvarden er ein viktig historisk stad, og det er brukt ressursar på å legge til rette og formidle historia kring Langeberget. Langeberget er elles eit viktig turmål.

Utfordringar

Utfordringane knyter seg til at stien ligg i eit skogsområde, og at skogeigarar ikkje tek omsyn til turstien. Det knyter seg også utfordringar til slitasje på sti, vedlikehald og ansvar for skilt og tavler. Vidare kan det vere ei utfordring om ingen følgjer opp turkasse med stempel og turboka som folk kan skrive seg i.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på varslingsvarden som turmål, stien opp til varden og informasjonen knytt til vardevandringa. Andre omsyn som bør takast, er:

- å legge til rette for varslingsvarden som vitjingsmål.

Bruk: Turmål

Hovudmål: Ta vare på varslingsvarden og turopplevinga knytt til varslingsvarden

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på veten	Gode rutinar for vedlikehald	Restaurering og vedlikehald av vete	Historielaget Bagn ll	Kommune (SMIL)
Ta vare på stien, skilt og tavler	Vedlikehald, ansvarsfordeling	Årleg ettersyn/ rapportering	Historielaget Bagn ll	Kommune (SMIL)
God utsikt frå varden	Hogst /rydding	Organisere ryddedugnad	Kommunen/ grunneigar	Kommune
Lett tilgjenge	Oppdatere Outtt forvaltningsportal	Skifte/oppdatere om naudsynt	VNK	VNK
Fleire besøk	Gjere turen til veten attraktiv / marknadsføring	Opptrykk og oppfølging av vardeheftet med stempel	Historielaget Bagn ll	VV/VNK
Motivering	Telje publikum	Oppfølging turbok statistikk	Historielaget Bagn ll	VV/historielaget

Oppfølgingsansvar

Sør-Aurdal kommune, historielaget, Bagn IL. Visit Valdres og Valdres Natur- og Kulturpark

17 Olavskjelda

Olavskjelda på Leirskogen er ei vasskjelde. Ifølgje segna skal Olav den heilage ha stoppa her på kristningsferda si i 1023. Hærfolka han hadde med seg, var tørste, og Olav stakk sverdet i bakken. Då spruta det fram friskt vatn frå under ein stein. Rundt om i landet finst det fleire kjelder med liknande segner. Vatnet skal ha lækjande verknad. Analysar av vatnet i kjelda har synt at det inneheld tungmetall, og at det ikkje bør drikkast i større mengder. Det er derfor reist eit åtvaringsskilt på staden om at vatnet inneheld farlege mineral (frå wikipedia).

Brukshistorikk

Olavskjelder finst fleire stader i Norden og skriv seg frå katolsk tid. I Noreg er det knytt til Olav den heilage. Liknande tradisjonar finst i resten av Europa, men då ofte knytt til Heilage Maria. Dei fleste kjeldene skal ha lækjande verknad som var best midtsumars. Enkelte av kjeldene, slik som Olavskjelda på Leirskogen, er knytt til bestemte hendingar. Mest kjend er Olavskjelda i Trondheim.

Figur 202. *Olavskjelda. Foto: Kyrkjeleg fellesråd, Sør-Aurdal*.

Registreringar

Kjelda er vassrik og spring ut frå ei helling. Utspringet er kanta med ståande heller, og over desse ligg ein kampestein. Under steinen er det eit holrom. I steinen er det sett opp ei skiferplate med påmåla tekst: "GJORT HER EN R…D... DEN SOM VAR GJEST HERFØR, DA VID DEN FOD DU STÅR... OLAVS KILDE FLØD, HER RED KONG OLAV MED SIN ... HAN STAKK SITT SPYD UNDER STENEN DER. ... SPRUDLET KILDEN AV DYBET HEN, HÆREN DRAK – HAN SELV MED DEN, OG SAMME AFTEN HAN HOLDT ET SLAG, OG SEE ... PÅ BREIDABLIK, ... HVER SOM I TRO TIL VANDET HER DRIKKER BLIR STERK OG SUND VER DERPAA SIKKER."

Kring kjelda er det gras og småkratt. Nokre grantre er i ferd med å etablere seg.

Om lag fem meter sør for kjelda ligg ein del av ein gamal ferdselsveg til Bagn. Vegen er godt markert og tydeleg i terrenget. Vegen held fram over gardsvegen til Skogli og ned skråninga og ned til fylkesvegen. (Kjelde: kulturminnesøk).

Objekt til kart



Verdivurdering

Olavskjelda er gjeven verdital 2.

Grunngjeving for verdisetting

Olavskjelda har ei historie heilt ifrå kristninga av Noreg i Valdres i 1023. Tradisjonen med livgjevande olavskjelder er ein felles europeisk tradisjon heilt frå katolsk tid og set oss i ein kulturell kontekst med resten av Europa.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Kjelda er ikkje utsett for nedbygging med det fyrste, men forureining er allereie eit problem. Det er uvisst kvar forureininga av tungmetall kjem i frå. Kjelda står også i fare for å forsvinne med attgroing. Både stien inn til og sjølve området rundt kjelda bør derfor haldast ope.

Bruk:

Det er skilta opp til kjelda, og ho er eit godt eigna tom turmål. Vidare kan kjelda nyttast slik ho har vore nytta i kanskje snart 1000 år!

Hovudmål:

Det viktigaste er å ta vare på kjelda og historia knytt til henne.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Kjelda skal vere tilgjengeleg	Skilte vegen til kjelda	Oppdatere og skifte ut om naudsynt	Kommunen Kyrkjeleg fellesråd	Kommunen
Området kring kjelda skal vere ope	Rutinar for oppsyn	Rydding om naudsynt	Kommunen Kyrkjeleg fellesråd	Kommunen
Staden skal vere i stand	Rutinar for oppsyn	Måle opp tekst på tavla	Kommunen Kyrkjeleg fellesråd	Kommunen
Historia skal vere kjent	Formidle historia	Sette opp tavle/ legge inn tekst i Outtt/ ut.no, bagn.no mm	Kommunen Kyrkjeleg fellesråd	Kommunen
Staden skal nyttast aktivt som turmål	Marknadsføre ruta	Legge på web og tur kalender mm	Kommunen VNK	Kommune

Oppfølgingsansvar

Sør-Aurdal kommune

18 Kjeldeknatten

Kjeldeknatten er ein sendar for TV og DAB (radio). Stasjonen ligg på 885 moh. og er 139,9 meter høg.

Brukshistorikk

Kjeldeknatten har i mange år vore hovudsendaren for radio og TV i Valdres og høyrer til det nasjonale stamnettet. Den fyrste sendaren vart sett opp i 1969. TV-delen av sendaren distribuerte NRK1 i det analoge bakkenettet, medan TV 2 (oppstart 1992) gjekk over andre, mindre sendarar. NRK2 og 3 var lenge ikkje tilgjengelege over hovudsendaren og andre bakkesendarar i Valdres. I 2012 vart Kjeldeknatten utbygd for DAB, og i 2015 til 4G. I tillegg går ein del av breibandnettet herifrå.

I 1994 vart «TV 2»-antenna montert på mastetoppen, som då var på 123 meter. Antenna med overgang veg om lag fem tonn og er 16,9 m høg. Ny høgde frå 1994 vart 139,9 meter. I tillegg til TV 2 blir stasjonen nytta til RiksTV, DAB (alle radiokanalar), mobiltelefontenester og andre trådlause tenester/nett og sambandslinjer. Ein del av breibandsambandet i Sør-Aurdal blir dekt herifrå.

I dag er Kjeldeknatten også eit attraktivt turmål og er inne i kommunen sin turkarusell. Der følgjer stien ein traktorveg frå vegen opp mot Leirskogen i om lag 1,5 km.

Figur 203. *Kjeldeknatten er nytta som turmål. Her med barnas turdag med DNT Valdres. Foto: Anne Nordstad*

Registreringar

Tårnet er teikna av arkitekt Henrik L. Kjær, ved bygningstekniske berekningar for hus og tårn av Bonde & co. Dimensjoneringar, mast-berekningar og teikning vart utført av danske Rambøll. Stasjonen har reserveaggregat som sikkerheit ved straumutfall.

Figur 204. *Masta sett ovanfrå. Foto: Norkring*

Figur 205. *Kjeldeknatten i 2011. Frå norgeibilder.no*

Utanom den 139,9 meter høge masta er det registrert Olavskjelda, vegstubb og verdifult skogareal.



Figur 206. *Nedanfor Kjeldeknatten er det registrert lokalt verdifulle skogareal og kulturlandskap (grøn skravur). Kjelde: askeladden.ni/naturbase.no*

Objekt til kart



Figur 207. *Kjeldeknatten med stien opp frå Leirskogvegen*

Verdivurdering

Tårnet på Kjeldeknatten er gjeve verdital 2.

Grunngjeving for verdisetting

Sambandstårnet er det eldste i Valdres og såleis unikt i sambandshistoria i Valdres.

Forslag til forvaltning

Det knyter seg ingen spesielle forvaltingstiltak til minnet, som er i aktiv bruk. Som turmål bør skilt og turveg haldast ved like. Turen er ein del av turkarusellen i Sør-Aurdal og omtala slik:
«Parker ved til Olavskilda. Den første kilometeren går på traktorvei. Det står noen skilt med Kjeldeknatten på, ellers er veien merket med blå maling. Den siste km går traseen gjennom skog og myr. Den er godt merket med bånd og det er bra, for stien er helt fraværende enkelte steder. Stien kommer opp på baksiden av tårnet. Går man forbi tårnet, kommer man inn på veien til Kjeldeknatten. Etter en 5,5 km spasertur der man holder til venstre i begge kryss kommer man tilbake til bilen. Av disse 5 km er de 3 første på grusvei, mens de 2 siste km går på asfalt.»

Spesielle omsyn: Det viktigaste er å ta vare på og formidle sambandshistoria i Sør-Aurdal.

Bruk: Tårnet skal sjølvsagt nyttast slik det er meint, som telesamband. Vidare er tårnet eit godt eigna turmål.

Hovudmål: Ta vare på og vidareformidle historia om sendaren på Kjeldeknatten

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på og formidle historia om masta på Kjeldeknatten	Samle informasjon	Legge til rette informasjon for web og tavle	Kommunen Historielag Telenor Kulturarv	Kommunen Sparebankstiftelsen UNI-stiftelsen
Kjeldeknatten som attraktivt turmål	Vedlikehalds-rutinar for skilt og veg	Etter behov	Bagn Il Kommunen	Bagn Il Kommunen

Oppfølgingsansvar

Telenor

19 Brannstasjonen på Tollefsrud

Ved E16 like sør for kyrkja i Begnadalen står eit uvanleg, lite hus. Dører og vindauge er vanlege, men inntil bygningen er det eit høgt tårn. Dette er den fyrste brannstasjonen i Sør-Aurdal, og det høge tårnet vart nytta til å henge opp dei lange brannslangane til tørk.

Brukshistorikk

Begnadalen Brannvernlag

Brannberedskapen fram til midten av 1900-talet var dårleg, og behovet for brannvernutstyr var stort. Sumaren 1944 kjøpte Erik H. Thorsrud, Mikkel E. Stensrud og O. Tollefsen i Begnadalen ei motorbrannsprøyte. Ole Tollefsen starta innsamlingsaksjon og fekk inn 3 585 kroner.
I mars 1945 vart det sett ned eit styre på fem for å arbeide med brannvernsaka i foreininga "Begnadalen motorbrandsprøite". Foreininga skifta namn til "Begnadalen Brannvernlag" året etter. Sigurd Granheim og Ola Rustebakke vart saman med dei tre ein del av det nye styret. Det vart snart klart at det var naudsynt med meir utstyr enn motorbrannsprøyte, og saka vart utvida til å gjelde også anna brannvernutstyr.

Sigurd hadde mange kontaktar, og for dei innsamla midlane kjøpte han ei stor motorbrannsprøyte, type Goliat, og 500 m linslangar og anna utstyr. Han kjøpte også eit brannsegl som heldigvis aldri vart nytta. Alt vart plassert i bakeriet på Sørum, der det frå før stod noko gammalt brannvernutstyr. Bakeriet var varmt og eigna seg derfor for oppbevaring av utstyret. På Sørum budde brørne Georg og Gudbrand Sørum, som begge hadde lastebilar som kunne nyttast under brannutrykking.

Figur 208. *Brannhaken som vart brukt under kyrkjebrannen i 1957 i Begnadalen. Foto: Annette Hougsrud*

Figur 209. *Tidlegare hadde dei fleste gardar eigne store og små brannhandpumper. Til venstre firemannspumpe, til høgre einmannspumpe. Foto: Foto: Annette Hougsrud*

Figur 210. *Toppen av branntårnet. Tårnet vart ferdig i 1950. Foto: Foto: Annette Hougsrud*

Brannstasjonen

Brannvernlaget bestemte seg for å bygge brannstasjon og kjøpe brannbil i 1947. Styret arrangerte basarar, samla inn meir pengar, tagg material og organiserte dugnader. Basaren i 1948 hadde sykkel som hovudgevinst, det var servering av kaffi og øl, og levande musikk og dans.

Brannvernlaget fekk gratis tomt av Ingeborg Sætrang, som eigde Oppgar'n. Gåvebrevet på tomta er datert 13. juli 1950. Lensmennene hadde ansvar for brannforsikringa og Brannkassa og såg dette som eit viktig tiltak. Lensmann Strømsæter skriv til Brannvernlaget at han har ordna det formelle ved bygginga, og at "dette skal være mitt beskjedne bidrag til det ypperlige tiltak at jeg har besørget ordningen av vedlagte dokument. Mye er det ikke, men det kommer fra hjertet".

I tillegg til eigeninnsamla pengar og material fekk laget eit lite tilskot frå kommunen og Brannkassa slik at bygginga kunne starte. I byggekomiteen var E.H. Grimsrud, Arne Gjerdalen og H.M. Sørum. Dette var like etter krigen og knapt med varer, så for å få kjøpt alt dei skulle bruke, måtte dei søke forsyningsnemnda. Nemnda støtta alle søknadene.

Alt arbeid vart gjort på dugnad. Golvet vart støypt og veggene sett opp av blokker. Tårnet vart bygd i treverk, og det vart om lag 14 meter høgt. Øvst i tårnet var ein bjelke til å henge dei 25 meter lange slangane over. Slangane vart heist opp med tau. Når det var is i slangane, vart dei tint opp i verkstaden til Sigurd Granheim før dei kunne hengast opp.

Asbjørn Munkelien, som arbeidde i verkstaden til Sigurd Granheim, skar ut "den røde hane" som no er flytta til den nye brannstasjonen. Yttertaket er av bølgjeblekk og er framleis i god stand.


Figur 211. *Til venstre: Inni tårnet, sett nedanfrå. Til høgre: "Den røde hane" stod på mønet, men er no på den nye stasjonen. Foto: Foto: Annette Hougsrud*

Brannbil nr. 1
Sigurd Granheim var sentral i Brannvernlaget. Han fekk kjøpeløyve på lastebil, og fire karer – Sigurd Granheim, Asbjørn Munkelien, Lars Sætrang og Elmenhorst – drog til Voss for å handle. På Voss var det sal av utstyr som tyskarane og engelskmennene hadde etterlate seg etter krigen. Karene fekk tilvist ein Morris 43-modell lastebil med presenningshytte, men då dei skulle køyre, verka ikkje styringa. Asbjørn la seg under bilen og konstaterte at parallellstaget var borte. Men karene visste råd, dei la seg under nabobilen og skrudde av parallellstaget på den! Med ein del reparasjonar var bilen køyrbar. Lyset på bilen var i ustand, så heimturen måtte gjerast i dagslys. Gjennom tunellane gjekk Lars framfor og sparka i grusen og gjorde teikn til sjåfør Munkelien der vegen gjekk. Vel heime igjen vart bilen køyrd på verkstaden til Sigurd og bilen sett i stand til brannbil.

Alt utstyret som hadde stått på Sørum, vart flytta over til det nye huset då den fyrste bilen kom. Den store, nye pumpa vart sett på bilen saman med ei lita pumpe til å ta med seg ved skogbrann. Den "vesle" hadde DKV-motor og var så tung at fire mann måtte til for å bere henne. Ho vart derfor bytt ut med ei pumpe med ein lettare Volkswagen-motor. Anna brannutstyr på bilen var slangar, reiskap, langstøvlar og diverse anna utstyr. Det kan også nemnast at det alltid låg sigarettpakker i brannbilen. Det var mange som hadde stort behov for å ta seg ein røyk etter at brannar var sløkkt! Elles var matforsyning og ikkje minst drikke viktig når det var utrykking på brann. Lars budde i Oppgar'n og var nabo til brannstasjonen. Kvar veke kontrollerte han stasjonen og starta bilen med sveiv for å spare batteriet. Var det veldig kaldt, sette han ein omn under bilen. Han opplevde aldri tjuveri eller hærverk på stasjonen, sjølv om nøkkelen hang ved sida av døra.

Brannbil nr. 2
Morrisen hadde ikkje gått mange mil før han vart bytt ut med ein Mercedes Unimog i 1959. Morrisen hadde berre bakhjulstrekk, medan Unimogen hadde firehjulstrekk og hadde låggir og reduksjonsgir. Han var mykje betre eigna til å ta seg fram på dårlege vegar og ulendt terreng, og ikkje minst til skogbrannar var han godt eigna. Men Unimogen var ikkje alltid like driftssikker. Då Begna Bruk brann i 1965, måtte bilen tauast med ein traktor til brannstaden. Toppfarten var heller ikkje stor, det hende at brannmannskapa sykla fortare enn bilen køyrde.

Unimogen var den einaste i sitt slag her i landet då han vart kjøpt i 1959. Han var raud og laga som brannbil med tank og pumpe. Firmaet som selde han, Mercedes, Bertel O. Steen, lånte han attende fyrste sumaren for å vise han fram på den store Ekeberg-utstillinga i 1959.

Brannmannskap
Alt mannskap var frivillige som kasta frå seg det dei hadde når alarmen gjekk. Det vart sett på som ei borgarplikt å stille opp den gongen. Ved brann ringde telefonsentralen rundt og kalla ut mannskap etter ei liste. Lars Sætrang var ofte fyrstemann ved bilen og rykte ut med den. Mannskap elles drog rett til brannstaden. Diverre kom dei ofte for seint til å kunne redde det som brann. Men sjølv om husa som brann, ikkje kunne reddast, vart dei andre husa på staden ofte redda. Om ikkje brannmannskapa hadde pøst vatn på nabohusa, så hadde det vore atskilleg større tap. I Dokka var målinga på hovudhuset berre bobler og rann nedover, så varmt var det. Men takka vere mykje vatn vart huset redda. Grasbrannar var det mange av, og rekorden var tre utrykkingar på same dag.

Figur 5. *Sjølv brannmannskapa kan ikkje få gjort stort når flammane har fått tak. Foto: Foto: Annette Houasrud*

Skogbrann

Skogbrannar har det vore mange av. Dei aller fleste startar med lynnedslag eller kvist/tre som blæs på elektriske liner og kortsluttar trådane. Ved ein storbrannen i Øyvassfaret i 1950-åra vart militært mannskap sett inn for å sløkke brannen. Store skogbrannar kunne vare i mange dagar og vart snøgt ei for stor oppgåve for dei lokale brannmannskapa.

Sigurd Granheim dreiv busselskap, og ved skogbrann køyrde han buss og tok med folk innover åsen dit det brann. Sigurd var som oftast veldig tidleg ute, så det var ikkje så mange som rakk fellesskyssen.
På Skjellingshovde var det eit brannvakttårn med vakt fram til 1967. Tårnet står enno. Og frå tårnet kan ein sjå over store skogområde. I tårnet var det telefonkontakt som varsla ved brann. I dag skjer overvakinga med fly.

Figur 212. *Brannvakttårnet på Skjellingshovde. Foto: Foto: Annette Hougsrud*

Før var det ganske vanleg å brenne hogstflatene etter flatehogst. Då var gjerne nokon frå brannmannskapa med for å ha kontroll på brannen. Påtenningsutstyret står framleis hos Lars Sætrang.

Figur 213.. *Skogbrann på Svartfjellkollen i Garthus. Foto: Foto: Annette Hougsrud*

Nye lover om brannvern
Brannstasjonen med bil og mannskap dekte heile kommunen i tillegg til Nes i Ådal dei fyrste åra. I 1956 skjedde store endringar i brannberedskapen i Noreg, og kommunane fekk pålegg om å ha brannvernutstyr, alarmsystem og brannmannskap for utrykking. Brannstasjonen i Begnadalen var fullt ut brukbar etter dei nye forskriftene. I tillegg vart det oppretta eit lokale i Bagn der noko utstyr vart samla.

Den 4. september 1958 overtok kommunen brannstasjonen i Begnadalen for kr 19 000 (kr 5 000 for tomta og huset og kr 14 000 for bil og utstyr). På den tida var M.E. Stensrud formann i Begnadalen Brannvernlag. Laget heldt att 1000 kroner for sikkerheits skuld, resten vart fordelt på idrettslaget i Begnadalen til opprusting av idrettsbanen, til grendehusa Soltun og Strømmen skule og Begnadalen gutemusikkorps. Opphøyr av Brannvernlaget er ikkje protokollført, men rekneskapen vart avslutta i 1969, med ei behaldning på om lag 3000 kroner.

Før kommunen overtok, var det Brannkassa som betalte brannmannskapa. Brannvernlaget sende rekning med timetal og bruk av utstyr til Brannkassa. Han som passa på motorbrannsprøyta, hadde kr 6 pr time, medan anna mannskap hadde kr 4 i 1950-åra. Etter at kommunen overtok og nye lover vart innført, vart arbeidstilhøva for brannmannskapa betra. Folk som hadde vakter i helg og høgtid, fekk no ei godtgjersle, og ved utrykkingar fekk mannskapa betalt for timen. Lars, som hadde vore med frå start, heldt fram som brannmann i mange år og fekk ei utmerking frå kommunen for innsatsen sin som friviljug brannmann.

Ny brannstasjon på Begna Bruk
Ei langsiktig løysing for lokalisering og beredskap har lenge vore eit diskusjonstema. I 1970-åra meinte kommunen at det var nok med ein brannstasjon på Bagn. Begna Bruk godtok ikkje dette, med erfaringar frå to brannar på saga. Derfor bygde dei ny brannstasjon på eiga tomt og inngjekk leigeavtale med kommunen om felles bruk og nytte. Unimogen og alt brannutstyr i den gamle brannstasjonen vart flytta over til den nye brannstasjonen ved Begna Bruk. Også "den røde hane" vart skrudd ned og plassert over den nye porten. Den gamle brannstasjonen vart ståande tom frå 1976.

Registreringar
Her er registrert murbygning med tårn i tre på om lag 14 meter. Sjølve bygningen er tom.

Figur 214. Til venstre: *Branntårnet kring 2010. Foto: Anette Hougsrud. Til høgre: Branntårnet i 2018. Foto: Kenneth Østgård*

Objekt til kart

Figur 215. *Brannstasjonen ligg synleg til frå E16. Frå Valdreskart.no*

Verdivurdering

Brannstasjonen på Tollefsrud er gjeven verdital 2.

Grunngjeving for verdisetting

Brannstasjonen er den eldste i Valdres og såleis unik i historia om brannvern og beredskap i Valdres.

Forslag til forvaltning

Det knyter seg ingen spesielle forvaltningstiltak til kulturminnet.

Spesielle omsyn: Det viktigaste er å ta vare på og formidle brannvernhistoria i Sør-Aurdal.

Bruk: Sverre Aslaksrud og seinare Jan Aslaksrud har leigd brannstasjonen av kommunen og har nytta huset til lagerplass for bildekk og bildelar. Huset står slik det vart bygd i 1950, ingenting er endra, og inventaret er intakt. Bygget kan nyttast til formidling og pedagogiske føremål og omvising.

Hovudmål: Ta vare på og vidareformidle historia om brannstasjonen og brannberedskapen i Sør-Aurdal

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på og formidle historia	Samle informasjon	Legge til rette informasjon for nett og tavle	Kommunen Historielaget Valdres brann- og redningsteneste IKS	Kommunen Sparebankstiftelsen UNI-stiftelsen Valdres brann- og redningsteneste IKS
Ta vare på bygget	Plan for vedlikehald	Tiltak etter plan	Kommunen	Kommunen Valdres brann- og redningsteneste IKS
Bygget skal vere lett synleg	Hindre attgroing	Årleg vegetasjons-rydding rundt bygget	Kommunen	Kommunen Valdres brann- og redningsteneste IKS

Oppfølgingsansvar

Sør-Aurdal kommune, Valdres brann- og redningsteneste IKS

20 Stadnamn

Historielaget og Sør-Aurdal kommune starta innsamling av stadnamn i 1987. Bakgrunnen for arbeidet var at mange av dei gamle stadnamna var i ferd med å forsvinne. I arbeidet vart Økonomisk Kartverk nytta som grunnlag. Kommunen vart delt i roder der ein rodeansvarleg skulle dele ut kart og namnelister til registratorar. Stadene skulle merkast på kartet og skrivast opp i listene, helst med ei forklaring av namnet. Den rodeansvarlege skulle så samle karta inn igjen og dele dei ut til neste. Dette var eit stort og tidkrevjande arbeid og kravde stor innsats av rodeleiaren.

Brukshistorikk

Stadnamna er viktige for oss fordi dei fortel mykje om tidlegare tiders bruk. Stadene var viktige som kjennemerke. Tidlegare, då vi gjekk eller køyrde med hest, hadde kvar sving, haug eller berg eit namn. Mange av desse namna er gått ut av bruk, men med denne innsamlinga ville ein prøve å få bevart dei. Det kan ligge mykje historie i namn som til dømes Hampeåkeren, Linåkeren, Kvernbekken og Smiujordet. Dei fortel om kva dei dyrka, om kva for bekk som hadde kvern, og kvar smia stod.

Registreringar

I 2016 vart arbeidet sluttført med 156 kart med tilhøyrande namnelister. Namna er lagt inn i eit dataprogram og ligg der sortert etter kartblad eller etter gards- og bruksnummer. I alt vart det samla inn om lag 7000 namn. Les meir i Sagn og Soge 2012, s. 69.

Objekt til kart

Stadnamna i Sør-Aurdal er ikkje tilgjengelege på digitale kart.

Verdivurdering

Stadnamna er gjevne verdital 2.

Grunngjeving for verdisetting

Stadnamna har sitt opphav i korleis landskapet var nytta og opplevd. Stadnamna er såleis viktige minne som fortel om korleis folk i Sør-Aurdal har brukt og nytta landskapet opp igjennom tidene, og fortel på sitt vis ei eiga historie.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn: Det viktigaste er å ta vare på stadnamna, opphavet og bruken namna.

Bruk: Stadnamna må koordinatfestast slik at dei blir tilgjengelege på mellom anna valdreskart.no

Hovudmål: Ta vare på dei gamle stadnamna

Delmål: Gjere stadnamna tilgjengelege digitalt på den interkommunale digitale kartløysinga

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Gjere stadnamna tilgjengelege på digitale kart	Knyte personressurs til prosjektet	Koordinatfeste og publisere på valdreskart.no	Kommunen	Kommunen
Auke medvitet kring stadnamna	Marknads-føring	Publisere mediesak om stadnamna, gje informasjon på heimesida	Kommunen	Kommunen

Arbeidet med å koordinatfeste namna er grovt rekna til to månadsverk. Tiltaket bør vere avslutta seinast innan utgangen av 2020.

Oppfølgingsansvar

Sør-Aurdal kommune

DEL 5 OPPFØLGJING OG VIDARE ARBEID

Oppfølgingområde

Ut over dei kulturminna som er definert i denne planen, er det fleire tema og minne som det bør arbeidast vidare med når det er kapasitet eller planen skal evaluerast.
Tema som ikkje kom med i denne omgang var:

Bruer

Det er fleire bygningstekniske og arkitektonisk interessante bruer i kommunen.

Fleire minne knytt til vassdrag

I denne omgang er det kartlagt nokre kraftverk, sagbruk og møller. Ikkje alle er tekne med her, og dette bør følgjast opp ved neste rullering. Det er heller kartlagt systematisk der det var fleire funksjoner på same stad, eller også vadmålstampar.

Industristader

I Sør-Aurdal er det bere take med ein industristad, i Bagn. Sjølv om dette var det største, er det fleire industristader enn Sliperiet i Bang, og desse bør får meir fokus ved neste evaluering.

Fleire minne frå skogsdrift

I denne plane har vi fokusert på Vassfaret. Det er andre minne frå skogsdrift mange andre stader, som er viktig for kommunen. Her bør med skogsarbeid, skogskoie og stallane, tømmervegar for hest og skogsreiskap. Vidare bør det fokuserast på tømmerfløyting, fløytingsdammar og skådammar, og kartlege tømmerrenner.

Heimsetrer

Historielaga har arbeida med kartlegging av heimsetrer. Dette er ikkje teke med i denne runda. Dette er et viktig arbeid der det er lagt ned mykje arbeid, og bør prioriterast ved neste evaluering.

Bygningsmiljø

I denne planen er det berre trekt fram nokre få bygningsmiljø, og fleire type bygningsmiljø er ikkje teke med. Dette gjeld for stølsområde og husmannsplassar. Det er også mange, eldre tun og enkeltbygg som bør prioriterast. I Reinli er det til dømes gardstun med gamalt inventar med dekor på tak og veggar. Gardsmiljøet kring Reinli stavkyrkje bør sjåast på som ein heilskap.
På Skaro er det meste av det gamle tunet bevara. Tunet har flotte, autentiske og bevara bygg.

Ikkje kartlagde husmannsplassar

Husmannsplassar er kartlagd, men dei fleste er framleis ikkje kartlagt. Desse bør det arbeidast vidare med når arbeidet skal takast opp att.

Skulebygg, forsamlingshus og bedehus

Skulebygg, forsamlingshus og bedehus har vore viktige samlingsstader for innbyggjarane, og eksisterande og tidlegare lokalitetar bør karteggast

Handelsstader

Tidlegare var det fleire stader som var nytta som handelsplassar. Desse er ikkje kartlagt, med dette er ein viktig del av nyare tids historie ikkje bør gløymast. Mellom anna stabburet på Bymoen var første butikk og ein butikk av historisk interesse

Krak seterområde

LOVVERK

Innanfor kulturminneforvaltinga gjeld fleire ulike lovverk.

Kulturminnelova

Kulturminnelova har ein klår definisjon av kulturminne:

«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.» (Kulturminnelova av 9. juni 1978, § 2).

Kulturminnelova omhandlar dei konkrete, fysiske kulturminna som kan sjåast og takast på, og ikkje kulturminne som song, dans og tradisjon.

Automatisk freding

Alle kulturminne som er frå 1536 eller før, og bygningar frå før 1650 er automatisk freda etter kulturminnelova av 9. juni 1978 § 4. Ein har meldeplikt dersom ein skal endre bygningar frå før 1850. Før-reformatoriske minne blir også kalla fornminne. Desse har vi ikkje lov til å fjerne, flytte eller endre utan løyve frå kulturminnemyndigheitene. Med til automatisk freda kulturminne høyrer også eit område rundt den synlege eller kjende ytterkanten av kulturminnet, så langt det er naudsynt for å hindre tiltak (§ 6). Om ikkje anna er bestemt, gjeld ei sikringssone på 5 m.

Vedtaksfreding

Av og til er det naudsynt å frede kulturminne som ikkje er automatisk freda, det vil seie frå nyare tid. Det kan vere bygningar eller andre kulturminne som har spesiell verdi. Desse blir freda med enkeltvedtak, jf. § 15 i kulturminnelova.

Innleveringsplikt

Dersom du gjer eit laust funn som er frå før 1537, er det innleveringsplikt. Det er fordi det dessverre syner seg at slike minne forsvinn frå oppbevaringsstaden etter ei tid. Og med gjenstanden forsvinn eit stykke av vår felles historie. Difor blir alle slike gjenstandar oppbevart i museum eller oldsaksamlingar. Der blir funna arkivert etter gardsnamn, og alle funn får eit arkivnummer. Arkivet er tilgjengeleg på Internett http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/oslo/hovedkat.html.

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova regulerer kva inngrep som kan gjerast i samanheng med utbygging, og korleis plantiltak skal utførast. Lova er basert på spegelvendingsprinsippet. Det betyr at inngrep som ikkje står omtala i lova, ikkje er tillatne. Hovudmålsetjinga er å gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar eller om utbygging.

Lova skal vere grunnlag for den totale planlegginga og omhandlar tre plantypar:

1. **Fylkesplan**

Fylkesplanen skal utarbeidast i kvart fylke og gje oversikt over natur- og kulturressursane. Fylkesplanen er retningsgjevande, men ikkje rettsleg bindande.

2. **Kommuneplan**

I gjeldande plan- og bygningslov vil det seie at kulturminnet eller miljøet blir regulert til omsynssone C (erstattar regulering til spesialområde bevaring i tidlegare plan- og bygningslov). Vern gjennom reguleringsplanen er kommunens fremste moglegheit til å beskytte verneverdige kulturminne og miljø. Kva for omsyn som skal takast, skal definerast i kvart høve.

3. **Reguleringsplan**

Kommuneplanen er ein oversiktsplan over planlagde tiltak i kommunen. Arealdelen av kommuneplanen er rettsleg bindande og viktig i forvaltningssamanheng. Bandlegging gjennom kommuneplanen har rettsleg verknad i fire år.

Reguleringsplan skal utarbeidast der det er påkravd i arealdelen. Område kan også regulerast til omsynssone i reguleringsplanar. Det inneber ei mildare form for vern enn alternativa i kulturminnelova, men i reguleringsplanar kan det vere krav om utgravingar. Avgjerslene til planutvalet har på den måten stor innverknad på kulturminneforvaltninga i kommunen (plan- og bygningslova 1985).

Skogbrukslova

Eit siktemål i skogbrukslova er at det blir teke vare på miljøverdiar, slik som kulturminna. På dette viset kan også kulturminne frå nyare tid få større merksemd.

Listeføring

Listeført kyrkje

Kyrkjer som er bygd før 1537 og erklært ståande kyrkjer frå 1537–1650, er automatisk freda. I tillegg er eit fåtal kyrkjer vedtaksfreda. Alle dei rundt 300 kyrkjene som er oppført mellom 1650 og 1850, blir betrakta som verneverdige og er derfor listeført. Listeført er også ei rekke verneverdige kyrkjer som er bygd etter 1850. Det er utarbeidd eit eige rundskriv (T-3/2000) som fastset forvaltnings- og sakshandsamingsrutinar for tilhøvet mellom kyrkjeleg myndigheit og Riksantikvaren når det gjeld dei listeførte kyrkjene. Riksantikvaren skal uttale seg før det blir fatta vedtak som inneber inngrep i / endringar av listeførte kyrkjer.

Statleg listeført

I denne kategorien er det bygningar og anlegg som er gjevne verneklasse 2 i det landsomfattande prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar. Desse kulturminna er vurdert til ikkje å ha nasjonal verdi, og ved sal blir det anbefalt at dei blir regulert til omsynssone.

Lokalt listeført

Denne nemninga blir brukt om bygningar, miljø og andre kulturminne som lokal vernemyndigheit (byantikvarane/kommunane) vurderer som verneverdige, sjølv om det ikkje er fatta eit formelt vernevedtak.

Omgrep

I kulturminneforvaltninga blir det nytta ulike omgrep:

Freda kulturminne. Freding er den strengaste forma for vern. Freding inneber at inngrep/endringar på kulturminnet som går utover vanleg vedlikehald, må godkjennast av myndigheitene. Dette kan vere både automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne.

Automatisk freda kulturminne. Alle kulturminne som er frå 1536 eller før, og bygningar frå før 1650 er automatisk freda etter kulturminnelova av 9. juni 1978 § 4. Desse blir også kalla *fornminne,* men blir her berre omtala som automatisk freda kulturminne. Desse har vi ikkje lov til å fjerne, flytte eller endre utan løyve frå kulturminnemyndigheitene. Med til automatisk freda kulturminne høyrer også eit område rundt den synlege eller kjende ytterkanten av kulturminnet så langt det er naudsynt for å hindre tiltak (§ 6). Om ikkje anna er bestemt, gjeld ei sikringssone på 5 meter.

Vedtaksfreda kulturminne. Eit vedtaksfreda kulturminne er freda gjennom særskilt vedtak for kvart enkelt kulturminne.

Verna kulturminne. Eit verna kulturminne kan vere verna med heimel i lov eller gjennom andre verkemiddel (kjelde: www.riksantikvaren.no).

Verneverdig/bevaringsverdig kulturminne. Verneverdig og bevaringsverdig tyder det same. Eit verneverdig eller bevaringsverdig kulturminne er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig.

Dei mest verneverdige kulturminna er av nasjonal verdi. Det er først og fremst desse som er freda etter kulturminnelova. Kulturminne kan også ha regional eller lokal verdi. Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av plan- og bygningslova (kjelde: www.riksantikvaren.no).

***Omsynssone bevaring*.** Dette er ei moglegheit i plan- og bygningslova til å verne objekt og område som har lokal og regional kulturminneverdi. Overordna avgjersler om bevaring i kommunane si arealplanlegging kan vedtakast med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd boktav c) og § 11-9 nummer 7. Føresegner om omsynssone bevaring i reguleringsplanar kan vedtakast med heimel i plan- og bygningslova § 12-5 andre ledd nummer 5 og § 12-7 nummer 6. Ei omsynssone kan også regulere interiør og materialbruk.

Arkeologisk kulturminne. Arkeologiske kulturminne er spor etter menneske som har levd i tidlegare tider. Kunnskapen frå desse kjeldene kan gjere oss betre i stand til å forstå oss sjølve, vår samtid og andre menneske og kulturar.

Nyare tids kulturminne. «Kulturminne frå nyare tid» inkluderer i utgangspunktet alt som ikkje er automatisk freda i medhald av *lov om kulturminner* fram til i dag. I Valdres er dette i praksis ståande bygningar, leivningar og stader knytt til tru/tradisjon som er yngre enn reformasjonen (yngre enn 1537). Dei fleste minna som er registrert i samband med stølsregistreringane, er frå nyare tid.

Kulturmiljø. Dette er område der kulturminna inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.

Kulturlandskapselement frå nyare tid. Dette er leivningar som ikkje er automatisk freda, i hovudsak leivningar knytt til jordbruk og seterdrift, slik som rydningsrøyser, steingjerde, fossile åkrar, hustufter, vegfar osb.

Leivningar. Med *leivning* meiner vi fysiske spor som rest av noko som har eksistert. Eit ståande hus er ein bygning, men tufta etter bygningen er ein leivning.

TILSKOTSSORDNINGAR

Nedanfor er det sett opp nokre døme på kva det kan søkjast tilskot til, og kvar ein kan søkje. Mange av ordningane kan ha årvisse endringar. Merk at ordningane kan endrast, og at vi her berre har presentert nokre av dei viktigaste i 2017. Fleire av Valdres-kommunane abonnerer på http://www.tilskuddsportalen.no der du kan søkje deg fram til aktuelle ordningar.

Statlege tilskotordningar

Nedanfor er det vist til dei viktigaste støtteordningane på statleg nivå. For meir info sjå regjeringas Rundskriv Nr: T-1/16 (for 2017).

Norsk kulturminnefond

Kulturminnefondet er ei statleg tilskotsordning for private eigarar av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Tilskota er delt inn i:

- istandsetjing, med søknadsfrist 1. november
- strakstiltak (tiltak mellom kr 10 000 og 50 000); støtta går til å hindre vidare forfall før seinare istandsetjing.

Riksantikvaren

Eigarar eller forvaltarar av kulturminne kan søkje om tilskot til tiltak som for eksempel istandsetjing, sikring og skjøtsel. Her finn du informasjon om kva du kan søkje om tilskot til, målgrupper og korleis du kan gå fram for å søkje.
Det kan gjevast tilskot til tiltak innanfor:

- arkeologiske kulturminne
- brannsikring av tette trehusmiljø
- bygningar, ruinar og anlegg frå mellomalderen (før 1537)
- bygningar og anlegg etter 1537
- fartøy
- fartøyvernsentera
- konservering av fast inventar
- konservering av kyrkjekunst
- kulturmiljø og kulturlandskap
- samiske kulturminne og kulturmiljø
- tekniske og industrielle kulturminne
- verdiskaping
- verdsarv

Klima- og miljødirektoratet

Det har vore mogleg å søkje tilskot til truga naturtypar og utvalde naturtypar. Dette gjeld både undersøkingar, utarbeiding av skjøtselsplanar og tiltak i naturtypar. Slåttemark (natureng) og slåttemyr fell innanfor denne ordninga.

Regionale tilskotsordningar

Både fylkeskommunen og Fylkesmannen har tilskot som kan nyttast til kulturminne. Ordningane hos Fylkesmannen gjeld spesielt kulturlandskap og biologisk mangfald, medan fylkeskommunen gjev støtte til freda bygg.

Oppland fylkeskommune
Kulturarv-avdelinga i Oppland fylkeskommune gjev tilskot til freda bygningar i privat eige. Tilskota er delt inn i:

- forundersøkingar eller arkitektfagleg bistand (ingen søknadsfrist)
- istandsetjing (søknadsfrist 1. november)
- strakstiltak/sikring (ingen søknadsfrist)

Fylkesmannen
Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen administrerer tilskot gjennom RMP (Regional miljøprogram). I Oppland inkluderer det tilskot til seterdrift, beiting og slått på areal med miljøverdi.

Kommunale tilskotsordningar
Alle kommunar har ei eller fleire tilskotsordningar som inkluderer kulturminne.

SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket)
Kommunane har gjennom si eiga SMIL-ordning moglegheit til å gje støtte til verneverdige bygningar. Føremålet med SMIL-midlane er å ivareta natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapa til jordbruket, og å redusere forureininga frå jordbruket utover det som blir forventa gjennom vanleg jordbruksdrift.

Frå Landbruksdirektoratet: «Tilskudd kan gis til foretak der det foregår en tilskuddsberettiget produksjon på landbrukseiendommen, og som oppfyller vilkårene i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.»

Private tilskotsordningar
Det finst ei rekke private tilskotsordningar og legat. Nokre er lista opp her. På neste side finn du link til fleire. Meir finn du også på http://www.tilskuddsportalen.no

Sparebankstiftelsen DnB
Stiftinga gjev støtte innanfor det geografiske virkeområdet sitt. I 2017 gjev ho tilskot til tiltak som aukar forståinga for å ta vare på kulturminne, aukar interessa for historie og bidreg til å ta vare på handverkstradisjonar. Prioriteringane endrar seg over periodar.

UNI-stiftinga
Stiftinga UNI er ei allmennyttig stifting som skal støtte tiltak som vernar menneske og fortidsminne. Stiftinga sine vedtekter seier det slik: «Stiftelsen UNI er en stiftelse med ideelt formål å fremme allmennyttig virksomhet innen skade- og miljøvern, for dermed å bidra til en trygg utvikling i det norske samfunnet. Stiftelsens bidrag skal i første rekke være økonomisk støtte til prosjekter og påskjønnelse til institusjoner og enkeltpersoner.» Søknadane blir behandla på styremøte seks gonger i året.

Norsk kulturarv
Norsk kulturarv administrerer ordningane «Ta eit tak» og «Rydd eit kulturminne». «Ta eit tak»-ordninga er finansiert av UNI-stiftinga.

Legat og andre private tilskot
Sjå http://kulturminnefondet.no/wp-content/uploads/2016/06/4.4-Private-stiftelser-og-fond-ny.pdf

DEL 6 VEDLEGG REGISTRERTE KULTURMINNE

KJELDER

- Akervold, Ola K og Magne (2018). *Vassfaret – Natur, dyr, folk og historie.* Thon Hotels
- Aune, Egil Ingvar (1978). *Rapport. Botanisk serie 1978-8. Vegetasjon i Vassfaret, Buskerud og Oppland 1:10000.* Det KGL. Norske videnskabers Selskap , museet
- Bagn Bygdesamling: Protokollen til Begnadalen Brannvernlag
- Borgersrud, Grete (2011). *Dampskipet Begna og Kaptein Johan Petter Christensen.* Heftet Ringerike 2011.
- Bråten, Eldor (2007). Vassfarbrøtningen : *Om tømmerfløting (brøtning)i Hedalen, Hedalsvassfaret og Øvre Årdal*
- Bråten, Trond (2009). *Tømmertransport, Tømmer frå skogområda i Muggedalsliane og Reinsjødalen.* Bagn Bygdesamling
- Damslora, Jørn (2013). Ein rundtur i Bagn, Turhefte.
- Dietrichson, Ragnhild (1995). *Gamal byggeskikk i Sør-Aurdal.* Sør-Aurdal kommune og Valdres folkemuseum
- Elsrud, Edvart (1980). *Berte Skrukkefyllhaugen. Boka om Vassfaret og de som bodde der*. Grøndal og Dreyer forlag
- Gjermundsen, Jon Ola (1987): *Gard og bygd i Sør-Aurdal, bind A Reinli og vestre Bagn.* Sør-Aurdal kommune/Valdres bygdeboks forlag.
- Gjermundsen, Jon Ola (1990). *Gard og bygd I Sør-Aurdal. Bind C. Garthus, Tollevsrud og Strømmen.* Valdres bygdeboks forlag
- Hofton T. H. (2014). *Naturverdier for lokalitet Indre Vassfaret, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2013*. NaRIN faktaark. BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning
- Hvattum, Harald (1993). *På gamle vegar i Valdres: Vegbygging, vedlikehald og vegstyring i Valdres fram til slutten av 1800-talet*. *Vegkulturminne i dag*. Fagernes: Valdres Forlag
- Ilkjær, Jørgen (2000). *Den første Norgeshistorien – Illerupfunnet: Ny innsikt i skandinavisk romertid*. Kulturhistorisk Forlag
- Jahnsen, Jahn Børe (2008) : *Mellomalderkyrkjer i Valdres*
- Thorstensen, Cathrine (2010). *Milesteiner i Norge. Vejhistorie, nr. 17, forår 2010*
- Warner, Jan (2008). Bygdeutvalet , Vassfaret og brøtningen

Muntlige kilder

- Lars Sætrang med fleire. (Branstasjonen)

Brukte nettstader:

- hedalen.no
- Valdresmusea.no
- Wikipedia.no
- Valdreskart.no
- Naturbase.no
- Norgeibilder.no
- Ivaldres.no



VALDRES

skjerper sansane